

Silje Søgnesand

Master i kulturstudiar, vår 2017

## Lokale samarbeid mellom kulturskolen og UKM

- ei kvalitativ intervjustudie



Høgskolen i Sørøst-Noreg  
Fakultet for humaniora, idretts- og utdanningsvitskap  
Institutt for kultur, religion og samfunnsfag  
Postboks 235  
3603 Kongsberg

<http://www.usn.no>

Framsidede grafikk henta frå UKM.no. UKM har godkjent bruken.

© Silje Søgnesand, vår 2017

# Forord

Takk til alle som har vore med på vegen mot ei ferdig masteroppgåve. Små og store bidrag har vore til stor hjelp, og eg sett uendeleg pris på kvar og ein.

Silje Søgnesand, 11. August 2017

Someone just told me that there's no tomorrow  
And if that is true I don't know what to do  
Guess then these troubles are out of my hands  
Guess then I'm free to use them to clap and dance

Remember when we didn't know what to be  
I can admit that was somewhat bittersweet  
Guess then these troubles all out of my hands  
Guess then I'm free to use them to clap and dance

It all turned out as great as I could, knock on wood  
Things are going just as they should, knock on wood  
All turned out as great as it could, knock on wood

Things are going just as they should,


knock on wood

# Samandrag

I denne masteroppgåva får du lese om lokale samarbeid mellom Ung Kultur Møtes (UKM) og den kommunale kulturskulen. Det er gjennomført ei undersøking for å kunne beskrive korleis slike samarbeid fungerer, og korleis det kan påverke element knytt rundt UKM og kulturskulen.

Det er gjennomført kvalitative djupneintervju med seks respondentar som arbeidar med å legge til rette for kultur- og kunstutøving for barn og unge. Alle respondentane er involvert i ein eller anna form for samarbeid mellom UKM og kulturskulen.

Ut frå teori og datamateriale frå undersøkinga, har eg utvikla ein illustrasjon som skal vise ringverknadar av dette samarbeidet;





# Innhald

<i>Forord</i> .....	<i>c</i>
<i>Samandrag</i> .....	<i>d</i>
<i>Oversikt over figurar og tabellar</i> .....	<i>1</i>
<b>1. Innleiing</b> .....	<b>3</b>
1.1 <i>Bakgrunn</i> .....	<i>5</i>
1.2 <i>Problemstilling og avgrensing av tema</i> .....	<i>6</i>
1.2.1 <i>Er problemstillinga relevant?</i> .....	<i>7</i>
1.3 <i>Disponering av oppgåva</i> .....	<i>9</i>
1.4 <i>Omgrepsavklaring</i> .....	<i>10</i>
1.4.1 <i>Kultur</i> .....	<i>11</i>
1.4.2 <i>Ungdom</i> .....	<i>13</i>
<b>2. Teoretisk rammeverk</b> .....	<b>15</b>
2.1 <i>Kulturorganisasjonar - læring og kunstutøving</i> .....	<i>16</i>
2.1.1 <i>UKM - Ung Kultur Møtes</i> .....	<i>18</i>
2.1.2 <i>Kulturskulen</i> .....	<i>20</i>
2.2 <i>Kulturformidlaren - arbeid med ungdom og kultur</i> .....	<i>21</i>
2.3 <i>Kulturutøvaren - ungdom og utøving av kultur</i> .....	<i>25</i>
<b>3. Metode</b> .....	<b>31</b>
3.1 <i>Å komme fram til eit kvalitativt design</i> .....	<i>31</i>
3.2 <i>Rammer for datainnsamling</i> .....	<i>32</i>
3.2.1 <i>Djupneintervju eller fri samtale?</i> .....	<i>32</i>
3.2.2 <i>Anonymitet og informasjon</i> .....	<i>35</i>
3.3 <i>Etiske diskusjonar</i> .....	<i>37</i>
<b>4. Analyse</b> .....	<b>39</b>
4.1 <i>Tabellforklaring og framsyning av datamateriale</i> .....	<i>40</i>
4.2 <i>Eit overblikk</i> .....	<i>41</i>
4.2.1 <i>Ungdom</i> .....	<i>43</i>
4.2.2 <i>Samarbeid</i> .....	<i>51</i>

4.2.3 Eige arbeid .....	57
4.2.4 Lokalsamfunn / miljø .....	61
4.3 Det nære.....	66
4.3.1 Respondent 1 .....	66
4.3.2 Respondent 2 .....	69
4.3.3 Respondent 3 .....	71
4.3.4 Respondent 4 .....	73
4.3.5 Respondent 5 .....	76
4.3.6 Respondent 6 .....	79
<b>5. Drøfting av empiri og teori.....</b>	<b>83</b>
5.1 Kva fortel undersøkinga? .....	85
5.1.1 Roller.....	87
5.1.2 Rom.....	89
5.1.3 Læring .....	93
5.1.4 Nærleik.....	96
5.2 Ringverknadar - ein illustrasjon.....	98
5.3 Drøfting om kvalitet .....	101
<b>6. Oppsummering .....</b>	<b>107</b>
6.1 Forsking – vegen vidare.....	108
6.2 Vidare utvikling av lokale samarbeid .....	108
<b>Kjeldeliste .....</b>	<b>111</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>115</b>

# Oversikt over figurar og tabellar

## Figurliste

Figur 1.1 Det dobbelte kulturomgrep .....	12
Figur 2.1 Den refleksive forsker (Sørensen, Høystad, Bjurström, & Vike, 2008, s. 137).....	15
Figur 3.1 Utklipp frå intervjuguide (heile intervjuguiden kan lesast i vedlegg 7) .....	33
Figur 3.2 E-post til UKM-fylkeskontaktar .....	34
Figur 3.3 Metode: utdrag frå informasjon til respondentar, sjå vedlegg 9 for heile teksten..	38
Figur 4.1 Analyse: Døme på prosess.....	39
Figur 4.2 Analyse: døme på tabell .....	40
Figur 4.3 Analyse: tematikk og kategorisering .....	41
Figur 4.4 Analyse: døme på tabell .....	42
Figur 4.5 Ungdom: ordsky .....	43
Figur 4.6 Samarbeid: ordsky .....	51
Figur 4.7 Eige arbeid: ordsky .....	57
Figur 4.8 Lokalsamfunn / miljø: ordsky .....	61
Figur 4.9 Analyse: det nære .....	66
Figur 4.10 Det nære: nøkkelord respondent 1 .....	68
Figur 4.11 Det nære: nøkkelord respondent 2 .....	71
Figur 4.12 Det nære: nøkkelord respondent 3 .....	73
Figur 4.13 Det nære: nøkkelord respondent 4 .....	75
Figur 4.14 Det nære: nøkkelord respondent 5 .....	79
Figur 4.15 Det nære: nøkkelord respondent 6 .....	81
Figur 5.1 Drøfting: Ringverknader: ein illustrasjon.....	99
Figur 5.2 Drøfting: Den didaktiske relasjonsmodellen etter Bjørndal og Lieberg (Hanken & Johansen, 2007: s. 148). .....	100



## Tabelliste

Tabell 4.1 Ungdom: deltaking .....	44
Tabell 4.2 Ungdom: medverknad 1 .....	45
Tabell 4.3 Ungdom: medverknad 2 .....	46
Tabell 4.4 Ungdom: fritid 1 .....	47
Tabell 4.5 Ungdom: fritid 2 .....	48
Tabell 4.6 Ungdom: kjennskap til lokal ungdom .....	48
Tabell 4.7 Ungdom: utrykk .....	49
Tabell 4.8 Ungdom: konkurranse / arena.....	50
Tabell 4.9 Samarbeid 1 .....	51
Tabell 4.10 Samarbeid 2 .....	52
Tabell 4.11 Samarbeid 3 .....	53
Tabell 4.12 Samarbeid 4 .....	53
Tabell 4.13 Samarbeid: UKM .....	54
Tabell 4.14 Samarbeid: kulturskulen og kulturskulelærarar 1 .....	54
Tabell 4.15 Samarbeid: kulturskulen og kulturskulelærarar 2 .....	55
Tabell 4.16 Samarbeid: kulturskulen og kulturskulelærarar 3 .....	55
Tabell 4.17 Samarbeid: utrykk.....	56
Tabell 4.18 Eige arbeid 1 .....	58
Tabell 4.19 Eige arbeid 2 .....	58
Tabell 4.20 Eige arbeid: relasjon til ungdom .....	59
Tabell 4.21 Eige arbeid: verdiar og meiningar.....	60
Tabell 4.22 Lokalsamfunn / miljø 1 .....	61
Tabell 4.23 Lokalsamfunn / miljø 2 .....	62
Tabell 4.24 Lokalsamfunn / miljø: publikum .....	63
Tabell 4.25 Lokalsamfunn / miljø: samarbeid 1 .....	64
Tabell 4.26 Lokalsamfunn / miljø: samarbeid 2 .....	64
Tabell 4.27 Lokalsamfunn / miljø: samarbeid 3 .....	65

# 1. Innleiing

”sam|arbeid (...) felles arbeid, arbeid saman, samvirke, samyrke”  
(Lexin.udir.no, 2017)

I Norge fins det lokale arenaer og organisasjonar som arbeider med å vise fram barn og unge si utøving av kunst og kultur. Kor, korps, kulturskular, fritidsklubbar med fleire bidreg til at unge kan lære, utvikle og utøve sine interesser. Denne oppgåva skal handle om to organisasjonar som er med på dette; den kommunale kulturskulen og Ung Kultur Møtes (vidare kalla UKM).

Den kommunale kulturskulen tilbyr undervising, hovudsakleg til barn og unge, i estetiske fag som til dømes musikk, dans, teater og visuell kunst. Tilbodet deira er tilgjengeleg i kommunar over heile Norge, og eit av måla deira er å tilby ei fordjuping utover det obligatoriske skuleverket (Norsk Kulturskoleråd, 2016). UKM har mange små festivalar, eller lokalmønstringar, der ungdom kan melde seg på med ulike kunstuttrykk. Målet er å *”ha det gøy, lære, møte andre som liker det samme som deg”* (UKM.no, 2017).

Både UKM og kulturskulen pratar om kvarandre i nasjonale planar, på nettsider og i målsettingar. Kulturskulen skriv i deira rammeplanverk at kulturskular kan samarbeide med UKM for å gjennomføre UKM-lokalmønstring. Dei uttrykker at UKM tek vare på dei ungdommane som ikkje er ein del av institusjonaliserte kunst- og kulturarenaer, og at ved å bidra i slike samarbeid er kulturskulen med på å ta vare den lokale kulturelle grunnmuren (Norsk Kulturskoleråd, 2016).

«Det viktigste UKM-arbeidet skjer lokalt i kommunene og bydeler. Det er her 25.000 ungdommer får sin UKM-opplevelse hvert år, derfor er det viktig at kvaliteten på arrangementet er god, og at det lokale samarbeidet mellom UKM, kulturskole og andre ressursmiljøer fungerer best mulig.»  
(UKM.no, 2017)

Som sitatet viser, er UKM også opptatt av samarbeid. Dei opplev størst engasjement og deltaking der mange vaksne og unge er med i planlegginga og gjennomføringa av lokalmønstringar, og der UKM er ein del av den lokale kulturpolitikken (UKM.no, 2017).

I ein rapport for Agderforskning, gjennomført av Elisabet Sørfjorddal Hauge og Emma Lind (2016), anbefalast det å ha eit tettare samarbeid lokalt og regionalt for gjennomføring av UKM-mønstringar. For å fange unge si interesse for å delta på UKM, foreslår dei at samarbeidet bør inkludere nøkkelinstitusjonar i barn og unge sitt kvardagsliv. Dette er basert på ei kartleggingsundersøking av barn og unge i Kristiansand, der dei ser på opplevinga og deltakinga ungdom har av UKM. Sosiale medier, skular, ungdomsklubbar, kulturskule blir nemnt som viktige samarbeidsarenaer for å få deltaking til UKM.

Dei tilsette som utfører arbeidet rundt kulturskulen og UKM, og legg til rette for ungdom si kunst- og kulturutøving, kjem ofte innunder kommunalt kulturarbeid. Dette arbeidet er prega av ei samanstilling mellom kulturelle, pedagogiske, sosiale og integrerande oppgåver. Dei kulturpolitiske ideala blir ofte reindyrka på nasjonalt nivå, medan på kommunalt nivå finst det knapt kulturarbeid i "rein" form. Derfor blir det ofte eit samvirke mellom forskjellige verktøy og verkemiddel frå ulike fagfelt i lokalt kulturarbeid (Haugsevje, Hylland, & Stavrum, 2016).

"Det er helt nødvendig å gjøre studier også på mikronivå – av hvordan kulturarbeid faktisk foregår i hverdagen lokalt, hvilke valg og prioriteringer som gjøres i det daglige, basert på situasjonsbestemte dilemma og utfordringer – i et «nedenfraperspektiv»" (Haugsevje, Hylland, & Stavrum, 2016)

Denne oppgåva vil ha eit slikt "nedanifråperspektiv" som Haugsevje et al. nemner i sitatet. Med eit slikt perspektiv skal eg sjå på arbeid som vert gjort lokalt, og som er grunnstammen. Til dømes lurar eg på korleis ressursar vert brukt, og kva fokus har ein på lokalt nivå. Eg ønskjer å sjå på lokale samarbeid mellom UKM og kulturskulen, og korleis dette fungerer. Korleis type samarbeid er det, og korleis er det å arbeide i eit slikt samarbeid? Det er derfor ei oppgåve som tek for seg mikronivået på samarbeid mellom to kulturorganisasjonar for unge.

## 1.1 Bakgrunn

Min bakgrunn er som utdanna faglærer i musikk med arbeidserfaring blant anna frå kulturskulen. Dette har vore med på å utvikle nysgjerrigheit rundt temaet i denne oppgåva. Både fordi eg allereie har erfaringar med både kulturskulen og UKM som utøvande musikar og musikkpedagog, men også fordi eg har opplevd begge aktørane då eg sjølv var ungdom.

Det er erfaringa med arbeid som musikkpedagog som har vore med å legge grunnsteinen for temaet i denne oppgåva. Det er opplevinga av forskjellige haldningar til UKM frå kollegaer i kulturskulen, og like fullt synet på kulturskulen blant unge og kjende. På personalmøter i kulturskular eg har jobbar ved, har påmeldinga til UKM-lokalmønstring dukka opp som eit tema kvart år. Og i fleire tilfelle har det enda opp i diskusjonar som har vore interessante å lytte til. Kollegaer har ytra sine erfaringa om UKM, både gode og dårlege, og nokre av elementa som eg har lagt merke til er;

- Forskjellar på "våre" ungdomar og UKM-ungdommane har vorte diskutert
- Uro over talentfulle elevar som ikkje kjem vidare i mønstringa, og ei kjensle av at elevar i kulturskulen ikkje passa inn i UKM
- Ytringar om at nokre sjangrar og kunstformar rett og slett ikkje passa inn i UKM og rammene deira, som til dømes klassisk musikk

Så kva opplever eg at desse elementa består av? Verdier og syn på ungdom? Forskjellar på arbeid med ungdom og kunstutøving? Eller i kva grad vaksne er involvert i ungdom og deira utøving av kultur? Nokre av desse drøftingane inneheld tema som eg tidlegare ikkje hadde hatt i tankane som pedagog innan estetiske fag, og ut frå det kom eit ønskje om å lære meir. Spesielt ville eg finne ut korleis spenningsforholdet mellom UKM og kulturskulen fungera. Korleis verkar det når kulturskulen og UKM jobbar saman?

Det har også vore spennande å følge faget "Barndom og modernitet" ved HSN samstundes som eg har jobba med denne oppgåva, då mange av tema innan barndomshistorie har vore relevante for problemstillinga. Det har også vore med på å få løfta mitt eige blikk, og har i noko grad påverka kva type spørsmål eg har nytta i intervjuguiden. I arbeidet med ungdom og kunst

kan det vere relevant kva før-dommar<sup>1</sup> vaksne har med seg og dette er eit element som, slik eg ser det, også kan påverke eit samarbeid mellom UKM og Kulturskulen.

## 1.2 Problemstilling og avgrensing av tema

Nokre av forskingsspørsmåla som dukka opp i prosessen ved å avgrense tema var;

- Kva er bakgrunnen for samarbeidet mellom UKM og kulturskulen?
- Kva er motivasjonen til kulturskulen/UKM for samarbeid?
- Fins det kunstpedagogiske forskjellar som gjer samarbeidet utfordrande?
- Er det forskjellar i verdi og syn på ungdom og kunst?

Forskingsspørsmål har vore med på å definere interessante underpunkt. Forskingsspørsmåla kan nyttast til å sjå på den enkelte kulturaktør sitt utgangspunkt, og ein vil kanskje kunne finne interessante data ut frå det. I utgangspunktet kunne det vore nok å lage ei problemstilling som omfamna berre ein av aktørane, altså anten UKM eller Kulturskulen. Min påstand er at det er meir interessant å sjå på samarbeidet fordi:

1. Det er eit samarbeid mellom to aktørar som kan ha forskjellige type tilbod og ambisjonar for kulturinteresserte ungdom.
2. Det er to aktørar som i stor grad er tilstade for ungdom over heile Norge. Kulturskulen er lovfesta i alle kommunar (Opplæringslova, 1998), og UKM hadde per 2015 heile 360 lokale mønstringar/arrangement rundt om i Norge (UKM.no, 2017).

Punkt to er det som fører til at problemstillinga er snevra inn til å sjå på lokale samarbeid. I denne oppgåva definerer eg lokale samarbeid som samarbeid i same kommune eller på tvers av nabokommunar. Det finst samarbeid på meir regionale nivå (det som vert kalla for

---

<sup>1</sup> "Før-dommar" er forventingar som menneske har om korleis verda ser ut, og som me har med oss gjennom livet. (Jacobsen, 2015)

fylkesmønstringar), men det er i lokalsamfunna UKM rekruttera deltakarar til sine arrangement og kulturskulen har sine tilbod.

Problemstillinga for denne oppgåva er:

”Kva ringverknadar gjev lokale samarbeid mellom UKM og kulturskulen?”

Med andre ord; å undersøkje på kva måte det lokale samarbeid mellom UKM og kulturskulen fungerer.

Det er ikkje nok å ha ei meining om at eiga problemstilling er god. Det bør gjerast nokre refleksjonar før ein går inn i ei undersøking og forskingsprosess. Når ein skal beskrive ei fornuftig problemstilling, er det med krav om at den er spanande, enkel og fruktbar. Desse tre krava er ei slags rettesnor for å sjå på om problemstillinga er god nok til å kunne gå vidare med ei empirisk undersøking (Jacobsen, 2015): s. 77)

### 1.2.1 Er problemstillinga relevant?

I kapittel 1 blir bakgrunnen og grunnlaget for val av tema forklart, men er det ei spanande problemstilling og eit spanande tema? Er det relevant for fagfeltet kulturstudiar, og vil det føre til ny informasjon? Til slutt, er problemstillinga enkel og konkret nok?

Jacobsen (2015) skriv at det beste er om forskaren sjølv synes problemstillinga og tema er spanande. Det kan vere vanskeleg å ha ei formeining om kor mange andre menneske som skal meine at problemstillinga er spanande, så difor må ein kjenne på kva ein sjølv synest. Det er heilt klart at eg opplever at dette temaet, og denne problemstillinga, er spanande. Tematikken kan vere prega av at eg som forskar er utdanna musikkpedagog, og at det på den måten kan komme med ”før-dommar” som pregar avgrensinga og den ferdig formulerte problemstillinga. Desse ”før-dommane” som føl med meg som menneske er med på å påverke

avgrensinga som er gjort, både eksplisitt og implisitt. Derfor er det viktig å ha "før-dommane" sine litt i sjakk, så langt det let seg gjere, så ein kan lage ei problemstilling som tydeleg viser kva som skal studerast.

Det er noko av dette som er med på å gjere kulturstudiar som fagfelt interessant. Det er i høg grad tverrfagleg som fagfelt, og dette påverkar forskinga som kjem ut i andre enden. Då tenkjer ein kanskje spesielt på nye kulturstudiar, som viser at det er mogleg å kombinere ulike fagtradisjonar, metodar og teoriar for å få nye perspektiv og sjå nye sider. Ein metafor for dette er 'lappeteppet', som gjer at ein oppdagar nye mønster og binder saman bitar som gjev nye samanhengar (Sørensen, Høystad, Bjurström, & Vike, 2008, s. 92). Tematikken som er vald for denne oppgåva er i høg grad med tverrfaglege idear som grunntanke. Forskingsspørsmåla og problemstillinga peikar på syn på ungdom, formidling av ungdom si utøving av kunst og kultur, og samarbeid mellom kulturaktørar. Det er ein kombinasjon av kulturstudiar, estetiske fag, pedagogikk, kulturpolitikk og organisering rundt kulturorganisasjonar.

Korleis kan ei problemstilling vere fruktbar? Ved å tilføre ny kunnskap, ikkje nødvendigvis banebrytande, men som seier noko nytt om eit eksisterande fenomen (Jacobsen, 2015). I dette tilfellet byggjer problemstillinga på den eksisterande kunnskapen om UKM og kulturskulen. Som musikkpedagog har eg tileigna meg kunnskap gjennom tidlegare utdanning og arbeidserfaring, men det finst også publikasjonar og forskning på området. Noko av dette vil eg ta for meg i kapittel 2, men eg ønskjer likevel å legge fram nokre dømer.

Både kulturskulen og UKM har vore, og er på mange måtar framleis, gjennom ein endringssituasjon. Norsk kulturskuleråd har fastsett eit nytt rammeplanverk for dei kommunale kulturskulane, og jobbar for at lokale kulturskular skal nytte den. UKM endra i 2016 namn frå Ungdommens Kulturmonstring til Ung Kultur Møtes, og jobbar også for at dei skal vere noko meir enn berre ei hending i løpet av året. Begge aktørane nemner kvarandre og dei ønskjer å halde fram med samarbeidet dei har. I rammeplanen til Norsk kulturskuleråd står det:

”Mønstringane er ein arena for formidling, læring og oppleving. UKM tar også vare på dei ungdomane som deltar på ikkje-institusjonaliserte kunst og kulturarenaer. Kulturskolen og UKM kan samarbeide om førebuing til og gjennomføring av den lokale mønstringa.” (Norsk Kulturskoleråd, 2016)

Noko av grunnlaget i kvifor problemstillinga er fruktbar, ligg i det desse to aktørane seier om kvarandre. Det er eit grunnlag for å finne ut av korleis eit slikt samarbeid fungerer lokalt, og kva samarbeidet inneheld. Difor ser problemstillinga etter dei lokale ringverknadane, for det er lokalt i kommunane at dette samarbeidet skjer i første omgang. Det er der det skal gjennomførast i praksis.

Den forskinga og teorien som ser på samarbeid mellom kulturelle aktørar i lokalsamfunnet har, så vidt eg veit, ikkje omhandla UKM og kulturskolen. Ofte handlar det om kulturskolen og musikkorps, grunnskulen, skulefritidsordninga og liknande. Derfor ser eg også nytten av å sjå nærare på dette, og håpar at resultatet frå denne oppgåva vil kunne vere til nytte for andre aktørar som samarbeider.

Det siste punktet Jacobsen har satt opp som krav for ei fornuftig problemstilling, er at den skal vere enkel. Dette grunngjev han med at ein lett kan miste oversikten og ver ute av stand til å skilje viktige funn frå uviktige. Dette vil vere lettast å teste når resultat frå den undersøkinga er gjennomført. Først då kan ein drøfte om resultatata er viktige eller uviktige. Mi meining er at problemstillinga er open, men likevel enkelt formulert. Problemstillinga ønskjer å kartlegge trekka ved samarbeidet, og forskingsspørsmåla knytt til den passar inn i ei kvalitativ undersøkning. Det er, slik eg ser det, ei enkel problemstilling som peiker i ei viss retning, både teoretisk og metodisk.

### 1.3 Disponering av oppgåva

Før teksten held fram med ei kort omgrepsavklaring, vil eg presentere oppbygginga av oppgåva. I kapittel 2 blir det teoretiske rammeverket for oppgåva lagt fram. Dette omhandlar tre relevante element i samarbeidet mellom kulturskolen og UKM:



1. Kulturorganisasjonar – læring og kunstutøving.
2. Kulturformidlaren – arbeid med kultur og kultur.
3. Kulturutøvaren – ungdom og øving av kultur.

Ut frå vald problemstilling og forskingsspørsmål, har eg intervjuar respondentar som jobba i kommunar der det eksistera samarbeid mellom UKM og den kommunale kulturskulen. Det verka for meg som at kvalitative intervju ville gje grundig informasjon og data med eit mogleg svar på problemstillinga. Metode og val rundt intervju og samling av data vil bli forklart meir inngåande i kapittel 3.

Analyse med gjennomgang av data frå kvalitative intervju vert presentert i kapittel 4, med to underkapittel; 1) eit overblikk og 2) det nære. I kapittel 5 vil innhaldet i analysen bli drøfta og reflektert over, med utgangspunkt i empiri og teori. Kapittel 4 og 5 er hovuddelen av oppgåva.

Til sist, i kapittel 6, vil det vere ei oppsummering av oppgåva. Kjeldeliste og vedlegg vil ein finne etter dette kapitlet.

## 1.4 Omgrepsavklaring

Før teorien som ligg til grunn for masteroppgåva blir lagt fram, er det ønskjeleg å komme med nokre omgrepsavklaringar. Det er lett å skape mistyding, då nokon omgrep kan ha forskjellig betyding i ulike samanhengar og fagfelt. Sørensen et al. (2008) seier at avklaring og utvikling av omgrep er ein måte å orientere seg, og at det gjev grep om dei fenomenen ein ser på. Omgrepa som vert tatt i bruk i denne oppgåva er difor eit grunnlag for dei vala som er tatt teoretisk, metodisk og analytisk.

I kapittel 2, om teori, vil dei fleste omgrepa bli gjort greie for, men eg ønskjer å legge fram to sentrale omgrep før det; kultur og ungdom. Dette er to "allmenne" omgrep som er lett å ta for gitt at ein har felles forståing av kva betyr.

### 1.4.1 Kultur

La oss starte med ordet kultur. Omgrepet er nytta i mange forskjellige samanhengar. Det er lett å bruke og blir brukt lett, og det skal ikkje mykje til for å bli usikker.

”Køkkultur, homsekultur, kystkultur, bedriftskultur, vinnerkultur, barnekultur og yoghurtkultur er bare et lite utsnitt av et ubegrenset antall muligheter. Det er bare å hekte ”kultur” bak et substantiv, og vips – så har vi et begrep som vi tror vi er enige om hva betyr.” (Aagre, 2014)

Willy Aagre sitt sitat formidlar eit omgrep som er allsidig, og derfor ønskjer eg å avklare kva kulturomgrep denne oppgåva har som grunnlag. Kva slags versjon av ”kultur” skal denne oppgåva ta for seg?

Store Norske Leksikon formidlar at det er vanlegast å *”(...) snakke om kultur i forbindelse med tanke-, kommunikasjons- og atferdsmønstre hos mennesker, og da i både vid og snever forstand”* (Schackt, 2016). I snever forstand vil sei det estetiske omgrepet, og i det vide snakkar ein om eit sosiologisk omgrep.

Sørensen et al. (2008) argumenterer derimot med at det fins fire dimensjonar i det som dei kallar det komplekse kulturomgrepet. Deira fire dimensjonar av kulturomgrepet er basert på to tidlegare definisjonar;

- 2 dimensjonar kulturomgrep: kultur er noko vi *har* og noko vi *er* (Johan Fjord Jensen 1988)
- 3 dimensjonar kulturomgrep: kultur er noko vi *har*, noko vi *er* og noko vi *gjer* (Christian Jantzen 2005)

Når Sørensen et al. legg til enda dimensjon i definisjonen, blir kulturomgrepet sjåande slik ut:

- 4 dimensjonar kulturomgrep: kultur er noko vi *har*, noko vi *er*, noko vi *kan*, og noko vi *gjer* (Sørensen et al.)

Else Marie Halvorsen (2017) har operasjonalisert Fjord Jensen sitt dobbelte kulturomgrep i ein figur:



Figur 1.1 Det dobbelte kulturomgrep

Halvorsen brukar dette dobbelte kultursynet for å sjå på kulturarv i skulen, og opprettar ut frå dette eit kulturpedagogisk omgrep; "den dobbelte didaktikk<sup>2</sup>". Ho vil ikkje berre sjå på kva kunnskap om kulturarv skulen overfører, men også den kulturarven elevane er berarar av. På den måten ser Halvorsen på kulturen skulen har og fortel vidare, og kulturen som elevane er i. Det er to "sider" som ein bevegar seg mellom.

Det komplekse kulturomgrepet ligg som grunnlag for mi forståing av kultur. Forenkla kan ein sei at det dobbelte kulturomgrepet ligg nærast overflata. Likevel er det viktig å sjå at ein ikkje berre forstår, fortolkar og forklara verda, men også grip inn i den. Dei undersøkingane som blir gjort, viser kulturen som UKM og kulturskulen formidlar og involverer barn og unge i – og i tillegg kulturen desse aktørane sjølv er i. Då er det viktig for meg som forskar også å ha blikket på den kulturen eg sjølv har og er i. Har eg, med min kultur, distanse eller nærleik til kulturen eg undersøker? Sørensen et al. kallar dette for det refleksive kulturomgrepet;

"Sammenfattende vil vi om det refleksive i det komplekse kulturbegrepet si at det vedrører en erkjennelse av at det i kulturbegrepet også allerede ligger et grep om kultur i form av et sted å iaktta den fra, og at utfordringen er å kunne iaktta egen iakttakelse og forstå dette som en intervensjon blant andre" (Sørensen, Høystad, Bjurström, & Vike, 2008)

---

<sup>2</sup> Didaktikk omhandlar kunnskap om samanhengen mellom gjennomføring, planlegging og evaluering av undervisning. Med andre ord; undervisningslære. (Tjeldvoll & Skagen, 2015)

## 1.4.2 Ungdom

Kulturskolen tilbyr undervisning til barn og unge, og nokre stader også vaksne. Tilbodet er forskjellige ut frå kvar kommune sine ressursar og kulturpolitikk. UKM er ein arena for ungdom. Lokalt kan ein vera deltakar frå ein er 10 år<sup>3</sup>, men mange stader er det påmelding frå 13 år då det er dette som er aldersgrensa for når ein kan komme vidare frå lokalmønstring til fylkesmønstring. Derfor vil denne oppgåva i hovudsak omtale deltakara i UKM og kulturskolen som ungdom. Utgangspunktet er den biologiske aldersgrensa som UKM har satt, men er ikkje ungdom meir enn personar med alder 13 – 20 år? Når er eit menneske ungdom?

Å vere ungdom kan knytast til alder, anten biologisk eller psykisk modning i samband med puberteten. Det kan også sjåast på som eit kriterium på sosial status eller rolle. Ein definisjon ut frå alder fanga ikkje alt, og omgrepet ungdom er i stadig forandring og avhenger av samfunnsmessige forhold (Strandbu & Øia, 2007).

Omgrepet ungdom har også vorte satt saman med kulturomgrepet. Ungdomskultur som omgrep blir brukt i kvardagsspråket vårt, og blir nytta om særleg ungdomsfenomen i samfunnet. Det er også nytta innan ungdomsforskning, og ordet har fått mange ulike tydingar. Derfor kan det oppfattast som eit uklart omgrep og som lite presist (Aagre, 2014). I denne samanhengen blir omgrepet ungdomskultur nytta som kulturen dei utøver og presenterer i deltaking med kulturskule og UKM. Det er i hovudsak deira har-kultur.

Respondentane som deltok i undersøkinga, og som omtalar ungdom, er menneske som arbeidar med unge og for deira utøving av kunst og kultur. Så i denne samanhengen blir ungdom omtalt på bakgrunn av, hovudsakleg, biologisk alder. Det er likevel viktig å ha i bakhovudet at ungdom er mykje meir enn alder. Omtalen av ungdom vil bli frå utsida, og ikkje frå ungdommane sjølv. Så i dette tilfelle er det snakk om synet på ungdom og ungdomskultur, og korleis desse omgrepa blir brukt av kulturarbeidarar.

---


<sup>3</sup> Alle under 20 år kan delta på UKM, i nokre kommunar frå ein er 10 år. I dei fleste kommunar må ein vere 13 år. I grupper må halvparten av medlemmane vere mellom 13 og 20 år. (UKM, 2017)

”(…) Og det er jo veldig viktig å huske på at det er eit sett med ungdom uansett, dei er ikkje berre kulturskuleelevar eller UKM'ere, dei er ungdomar.”

(respondent 4, nr. 9 - vedlegg 4)

## 2. Teoretisk rammeverk

Teoriane som vert presentert i dette kapittelet vil ha tette forbindelsar til perspektivet på analyse og val av metode. Det heng blant anna saman med at nye kulturstudiar har tette band mellom teori og metode. Sørensen et al. (2008) har laga ein open modell i forsøk på å få fram kva analyseomgrep nye kulturstudiar stiller seg til, i større eller mindre grad.



Figur 2.1 Den reflektsive forsker (Sørensen, Høystad, Bjurström, & Vike, 2008, s. 137)

I midten av modellen står den reflektsive forskar. Eg har vore innom det reflektsive kulturomgrepet, som omhandlar reflektsjon om den kulturen ein utøver og har sjølv. Den reflektsive forskar er midt i valet mellom ulike analytiske grep, og er deltakande og observerande. Forskaren prøver å huske si eiga rolle i det som skal undersøkast. I sirkelen rundt seg kan forskaren velje analytiske grep, og ytst i modellen har forskaren dei generelle teoriane og metodane frå nye kulturstudiar. Modellen viser kva analytiske grep forskaren må ta omsyn til. Sørensen et al. skriv at forskaren ikkje treng nytte alle kategoriane i sirkelen, men tenkje at den stadig bevegar seg når ein skal avklare og reflektere over tydingsssamanhengane.

Dette er, i tillegg til nye kulturstudier sitt komplekse og refleksive kulturomgrep, ei grunnstamme for det teoretiske rammeverket og dei analytiske metodane. Teoriar, drøfting, analyse og refleksjon er stadig i bevegelse, og dette må eg som forskar ha i bakhovudet undervegs i undersøkinga.

Det teoretiske rammeverk skal vise fram tre ulike sider; 1) kulturorganisasjonar (læring og kunstutøving), 2) kulturformidlaren (arbeid med ungdom og kultur), og 3) kulturutøveren (ungdom og utøving av kultur). Mellom og innan desse ulike elementa bevegar det seg ulike teoriar, fagfelt og retningar.

## 2.1 Kulturorganisasjonar - læring og kunstutøving

Kapittel 1.4.1 formidla kva kulturomgrep som ligg til grunn i denne oppgåva. Kvar kan ein plassere UKM og kulturskulen i kulturomgrepet? Både kulturskulen og UKM *har og er i* kultur. Wenche Waagen (2011) beskriv har-kulturen til kulturskulen som dei estetiske produkta; musikken, bøkene, bileta, dansane, altså den dokumenterte kulturen, det elevane og lærarane har. Medan er i-kulturen den kulturelle praksisen, som vil sei lærarar og elevar sine handlingar, relasjonar, før-dommar med meir. Dette meiner eg ligg tett opp mot UKM sin har og er i-kultur. Har-kulturen er framsyninga av musikken, dansane, bileta osv. Det er også ungdommen si deltaking bak scena, med marknadsføring, scenearbeid og liknande. Er i-kulturen omfattar blant anna det som ungdommane og dei vaksne gjer, korleis dei samhandlar med kvarandre og kva forventningar som ligg der.

UKM og kulturskulen er på kvar sine måtar organisasjonar med ei læring som viktig element. Pedagogikk er ein del av arbeidet deira, men kan ha ulikt fokus. Kulturskulen driv blant anna med undervisning, noko UKM ikkje uttrykker at dei gjer. *Undervisning* er aktiviteten som skulen og lærarane står for, der lærarane bidreg med tilrettelegging for læring. *Læring* er endringar som skjer i det enkelte individ, og som kan skje av sosial interaksjon, dialog eller samarbeid. Det må ikkje skje i ein undervisningssituasjon (Skaalvik & Skaalvik, 2009). UKM er kanskje ikkje definert som ein pedagogisk organisasjon, men fordi dei har kurs og workshops, driv med ungdomsmedverknad og opplæring bak og framfor scena – vil eg påstå at dei har

pedagogiske element ved seg. Kulturskulen er i større grad ein institusjonalisert stad for læring av kunst og kultur, som vil sei at læringa ofte føl ein plan og ofte er målet for aktiviteten. UKM kan ha større del av unge som har kunnskap basert på eigne erfaringar og eigen læring, med aktiviteten som hovudmål. Med utgangspunkt i dette kan ein drøfte vidare og sei at kulturskulen og UKM, i ulik grad og på ulikt tidspunkt, driv med påstandskunnskap og ferdigheitskunnskap:

”(...) Et tidlig bidrag i dette kom fra filosofen Gilbert Ryle (1949), som trekker et skille mellom ”knowing that” og ”knowing how” som to ulike former for kunnskap. Hans poeng er altså at det er forskjell på å vite *at* og å vite *hvordan*.” (Nerland, 2004)

Både UKM og kulturskulen er inne i det politiske og forvaltningsmessige apparatet som tek seg av kulturområdet. I tillegg går dei inn i den profesjonaliserte og spesialiserte delen av kulturforvaltninga. Det fins tilsette i kommunar og fylker som bær titlar som til dømes kulturkonsulent eller kultursjef (Kvarv, 2014). Desse tilsette kan ha oppgåver som angår UKM og kulturskulen. UKM og kulturskulen skil seg ut frå andre kulturorganisasjonar ved å vere pedagogisk orientert. Dei jobbar mellom to sider; utdanning/rettleiing og kulturutøving. Begge desse organisasjonane er i tillegg aktivitet som skjer utanom skuletid, på fritida. Ein rapport frå Agderforskning kom fram til at kommunar og fylkeskommunar vil tene på eit tettare samarbeid om kulturelle arenaer for barn og unge. For å få fleire unge til å delta på UKM seier rapporten frå undersøkinga at skulane, sosiale media, kulturskular og ungdomsklubbar kan vere med på å motivere til påmelding (Hauge & Lind, 2016).

Ungdomsfritida kan delast opp i to ulike sider, der UKM og kulturskulen kan plasserast på den organiserte sida. Denne sida er relativt strukturert og inkludera ulike foreiningsliv, klubbar og lag. Det er viktig å nemne at ein kan også vere ”uorganisert” i ein klubb eller foreining som i utgangspunktet kan kategoriserast som organisert. Fleire registrerast som organiserte i ein klubb, når dei eigentleg berre er med av og til. Det er derfor vanskeleg å lage ei skarp linje mellom det organiserte og det ”uorganiserte” (Aagre, 2014). UKM eit godt døme på ein slik organisert fritidsaktivitet som kan opplevast som ”uorganisert”.



Den andre sida av dette er den frie fritida. Den som er barna og unge sin eigen kultur, utan nær innflytelse frå vaksne. Dette kan til dømes innebere å bruke tid med venner heime hjå seg sjølv. Her er tilgangen på mediar ein viktig faktor, då det er med bruk av seriar, filmar, strømmetenestar (som youtube og spotify) o.l. at bakgrunnsreferansar for ungdomskulturell meining blir skapt (Aagre, 2014). Det er denne meiningsskapinga som kan danne grunnlaget for ny ungdomskultur og nye referansar innan deira eigen kunstutøving.

Summert er UKM og kulturskulen organisasjonar som tek del i barn og unge si frivillige organiserte fritid, med kunst og kultur som fag, og med pedagogikk som verktøy.

### 2.1.1 UKM - Ung Kultur Møtes

Ung Kultur Møtes, ofte forkorta til UKM, ønskjer å vere ein viktig arena for ungdom og deira kunstutøving. UKM gjekk tidlegare under namnet Ungdomens Kulturmønstring, og medan det nyleg har vore ei namneendring brukar UKM framleis ordet mønstring på deira lokale og regionale arrangement. Det etymologiske opphavet til ordet "Mønstring" er latinsk og kjem frå ordet monstrare, som tydar "vise" (Nordbø, 2014). Valet av ordet mønstring på dei lokale og regionale arrangementet visar intensjonen om at dette skulle være ein møteplass der ungdom kunne vise fram kva dei kunne til andre likesinna og skil UKM frå dei andre talentbaserte programma og hendingane i løpet av året.

Så når den første kulturmønstringa fant stad i Akershus fylke i 1985, var det for å samle ungdom og vise fram deira musikkutøving. Dette initiativet ønska Norsk Kulturråd å utvikle vidare, og prosjektet vart eit av deira største satsingar innan kultur for barn og unge på den tida. Dei var inspirert av ein modell brukt i Finland, og dei første åra hadde dei ulike kunstutrykk som tema. Det første året var det som nemnt musikk, og i 1988 var temaet scenekunst. Frå 1990 vart kulturmønstringa tverrfagleg, og ein kunne melde seg på med fleire ulike utrykk (UKM.no, 2017). Målet til UKM har alltid vore å vere eit "prøverom" eller ein "arena" for kulturinteressert ungdom;

”UKM gir ungdom mulighet til å vise seg fram på en scene og få respons på det de fremfører. Det gjør UKM til en viktig arena for de som må ta valget om de skal satse på kunstutdanning, eller om det skal være en hobby. Det å få stå på scenen og vise frem det man kan, kan for noen være et avgjørende springbrett. UKM er også et møtested for ungdommer fra hele *landet*, der de kan komme i kontakt med andre som driver med det samme.”  
(Kulturrådet, 2015)

UKM omtalar seg sjølv som Norges viktigaste møteplass for ung kultur. Over 22.000 ungdomar er involvert rundt om i Norge, og i fleire kommunar er UKM-lokalmønstringa eit av dei største kulturarrangementa som skjer.

UKM blir hovudsakleg finansiert av Kulturdepartementet. I tillegg får UKM ekstra støtte regionalt og lokalt, som til dømes i 2016 når UKM Troms vart inkludert i Norge og Russland sin handlingsplan for kultursamarbeid i nord (Saur, 2016). Det er også mogleg for kommunar å søkje om midlar hjå UKM nasjonalt for ekstra støtte til deira lokalmønstringar. Sidan UKM byrja med denne ordninga har dei delfinansiert 382 utviklingstiltak (UKM, 2017).

Når ein melder seg på som deltakar til UKM-lokalmønstring, vil ein i første omgang kunne opptre på ei lokal scene. I tillegg kan ein melde seg på som arrangør, konferansier eller liknande. Kvar UKM-lokalmønstring har ein jury som plukkar ut deltakara som går vidare til UKM-fylkesmønstring. Her samlast alle dei som har gått vidare frå det aktuelle fylket, der det er ein ny jury som vel ut deltakarar til UKM-festivalen. UKM-festivalen er stort sett i juni, og lokale UKM-mønstringar gjennomførast frå januar til mai. UKM har eigne arrangørgrupper for ungdom som deltek dersom deira kommune har ei slik gruppe. Denne gruppa vert kalla for Unge Arrangørar, og ofte forkorta til UA. I 2016 hadde UKM registrert 1388 påmeldte Unge Arrangørar, noko som utgjorde 6.02 % av deltakarane (UKM, 2017).

I sin årsplan for 2016 legg UKM fram sin strategiplan for 2015 – 2020, og uttalar at;

”Noen av de viktigste grepene i den nye strategiplanen er å befestе UKM som en møteplass mer enn en konkurranse, styrke medvirkning og medbestemmelse for ungdom ytterligere, å etablere UKM som helårig aktør i lokalt kulturliv, og å rendyrke ungdomsprofilen.” (UKM, 2017)

## 2.1.2 Kulturskulen

Dei første kommunale musikkskulane vart oppretta mellom 1950 og 1960, og i 1973 var det 42 kommunale musikkskular i Norge. I 2009 hadde så godt som alle 430 kommunar eit tilbud. Ei stortingsmelding frå 1992-93 sette starten for eit breiare kulturtilbod, og musikkskulen gjekk over til også å bli kalla for kulturskule (Waagen, 2011).

”Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.” (Opplæringslova, 1998)

Kulturskulane har, og har hatt, ei viktig rolle i kunst og kulturopplæringa i Norge. I 2013 viste tal frå Grunnskolens Informasjonssystem at dei kunne tilby rundt 125 000 elevar ein elevplass. Målgruppa til kulturskulen er hovudsakleg barn og unge frå 0 til 19 år, men i tillegg ønskjer ein at lokalsamfunnet skal nytte av dei som ressurs. Dette vil dei gjennom å samarbeide med skule-, kultur-, og helsesektoren. I det tilfelle vil tilbudet deira rette seg mot alle innbyggjarane i ein kommune. Eit døme på dette er når blant anna korps, teater og ulike foreiningar nyttar seg av opplæringstilbodet gjennom kulturskulen. Dette gjeld å leige kulturskulelærarar til å vere dirigentar, produsentar, lys- og lydteknikarar og liknande. På denne måten håpar dei å oppnå kontinuitet og kvalitet for lokale kulturliv (Norsk Kulturskoleråd, 2016).

”Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk.” (Norsk Kulturskoleråd, 2016)

Kulturskulen er, på same måte som UKM, ein fritidsaktivitet. Den største forskjellen ligg i trykket på *skule*. Kulturskulen skjer på fritida, men er ein skule med undervisning som

hovudoppgåve. Dette gjer også at det fins planar, at kulturskulelærarane har høg utdanning og/eller kunstfagleg kompetanse. Dei utgjer ei profesjonsgruppe og skal gje elevane opplæring fundert i didaktisk planlegging (Waagen, 2011).

I tillegg til å skulle vere ein skule, med fokus på undervisning av estetiske fag, er det mange politiske interesser for å sikre kulturskulen som institusjon. I 2017 feira Norsk kulturskoleråd, kulturskulane sin interesseorganisasjon, 20 år med kulturskulelov og i 2016 kom det eit nytt rameplanverk (Norsk Kulturskoleråd, 2016). Det har vore ønsker politisk om å få ei eiga stortingsmelding om kulturskulen. I juni 2017 vart det også bekrefta; det skal komme ei kulturskulemelding (Hofsli, 2017).

”– Kulturskolene styrker kreativiteten i landet vårt, utvikler barn og unges kulturelle, sosiale og kreative kompetanse og bidrar til livsmestring og danning, sier Toskedal.” (Hofsli, 2017)

I tillegg til ønsket om å styrke kulturskulen gjennom politikk og stortingsmelding har kulturskulen fått namnet ressurscenter. Stortingsmelding nr.39 frå 2002-2003 seier at kulturskulen skal bli ei kulturell drivkraft for grunnskulen i sin kommune og *”samtidig bistå barnehager og videregående opplæring i deres arbeid med kunstfaglig opplæring”* (Waagen, 2011). Ut frå dette er det ikkje unaturleg at kulturskulen har samarbeid med eller ansvar for UKM-lokalmønstring fleire stader.

## 2.2 Kulturformidlarer - arbeid med ungdom og kultur

Dei tilsette som legg til rette for at ungdom kan delta eller utøve kunst og kultur, er ein stor del av UKM og kulturskulen. Dette kan vere lærarar, kulturkonsulentar, rektorar eller liknande. I dette kapitlet vil det sei personar som er involvert i kunst og kulturarbeid med unge, på unge si fritid.

”På nasjonalt nivå, i kulturpolitiske dokumenter og erklæringer, kan de kulturpolitiske idealene rendyrkes. Integrering, helse og velferd, skole og oppvekst, sorterer under andre departementer enn Kulturdepartementet. På kommunalt nivå – i konkret kulturarbeid rettet mot barn og unge, med alle slags bakgrunner og forutsetninger – finnes det derimot knapt kulturarbeid i «ren» form. Kulturarbeidet vil nesten alltid i større eller mindre grad være «forurenset» av eksempelvis psyko-sosialt arbeid, forebyggende arbeid eller integreringsarbeid.” (Haugsevje, Hylland, & Stavrum, 2016)

Kulturskulelæraren er ikkje berre ein pedagog med fokus på estetiske fag, men ofte ein utøvar sjølv. Det kan vere musikarar, skodespelarar, kunstnarar, dansarar med liknande. Dei har autoritet i kraft av at dei formidlar og utøver sitt fag. Dei demonstrerer instrumentet sitt eller sin eigen kreativitet for eleven, og dei deltek på førestillingar saman med elevane. Som kulturformidlar vil læraren ha med erfaringar, preferansar og identitet i møtet med barn og unge. I tillegg vil retningslinjer frå rammeplan eller kulturskule vere ein del av oppgåva, som til dømes vidareformidling av estetisk arv, teater, musikk, dans og liknande (Waagen, 2011).

Når UKM-kontaktar, kulturkonsulentar eller kulturskulelærarar arbeidar med dei unge som står på scena, styrer lyd eller arrangerer konsert – må dei på mange måtar balansere mellom ulike motsetningar.

“Kunstfaglig opplæring kan innebære spørsmål om konkurranseaspektet kontra samhandling, og utallige spørsmål vil oppstå for dem i balansefeltet mellom det å sørge for at elevene lykkes, og det å eksponere dem for et publikum.” (Waagen, 2011)

Sitatet over beskriv dei pedagogiske utfordringane ein kan komme opp i som UKM-kontakt og/eller kulturskulelærer. Tilsette ved fritidsklubbar, utekontakter eller andre offentlege ungdomstiltak jobbar i eit arbeidsfelt som også har kontakt med unge på deira fritid. Desse tilsette treng ikkje nødvendigvis ha pedagogisk fagutdanning (Aagre, 2014).

I tillegg har ein tilsette ved kulturavdelingar i kommunar, som ofte har titlar som konsulentar eller rådgivarar. Dei kan ha oppgåver innan kultur, ungdom eller fritid, har kanskje utdanningar

utanfor kunst eller pedagogikk. Etter mi meining er det samanhengar mellom dette og det som blir kalla for arts management<sup>4</sup>. I staden for å stå mellom staten, kunstnaren og publikum – står denne kulturformidlaren mellom kommunen, dei utøvande ungdommane og publikum. Oppgåva er å legge til rette for UKM aktiviteten, få med ungdomar, og ha kontakt med kulturskule, grunnskule og fritidsklubb. Dei er på mange måtar tilgangen til det lokale kulturlivet, og ofte det som knytt desse ledda saman.

Er det då slik at ein bør ha pedagogisk fagutdanning for å kunne arbeide med ungdom på deira fritid? Aagre (2014) argumentera for at pedagogar, og andre som jobbar med ungdom, manglar ei felles ramme for å forstå og møte ungdom på. Dette er fordi dei ulike yrkesretningane og faga legg hovudvekt på ulike sider av ungdomskunnskap, som til dømes pedagogikkfaget. Dei utdanningane som rekruttera til profesjonsarbeid med ungdom, verkar til å mangle eit tverrfagleg teoretisk grunnlag til å forstå norsk ungdom sin verkelegheit i det seinmoderne samfunn. Dei disiplinane som kan bidra til meir tverrfagleg kompetanse er sosiologi, antropologi, psykologi, kultur- og medievitenskap og utviklingsøkologi (Aagre, 2014, s. 13).

Ein eigenskap som kan nyttast i arbeid med ungdom og kultur er relasjonskompetanse. Dette er ikkje nødvendigvis eit reint pedagogisk fenomen, men er relevant for dei fleste som jobbar med menneske og er i ein relasjon med andre. Omgrepet vart oppretta i arbeid med relasjonsleiing, og handlar om korleis ein samhandlar betre med andre menneske. Dette gjeld ikkje berre innan leiing, men også med til dømes kollegaer. Definisjonen på relasjonskompetanse er; *”ferdigheter, evner, kunnskaper og holdninger som etablerer, utvikler, vedlikeholder og reparerer relasjoner mellom mennesker”*. Det er kompetansen ein har i kommunikasjon med andre, og kanskje spesielt når ein skal oppnå eit resultat (Spurkeland, 2006).

Forholdet mellom resultat og relasjon er eit sentral del. Korleis få dei resultata ein ønskjer ved å motivere og skape engasjement, men samtidig stille krav og få utført oppgåver? Når ein

---

<sup>4</sup> Arts management er ei nemning på eit felt som dekkjer ulike aspekt av leiing og organisering av hovudsakleg kunstinstusjonar. Ein art manager står mellom staten, kunstnaren og publikum (Wennes, 2007).

arbeider med ungdom og deira utøving av kunst er det eit krav der; dei skal stå på ei scene og framføre sitt uttrykk. Dersom ein skal få ungdom med på ei UKM-lokalmønstring kan det vere viktig at ein har kompetanse til å skape tillit. At dei unge kjenner at dei har tillit til at arrangementet vert gjennomført og stiller til deira forventingar. Dette kan vere tillit til den som er ansiktet utad for arrangementet, den personen som står som ansvarleg. Det gjeld også tillit til sjølve UKM-namnet eller til den lokale kulturskulen. Andre dømer på dimensjonar i relasjonskompetanse er tilbakemelding, relasjonsbygging, utvikling, kreativitet, konflikthandtering, humor og prestasjonshjelp (Spurkeland, 2006). Alt dette vil vere til nytte for den som arbeidar i UKM og kulturskulen.

Eit teoretisk grunnlag, som ser på forståing av barn og unge, er Lev Vygotskij (1896 – 1934) sitt *sosiokulturelle* grunnlag. Sjølv om Vygotskij levde før ungdom for alvor byrja å markera seg som ungdomsgruppe i samfunnet, er det fleire av synspunkta og teoriane hans som kan nyttast. Aagre forklarar det sosiokulturelle grunnlaget slik;

“Ungdom tilegner seg kunnskaper om seg selv og sine omgivelser i en sosial kontekst der både de økonomiske og materielle omgivelsene, den nasjonale og historiske kulturarven de er innlemmet i, kvaliteten av de relasjonelle båndene til jevnaldrende og betydningsfulle voksne samt individets egne aktive ”svar” på disse impulsene danner et avgjørende sammensatt grunnlag for vekst og utvikling.” (Aagre, 2014)

For å kunne skape nærleik til dei unge formidlar Vygotskij at ein lyt fange opp deira kvardagsomgrep. Desse omgrepa kan nyttast til å bygge bru mellom ungdommane sine erfaringar og opplevingar, og meir faglege omgrep. Ein treng innsikt i forskjellane mellom desse to dimensjonane for å kunne skape denne brua (Aagre, 2014). Slik eg ser det, er dette heilt nødvendig for ein kulturformidlar i UKM eller kulturskulen. Ein må lære om ungdommane sine erfaringar, interesser og språk for å kunne bygge bru til den arenaen ein prøver å skape for dei. Det er ikkje berre ungdommane som må oppnå læring, det må også kulturformidlarane. Slik kan ein oppnå kontakt for å skape kreative rom saman.

## 2.3 Kulturutøvaren - ungdom og utøving av kultur

Dei siste to tiåra har ei rekke kulturpolitiske tiltak retta seg mot barn og unge. Dette for blant anna å inkludere og danne gode brukarar av kunst og kultur. Verdien av kulturell deltaking verkar til å vere særst viktig, og særleg for satsingar mot barn og unge (Haugsevje, Hylland, & Stavrum, 2016).

Det er ulike syn på kva plass barn og unge har i samfunnet, og dette synet har endra seg gjennom historia. Ein kan trekke linjer mellom korleis samfunnet ønskjer å utvikle seg, og korleis politikk, verdiar og syn rundt barn og unge framstår. For å forklare korleis dei har blitt ein del av fokuset i kulturpolitikken, kan ein sjå på konteksten til satsinga på barn og unge ut frå historie og forskning.

Barndom og barn var ei del av fokuset i oppbygginga av Norge etter 2. verdskrig. Slik vart barn og unge ein del av staten sitt middel for å få ein demokratisk stat, økonomisk vekst og rettferdig fordeling av velferda. I 1989 fekk ein også FN sin barnekonvensjon, og dermed vart var barnet sitt beste eit mål i seg sjølv. Også innan forskning vart det auka interessa for barndom, og i starten var den prega av eit syn på barn som "ofre" med elendigheitsfortellinga i fokus. Dette var på 1970-talet og ein såg på strukturane rundt barnet; staten, profesjonane og kapitalismens undertrykking. Etterkvart kom det ei ny vending, den kulturelle vendinga, og ein såg på barnet som aktør og skapande subjekt i eige liv. I staden for å forklare årsakssamanhengar, ville ein no forstå barndom som fenomen. Med andre ord vart dei no sett på som aktive deltakara i eige liv, og ikkje berre underlagd staten si makt (Schrumph, 2012).

Innan dette forskingsfeltet, barndomshistorie, argumentera Ellen Schrumph (2012) for at det er ei tredje vending; den materialistiske. Med dette skriv ho at barnet også må sjåast på som kropp og substans som erfarer sine materielle omgjevnadar, og som sjølv er forma av og formar desse omgjevnadane. Med dette får ein inkludert barnet sin fysiske kapital og betydinga av deira kroppslege erfaringar. Dette synet legg til eit fokus om at kroppen sin oppleving av bevegelse, tid og rom gjev tilgang til verda.



Snakkar barndomshistorie og forskinga om ungdom også? Ungdom kan sjåast på som livsfasen mellom barndom og vaksenliv. I den vestlege verda er denne mellomfasen ofte oppfatta som ein lang periode der identiteten i nokre situasjonar pendlar mot barn, og i andre mot vaksen (Tønnesson & Svartdal, 2013). Derfor synest eg det er relevant å ha med retningar frå barndomshistorie når ein ser på teoriar og perspektiv på ungdom. Barndom handlar også om oppvekst, og derfor kan ein inkludere ungdom.

I dette kapitlet er kulturutøvaren dei unge som deltek på UKM og i kulturskulen, og som viser fram sitt uttrykk og interesse. Det er også dei som nyttar fritida si til å legge til rette for at andre ungdomar skal kunne stå på scena. Dei er elevar i kulturskulen, deltakara på UKM-lokalmønstring, Unge Arrangørar, konferansierar med fleire.

”Ungdata viser at de fleste barn og unge deltar i ulike typer organiserte fritidsaktiviteter gjennom oppveksten. Nær ni av ti unge har vært med i en organisasjon, klubb eller lag etter at de fylte ti år.” (Bakken, 2016)

Aagre (2014) formidlar at ungdom flest styrer sjølv om dei vil drive med organiserte fritidsaktivitetar i ungdomsåra. Han meiner at ”overorganisering”, der barn ikkje har tid til anna enn organiserte aktivitetar, ikkje er eit problem for ungdom. Dersom ein ungdom sluttar på ein aktivitet og tek opp ein anna, handlar det ofte om å finne noko nytt – ein ny utfordring – eller ein nødvendig pause.

Ungdom sine val på fritida må sjåast i lys av kor vidt desse vala er ”frie” val. Når ein ser på frie val, lyt ein også sjå på konteksten desse vala kjem i. Ein lyt anerkjenne at val ofte er strukturerte og avhengig av faktorar som alder, klasse, kjønn og etnisitet. Aktivitetane unge gjer må også knytast opp mot dimensjonar som livsstil og media/forbrukarindustriar (Wheaton, 2004). I dei kommunale kulturskulane handlar ein av dei seinaste debattane om kjønn og instrumentval. I ein artikkel frå kulturskulane sitt fagblad Musikkultur, kan ein lese at instrumentval følger kjønn, og eit døme på dette er at ni av ti som spelar trommer, gitar eller bass, er gutar (Torsvik, 2017). På mange måtar reflekterer dette korleis resten av det norske musikklivet er også; det er ”kjønnsbalanse”. Som til dømes i korpsmiljøet, der dei fleste

dirigertane som deltok på NM i brass i 2014 var menn. Dette til tross for at det finst mange dyktige kvinner som dirigerer korps. I tillegg er det sjeldan kvinnelege dommarar i denne konkurransen, og musikken som vert spelt er nesten aldri komponert av kvinner (Hilde & Gjørnum , 2016).

Organiserte aktivitetar handlar om ferdighet og kunnskap. Ei bestemt setting kan gje ein bestemt erfaring eller ferdighet (Aagre, 2014). I kulturskulen sitt tilfelle vil det sei at ein oppnår ein ferdighet ut frå kva undervisning ein får, og den sosiale settinga dette føregår i. For UKM vil dette bety noko anna. Erfaringa kan vere at ungdommen får lære å styre lys, og at den sosiale settinga legg opp til nye vennskap. Dette seier Aagre er ei generell styrke ved organisert kulturliv, at ungdom kan få tilbod ut frå egne interesser, som dei kan bli gode i. Her finn dei sjølv ut om dei vil satse på å bli dyktige eller om dei vil vere med på grunn av det sosiale. Nokre vel også om dei vil satse mot eit høgt og profesjonelt nivå.

”Voksne må legge til rette for at kunst skal skje, og tilby barna gode kulturarenaer. Her kommer vi til tid og anerkjennelse av kunst som uttrykksform.” (Hjermann, 2013)

Kvifor treng me kulturskulen og UKM for å legge til rette for utøving av kunst for barn og unge? Kvifor treng ein vaksne for å legge til rette for kulturarenaer, slik Hjermann uttrykkjer i sitatet over? For å forsøke å svare på det spørsmålet, vil eg starte med mestringskjensle. Wenche Waagen (2013) dreg fram dømet 'Rosenthal-effekten', som var eit eksperiment på nye elevar ved eit amerikansk college. Resultata frå eksperimentet viste at forventningar og haldningar er med på å forme elevar og unge si sjølvoppfatning. Når vaksne og lærarar uttrykkjer tru og tillit til unge, vil dei kunne mestre oppgåvene sine og få ein god progresjon. Slik opplev dei unge at dei får utfalde seg på eit felt dei kan, og utviklar tillit til egne evner. Dette kan kulturskulelærarar og andre kulturtilsette vere med å bidra til.

Det å ha mulighet til å vise fram sine kunstnariske resultat, i ei samfunnsmessig samanheng, blir sett på noko som forsterkar elevenes identitet og sjølvtilit. Dette kjem fram i Anne Bamford (2008) sitt forskingskompendium "Wow-faktoren", og kan vise kvifor det er nyttig å ha ulike arenaer for framsyning i lokalsamfunnet. Denne forskinga er knytt mot kunstfag i

skulen, men det er mogleg å trekke samanlikningar til UKM-lokalmønstring og kulturskulen sine ulike arena for barn og unge.

Kunstutøving tek vare på fleire sider, både individ og fellesskap. I arbeidet med sjølv produktet, til dømes låta, dansen eller maleriet, er målet personlige uttrykk og utøving. Samstundes vert fellesskapet teke vare på, som til dømes i dansegruppa eller i duoen som spelar og syng saman. Ein har også demokratiske sider, som til dømes FN sin menneskerettserklæring. I artikkel 27 står det at kvar og ein har rett til å delta i samfunnet sitt kulturelle liv, og til å nyte kunst. Slik er kultur- og kunstuttrykk ei kjelde til identitetsutvikling og meining (Waagen, 2013).

På mange måtar er den kulturelle identitet ei viktig brikke i den totale identiteten til eit menneske. Dette gjeld alle, både vaksne og unge. Den kulturelle identiteten signaliserer til verda kven ein ønskjer å vere og kven ein er. Å legge til rette for at barn og unge kan utøve kunst og kultur gjev dei moglegheit til å uttrykk sin identitet. Eit anna døme er at slik utøving kan gje unge eit bevisst forhold til deira kjensler, og at dei kan utforske dei gjennom sitt kunstuttrykk (Hanken & Johansen, 2007).

Nettopp fordi kunst- og kulturutøving er knytt til identitet og kjensler, er det viktig å huske at ungdommen og elevlar sett seg sjølv på spel. Gjennom kroppsleg openheit lærer unge å synge, skru lyd, danse eller stå på ei scene, og heile mennesket vert aktivisert. Derfor er det viktig å skape rom for læring, og for at ungdommen skal mestre og forstå aktiviteten. Kulturen på øvingsrommet eller i konsertlokalet vert møtt med dei tidlegare erfaringane dei unge har med seg, eller habitus som Pierre Bourdieu<sup>5</sup> kallar det, og den vaksne må ha kunnskap om deira føresetnadar for at ungdommen skal sette seg sjølv på spel. Dersom det er manglande tillit til seg sjølv når ein møter denne kulturen vil vere eit hinder, og kan skape vegring for å gjennomføre aktiviteten (Duesund, 2001).

---

<sup>5</sup> Fransk sosiolog som levde frå 1930 til 2002, er særleg kjend for teoriane om habitus og kulturell kapital (Tjora, 2014).

Det er mange grunnar og argument for utøving av kunst og kultur for unge, og kulturpolitisk er det også fokus på deltaking. På 1990-talet var omgrep som inkludering og mangfald ein del av kulturpolitikken sin retorikk, og dette var bygd på allereie etablerte idear om kulturell demokratisering og kulturelt demokrati. Kommunalt kulturarbeid tek sikte på å skape gode liv for barn og unge, dette gjennom til dømes å skape tilbod, fjerne barrierar for deltaking og utjamne forskjellar. Her er det med andre ord ikkje berre kunstens eigenverdi som er viktig, eller sjølve utøvinga av kunst (Haugsevje, Hylland, & Stavrum, 2016).

Det er likevel ikkje slik at det alltid er lett å få med seg unge på tilrettelagde kulturarenaer. Ei kartleggingsundersøking om barn og unge sitt forhold til UKM, med unge frå ungdomskular og vidaregåande skular i Kristiansand, fekk nokre svar på kvifor ungdom ikkje ønskjer å delta på UKM:

”En viktig årsak til at barn og unge ikke deltar på UKM er at respondentene mener at de i en slik konkurranse ikke har noe å bidra med, at de ikke er flinke eller talentfulle nok.” (Hauge & Lind, 2016)

Paul Willis kritiserer kulturinstitusjonane for å gjerde inn kunsten, og for å lage eit intrykk av eksklusivitet rundt det estetiske. Han argumenterer for at deira forståing for kva kunst og estetikk er, er sjølvbekreftande og sosialt avgrensa. Hans omgrep, *symbolsk kreativitet*, er eit uttrykk for ein estetikk som høyrer til i dagleglivet. Det er dei unge si klesstil, deira bruk av musikk, deira måtar å dekorere romma sine på eller korleis dei lærer seg å danse som er meiningsskapande (Aagre, 2014).

I følge Willis er ikkje moderne kultur utan meining eller overflatisk. Det er kapitalisme og auka forbruk som har ført til auka tilgang til symbolske element som unge menneske brukar kreativt. Dette kan beskrivas som ei form for kreativ forbruk (Barker, 2012).

Spørsmålet er om kulturskulen og UKM er for smal og avgrensa, og derfor vil slite med å skape nye kreative rom for ungdom. Korleis kan til dømes UKM i større grad bli ein del av ungdom sin symbolske kreativitet, og ikkje berre ein arena for tradisjonelle kunstuttrykk?



## 3. Metode

I dette kapitlet ønskjer eg å vise korleis eg har gått fram for å velje metode og undersøkingsdesign. Rammene rundt undersøkinga og etiske diskusjonar vil også bli drøfta. Refleksjon og drøfting rundt kvalitet (pålitelegheit, gyldigheit og generalisering) vil bli tatt i kapittel 5.3. Dette er noko som kunne passa inn i dette kapitlet også, men for å halde på den raude tråden i oppgåva vil eg greie ut om tematikken der. Først startar eg med å beskrive prosessen mot eit kvalitativt design.

### 3.1 Å komme fram til eit kvalitativt design

Sjølve problemstillinga og avgrensing av tema vart presentert i kapittel 1.2. Prosessen med å skape ei god problemstilling var utfordrande. I bakhovudet hadde eg mange tankar om temaet, og det vart gjort fleire vurderingar undervegs. Etterkvart vart ei beskrivande problemstilling det som gav mest mening. Hensikta var også at den skulle vere eksplorerande. I eit notat frå denne prosessen skreiv eg blant anna dette:

”Slik eg ser det, er det noko å hente for begge aktørane; kulturskulen kan nå fleire moglege elevar og UKM får fleire påmeldte innslag til dei årlege mønstringane. Lokalt er det likevel store forskjellar på samarbeidet. Som kulturskulelærer har eg opplevd at kollegaer ikkje klarar å sjå verdien i å melde på eigne elevar, fordi ein har ei oppleving av kulturforskjell mellom det UKM formidlar og det kulturskulen står for. På den andre sida har eg også jobba i kulturskular der samarbeidet er tett, og der ein set av ressursar til å skape noko felles. Dette med gode resultat i lokalsamfunnet.”  
(eige notat, 5. September 2016)

Det eg hadde erfart skapa nysgjerrigheit, og slik enda eg opp med problemstillinga; ”Kva ringverknadar gjev lokale samarbeid mellom UKM og kulturskulen?”

I og med at problemstillinga var beskrivande, var det også naturleg at undersøkinga skulle gå i same retning. Fordi eg ønskte informasjon som var nyansert og som kunne gå djupare inn i tematikken, vurderte eg dette som rett. Vidare førte det til førebuingar av eit kvalitativt opplegg som skulle intervju respondentar som jobba med kultur og barn/unge. Tankar, erfaringar og opplevingar som kulturtilsette har gjennom sitt arbeid ville kunne gje eit svar på problemstillinga. Det kunne også vore aktuelt å snakka med eller observere ungdomar som var ein del av eit slikt samarbeid, men her var eg for usikker på eiga kompetanse som forskar, då det er andre omsyn å ta i undersøkingar med ungdom og barn.

## 3.2 Rammer for datainnsamling

Rammene i planlegginga er, i tillegg til utføringa og etterarbeidet av sjølve undersøkinga, med på å påverke forskaren og studia, som til dømes det teoretiske rammeverket. Ut frå kva teoretisk rammeverk ein har med seg, vil forskarar stille forskjellige spørsmål og sjå på forskjellige deler av eit fenomen i ei studie (Nilsen, 2012).


”(...) Slik jeg ser det, snakker de om det samme; nemlig teorien som omgir studien, men ikke nødvendigvis teorien som brukes til å tolke eller forklare funnene. Alle studier har et slikt rammeverk som er utledet fra forståelsen og holdningen forskeren bringer med seg inn i forskningen.” (Nilsen, 2012)

Det teoretiske rammeverket for oppgåva er beskrive i kapittel 3, men i tillegg har eg også min kunstpedagogiske bakgrunn med. Det har vore eit poeng å vere bevisst over dette i planlegginga av intervju, då eg ikkje har ønske om å bringe eigen fagkunnskap direkte inn i samtalen med respondentar.

### 3.2.1 Djupneintervju eller fri samtale?

Eg valde at intervju skulle vere så opne som mogleg, men med nøkkelord/tema og spørsmål som kunne leie samtalen inn på tematikken dersom nødvendig. Mitt håp var at opne intervju ville kunne tilføre informasjon eller detaljar ved datamateriale som eg sjølv ikkje kunne føresjå. Ved å gjennomføre intervju med middels til lav grad av struktur, håpa eg også at

respondentane ville bruke mest mogleg eigne ord og omgrep. Målet var at dei sjølve skulle beskrive sin situasjon og sine meiningar. I figur 3.1 viser eit utdrag av intervjuguiden.



Figur 3.1 Utklipp frå intervjuguide (heile intervjuguiden kan lesast i vedlegg 7)


Den som blir intervjuet vil ofte forvente å få spørsmål, og for intervjuar så kan det vere utfordrande å få respondentar til snakke laust om ulike tema over lenger tid. Det å skape ein flyt vil komme etterkvart som intervjuar får intervjuguiden under huden. Likevel er det vanleg å oppleve ein viss grad av asymmetri i forventa formalitet, som vil seie at respondentane forventar ein meir formell situasjon enn intervjuar håpar på (Tjora, 2017). Dette opplevde eg at varierte, då nokon prata veldig fritt medan andre forventa at eg skulle styre samtalen og tematikken. Derfor var det greitt å kunne ha intervjuguiden framfor meg, for å kunne innfri respondenten si forventning om spørsmål.

### Utval av respondentar

For å finne respondentar å intervju, sendte eg ut ein felles e-post til alle UKM-fylkeskontaktane i Norge. Kontaktinformasjonen deira fann eg på UKM sine nettsider.

Eg fekk svar frå fem fylkeskontaktar. Dei hadde til saman 17 forslag til respondentar. Eg ønska å ha respondentar som var frå forskjellige delar av Norge, og håpa på minst ein respondent frå kvar landsdel. For å få til dette måtte eg også bruke google.no og UKM.no for å finne aktuelle kommunar / respondentar. For alle tipsa eg fekk, søkte eg etter rolle/stilling på kommunenettsider for å få oversikt over kven som var lærarar, leiarar, konsulentar o.l. Figur 3.2 viser e-posten eg sendte til UKM-fylkeskontaktane.





Figur 3.2 E-post til UKM-fylkeskontaktar

Mitt håp var at val av UKM-kontaktar og tilsette som jobba i samarbeidet ville gje god informasjon om tema. Etter mi meining ville dei kunne ha kunnskap om samarbeidet, og dei ville også vere villige til å gje frå seg informasjon. I utvalsprosessen følgde eg tipsa til Jacobsen (2015), og enda derfor opp med å definere intervjuobjekta som respondentar. Dette fordi dei menneska eg ville snakke med representerer ei gruppe som jobbar i samarbeidet mellom UKM og kulturskolen. Samstundes opplever eg også at dei til ein viss grad er informantar, fordi dei gjev informasjon om andre grupper enn seg sjølv – som til dømes ungdom frå deira arbeid.

Har mange nok respondentar vorte intervjua til denne undersøkinga? Håpet var å få intervjua åtte respondentar, men ulike utfordringar kom i vegen, og slik enda eg opp med seks intervju. Undervegs vart vurderinga mi at empiri frå dei seks respondentane mulig utgjorde ei mogleg metting<sup>6</sup> av informasjon, og eg ønska å gjere ein analyse av data eg hadde fått inn. I ettertid skulle eg ønske at eg fekk fleire respondentar, men det er også tydeleg at eg trengte å gjere ein analyse av data for å kunne reflektere og drøfte vidare på problemstilling og tematikk.

<sup>6</sup> "Metting" er eit omgrep opphavleg innført av Glaser & Strass og deira "grounded theory". Dei kallar det teoretisk metting, noko som inneber at forskaren finn informasjon om eit tema heilt til det ikkje er meir ny informasjon å hente (Jacobsen, 2015).

### Telefonintervju

Håpet var å få flest mogleg av respondentane til å gjennomføre intervjuet over videosamtale (t.d. skype eller facetime). Dette vart vanskeleg for nokon, anten fekk ein ikkje teknikken opp å gå, eller så var det greiast for respondenten å gjere det over telefon. Derfor vart berre respondent 4 og 5 intervjuet over videosamtale. Respondent 6 gjorde eit forsøk, men det vart vanskeleg. Resten av respondentane gjennomførte telefonintervju. Tjora (2017) skriv at ein som regel bør unngå å bruke telefon for djupneintervju. Dette fordi ein mister muligheita til å bruke kroppsspråk, og fordi andre aspekt av samtalen forsvinn. Det er likevel ofte nødvendig på grunn av praktiske og økonomiske omsyn, som i dette tilfelle. For at eg skulle få intervjuet personar med base på forskjellige stader i Norge, vart dette nødvendig. Eg tok også eit val om å ikkje intervjuet noko i kommunar rundt Bergen, då eg fort kunne ende opp med nokon eg kjende eller som var i mitt nettverk.

Det vart gjort lydopptak av alle intervjuet, noko respondentane vart informert om når eg først kontakta dei, i tillegg til før sjølv intervjuet starta. Opptaket vart gjort digitalt, ved å kopla eit opptak opp i samtalen som ein konferansesamtale.

### 3.2.2 Anonymitet og informasjon

Eg opplevde at den informasjonen eg var ute etter ikkje trong knytt til noko namn. Derfor ville eg ha ein viss grad av anonymitet knytt til respondentane. Dette handla ikkje om at tema var sensitivt, men eg meinte det ikkje var relevant for undersøkinga å namngje personar. I tillegg ville eg også at det skulle vere mogleg for respondentane å meine det dei ville, utan at dei skulle kunne kjennast igjen direkte av til dømes arbeidsgjevar. Meldeskjema vart sendt til NSD<sup>7</sup>, som godkjende prosjektet (sjå vedlegg 8).

---

<sup>7</sup> Personvernombudet for forskning, som blant anna kvalitetssikrar og internsjekkar for ca. 140 forskings- og utdanningsinstitusjonar. Dette inneber også førehandsvurdering av prosjekt som behandlar personopplysningar (NSD, personvernombud, 2017).

I transkripsjonen av lydopptaka valde eg å normalisere dei. Dette vil sei at eg ikkje brukte dialekt i nedskrivinga av intervjuet, men skreiv på nynorsk. Respondentane snakka ulike dialektar, og eg var observant på at dialektord eller formuleringar kunne vere med på å ikkje-anonymisere dei. Sidan mi dialekt var ulik frå respondentane sine, trur eg også at det kan ha vore med på at respondentane snakka meir "normalisert". Tjora (2017) skriv at det viktigaste som går tapt frå intervju til transkripsjon er visuelle leietrådar og informasjon om stemning. Fordi intervjuet i denne undersøkinga har vore gjort over telefon eller videosamtale har ikkje visuelle leietrådar vore så relevant, men eg har gjort nokre forsøk på å få med noko av den stemninga som har vore ein del av intervjuet. Eg har brukt ord for å beskrive latter, pausar og når respondentane bryt inn i setningane til intervjuet. Dette for å unngå at for mykje informasjon går tapt.

All data har vore behandla og oppbevart digitalt. I behandlinga av personopplysningar og datamateriale frå transkripsjon var eg opptatt av å halde lydfilet og dokument separat frå anna materiale. I tillegg var all informasjon passordbeskytta. Når transkripsjonar av intervjuet var gjennomførde, og eg hadde laga samandrag ut frå dei, vart lydopptaka sletta. Dette var i samband med anbefalingar frå NSD.

Jacobsen beskriv det han kallar for *informert samtykke*. Dette vil seie at den som blir intervjuet eller undersøkt veit kva det vil bety å delta, og at respondenten også gjer dette frivillig. Alle respondentane i undersøkinga har sjølv deltatt frivillig, og fekk informasjon om at dei når som helst kunne trekke seg. Dei fekk tilsendt eit skriv med informasjon om undersøkinga, i tillegg til at eg gav informasjon på nytt i starten av intervjuet med kvar enkelt respondent. Dersom ein gjev for mykje informasjon om hensikta ved undersøkinga, og respondenten veit alt – kan ein risikere å få falske resultat. Mi vurdering er at den informasjonen gjevne i skriv og intervjuet var akkurat nok for å oppnå ein middelveg (sjå vedlegg 9 for å lese informasjonsskrivet til respondentane).

Det siste kriteriet for å ha oppnådd informert samtykke er forståing. Ein må sørge for at respondenten har forstått informasjonen hen har fått, noko som kan vere ei utfordring (Jacobsen, 2015). Det kan vere vanskeleg å vite om respondenten faktisk har forstått det som

forskar har formidla. Mi oppleving er å ha oppnådd informert samtykke, og at respondentane forstod informasjonen.

### 3.3 Etiske diskusjonar

Mange kvalitative forskarar har nærleik og innsidekunnskap gjennom ei dobbeltrolle ettersom dei ofte forskar i sin eigen kontekst. Dette kan vere både bra og dårleg. Ein kan ha mykje relevant kunnskap som kan brukast i ulike delar av undersøkingsprosessen, som til dømes i analyse- og tolkingsarbeidet. Faren er at du som forskar mistar forskarsynet, og at ein lett er meir open for funn som støttar det ein trur. Utfordringa er å arbeide bevisst med refleksivitet og passe på å skape nødvendig distanse til deltakarane, konteksten og datamaterialet i undersøkinga (Nilsen, 2012).

I dette tilfellet har dette vore heilt nødvendig å ta stilling til. Fordi eg har kunnskap og erfaring med kulturskulen og UKM (då kvar for seg), er det lett for meg å skjønne ord og uttrykk som respondenten kan komme med. Det kan derfor ha vore tilfelle der eg burde spørje om respondenten meinte 'slik' eller 'slik', men har lat vere å gjere det fordi eg har gått ut i frå at me har same forståing.

Informasjonen til respondentane har vore open. Det vil sei at eg har formidla kva hensikta med prosjektet har vore, som blant anna kva problemstilling eg jobba ut frå. Det har likevel vore eit poeng for meg å ikkje fortelje respondenten på førehand om min bakgrunn. Dette er eit val som er tatt for å unngå at intervjuet vart prega av "interne" uttrykk og utsegn. Mitt utgangspunkt var at respondentane ikkje skulle snakke til meg som ein kollega eller nokon med felles fagbakgrunn. Nokre av respondentane fekk vite kva fagbakgrunn eg har etter at intervjuet var avslutta, då dette kom naturleg i avrunding av telefonsamtalen.

Har respondentane teke eit sjølvstendig fritt val om å delta? Ja, i utgangspunktet har dei det, men eit fritt val skal også bety at ein stiller til undersøkinga utan press frå andre. Det kan diskuteras om min måte å nå ut til respondentane, gjennom UKM-fylkeskontaktar, ikkje har skapt noko form for press. Det er mogleg at det opplevast som vanskeleg å sei nei til eit intervju når førespurnad kjem med informasjon om at UKM-fylkeskontakten har gjeve deira

kontaktinformasjon vidare til forskar. Dette utgjorde ikkje ein stor del av førespurnaden, berre ein bi-setning, men i ettertid har dette vore greitt å reflektere over.

Sitatsjekk er ikkje ein hovudregel i samfunnsforskning, dette fordi forskaren som regel brukar lydopptak (Tjora, 2017). Eg har vald å ikkje sende intervjuet ut til respondentane for sitatsjekk.

”Intervjuet hører til den spesifikke situasjonen det ble gjort i, og vi er derfor varsomme med å la informantene kommentere hele sitt intervju.”  
(Tjora, 2017)

Det er likevel viktig å sjekke at faktaopplysningar som respondenten kjem med stemmer. Det er forskar sitt ansvar å sørge for at respondenten ikkje kjem i eit dårleg lys. Sitatsjekk er viktigast å bruke dersom respondenten kan kjennast att eller er namngjeve (ibid). Mi vurdering har vore at eg ønskjer å behalde intervjusituasjonen slik den var, og respondentane har ikkje fått moglegheit til sitatsjekk. Det vart anbefalt i tilbakemeldinga frå NSD at respondentane fekk lese gjennom egne opplysningar og godkjenne dei før publisering. Respondentane var kjent med at generelle opplysningar kunne vere indirekte attkjennelege, slik figur 3.3 viser;

#### **Kva skjer med informasjonen om deg?**

Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Student og veileder vil ha tilgang til opplysningane. Opplysningane vil bli lagra på studenten sin personlege datamaskin. Personopplysningar vil lagrast separat frå øvrige data.

Deltakaren kan indirekte bli gjenkjent i publikasjon. Verken namn eller bustad / arbeidsstad vil bli publisert, men andre generelle opplysningar kan gjere ein indirekte gjenkjennbar.


Prosjektet skal etter planen avsluttas juni / juli 2017. Då vil digitale lydopptak bli sletta, samt personopplysningar.

Figur 3.3 Metode: utdrag frå informasjon til respondentar, sjå vedlegg 9 for heile teksten.

I etterkant av intervju har eg, med grunnlag i NSD si tilbakemelding, tatt ei ekstra vurdering, og respondentane er derfor anonymisert ytterligare enn det som i utgangspunktet var tenkt. Det skal også nemnast at alle respondentane har fått ein lovnad om å få tilsendt oppgåva når den er ferdig.

## 4. Analyse

Kvalitative tilnærmingar kjenneteiknast som opne, og ein startar som regel med å leite etter noko som er spesielt. Ein er open for det ukjente og tek imot informasjon som ein kanskje ikkje får ved bruk av andre metodar. Først etter at all data er samla inn vil ein kunne sjå på det meir generelle i resultatata. Dette med grunnlag i det unike me har funne, og som forhåpentlegvis kan vere relevant for fleire. Dette vert også kalla for 'det spesielle' (Jacobsen, 2015). Det unike i denne undersøkinga er svara frå dei opne intervju med respondentane. For å presentere resultatata frå undersøkinga ønskjer eg å balansere det spesielle og detaljerte med det generelle og overordna. Dette vil bli presentert i to inndelingar; 4.1 Eit overblikk og 4.2 Det nære. Figur 4.1 viser eit døme frå prosessen med å analysere data frå undersøkinga.



Figur 4.1 Analyse: Døme på prosess

I analyseprosessen vil ein sortere, organisere, sjå etter mønster, lage modellar og tabellar frå datamaterialet, med meir. Det er systematisering av intervju og transkripsjonar, i tillegg til anna data ein måtte ha. Tolking av datamaterialet vil vere å utvikle idear som ein relaterer til litteratur eller andre fenomen og teori. Det kan vere vanskeleg å skilje analyse og tolking i ein kvalitativ forskingsprosess, då funn og idear om funna vil utvikle seg parallelt. Ein jobbar fram

og tilbake mellom analyse og tolking (Nilsen, 2012: side 104). I dette kapitlet vil resultatene frå datamaterialet, dei kvalitative intervjuene, bli presentert. Det er resultatet av sortering, organisering, utvikling av mønster o.l. frå transkripsjonane som visast fram. Dette kan ikkje gjerast heilt utan å ha tolking inne i biletet. Pendlinga mellom analyse og tolking er heilt nødvendig for å klare å presentere funna og skape heilheit. Eg vil likevel presisere at dette kapitlet handlar om analyse, og hovuddelen av tolkinga og drøftinga vil komme i kapittel 5.

## 4.1 Tabellforklaring og framsyning av datamateriale

Etter å ha intervjuet seks respondentar, sitt eg att med mange sider transkripsjonar og notat. Så når eg no presenterer datamaterialet, ønskjer eg å vise fram så mykje som mogleg utan at det blir for langtekkeleg. Eg ønskjer å fortelje om funna eg har gjort, via 1) sitat frå respondentar, 2) tabellar frå ei generell kategorisering av alle intervjuene, og til slutt 3) visualisere nøkkelord. Tabellane som presenterer data i kapittel 4.2 vil sjå slik ut:

Kryss dersom tema samsvarar med respondent

Setning eller nøkkelord om tema		x		x		x
Setning eller nøkkelord om tema		x	x			


Tematikk frå dei ulike intervjuene

Figur 4.2 Analyse: døme på tabell

Med tabellen gjer eg eit forsøk på å samanlikne data frå dei ulike intervjuene. Fordi det er snakk om kvalitative data er nokon setningar / tema relativt like – men har kvar si rute likevel då formuleringa kan ha andre nyansar.

Kapittel 4.2 vil bestå av tabellar, samanlikningar og sitat. Kapittel 4.3 består av sitat plassert i ulike tema, og nøkkelord. På denne måten håpar eg å få vist fram dei ulike sidene av intervjua.

## 4.2 Eit overblikk



Figur 4.3 Analyse: tematikk og kategorisering

For å skape eit overblikk av datamateriale, laga eg fire kategoriar som kunne sortere og organisere tematikk og utsegn frå respondentane. Kategoriane vart oppretta med utgangspunkt i intervjuguide, problemstilling og nøkkelord frå transkripsjonar. Nøkkelorda frå transkripsjonane var til god hjelp i denne prosessen, då eg fekk oversikt over enkeltord og kva emne som var involvert.

For å sjå på like og ulike element i samtalan med respondentane, laga eg ein tabell inspirert av Jacobsen (2015) sin innhaldsanalyse. Det var ei finare kategoriinndeling, som fokuserte på fire ulike tema: ungdom, samarbeid, eige arbeid og lokalsamfunnet. Figur 4.3 viser korleis ulike tema er kopl opp mot respondentane;



Respondent nr:						
Tema (ungdom)	1	2	3	4	5	6
Flest UKM-påmeldingar er med elevar frå kulturskulen	x	x	x	x		
Det er påmeldt forskjellig ungdom (ikkje berre frå kulturskule)						x
Tross det fleste ungdom driv med kunst						

Respondent nr:						
Tema (samarbeid)	1	2	3	4	5	6
Brakar kulturskulen for å få deltaking til UKM		x	x	x		
Synes UKM er ein bra arena for elevane				x		
Har eiga juniormønstring for 10-12 år				x		
Det er fleire ulike kunstutrvkk påmeldt						

Respondent nr:						
Tema (eige arbeid)	1	2	3	4	5	6
Synes hen har god kontakt med lokal ungdom/elevar	x		x		x	
Synes hen ikkje har god nok kontakt med lokal ungdom						x
Ukjent						

Respondent nr:						
Tema (lokalmiljø)	1	2	3	4	5	6
Publikum (på lokalmønstring) består først og fremst av familie, venner, kjente til deltakara	x		x	x		
Publikum består av forskjellige menneske frå lokalsamfunnet		x			x	

Figur 4.4 Analyse: døme på tabell

Respondentane sine hovudsitat var grunnlaget for å lage generelle kategoriar, og slik kunne eg plassere data i tabellen. Etter å ha gått igjennom alle transkripsjonane, samla eg dei mest brukte orda frå tabellen i ulike ordskyer ut frå tema. Den første kategorien eg vil presentere data frå, handlar om ungdom.

## 4.2.1 Ungdom



Figur 4.5 Ungdom: ordsky

Figuren over representera ei ordsky<sup>8</sup> med utrykk frå tabelloppsettet til samanlikninga av data. Det er derfor ei blanding mellom mine egne utrykk og respondentane sine. Dei største orda representera dei mest brukte orda i tema-feltet. Alle orda i skya er brukt meir enn tre gonger.

Det er viktig å ha i minne at data om ungdom er knytt til respondentane sine utsegn om erfaringar i deira eige arbeid. Det er ikkje representativt for korleis ungdommane som er involvert tenkjer. Tematikken er likevel ein viktig faktor for problemstillinga og samtalene med respondentane, då ungdommane og barna som er deltakara i kulturskulen og UKM er menneska respondentane arbeidar med og for.

Samtalane om ungdom har omhandla forskjellige tema, og eg har vald å sortere dei slik; deltaking, medverknad, fritid, kjennskap til lokal ungdom, utrykk og konkurranse / arena.

---

<sup>8</sup> Ei ordsky er ein illustrasjon av ordteljing ut frå ein tekst. Ei slik eksplorerande øving kan fortelje noko om dei viktigaste tema i ein tekst (Jacobsen, 2015).

Dette er eit forsøk på å skape oversikt, men nokre av elementa frå samtalen kunne vore plassert i fleire kategoriar.

### Deltaking

Den første samanlikninga som er gjort, handlar om respondentane sin oppfatning av deltaking og / eller påmelding frå ungdommane si side. Tabellen under viser kva respondentane har formidla om deltaking.

Flest UKM-påmeldingar er med elevar frå kulturskulen	x	x	x	x		
Det er påmeldt forskjellig ungdom (ikkje berre frå kulturskule)						X
Trur dei fleste unge som driv med kunst og musikk er med i kulturskulen					x	
Deltakinga/påmeldinga har gått ned	x					x
Opplev at interessa for UKM har gått ned (ikkje så høg status lenger)		x				x
Deltakinga/påmeldinga er jamn			x	x		

Tabell 4.1 Ungdom: deltaking

Dei første to punkta handlar om kor vidt respondentane oppfattar om det er flest påmeldingar til UKM-lokalmønstring frå kulturskuleelevar. Det tredje punktet viser til ei anna formulering, der respondent 5 meiner at dei fleste lokale ungdomar som driv med kunst og musikk er involvert i kulturskulen. Punkt to og tre kan ut frå dette sjåast på som like, men med ulik formulering. Ein kan derfor trekke konklusjonen om at ungdommane respondentane jobbar med, i samarbeidet mellom UKM og kulturskulen, i stor grad er knytt mot kulturskule. Det er ein respondent som svarar at påmeldinga til lokalmønstring er meir balansert. Denne respondenten jobbar ikkje sjølv direkte i kulturskulen, og opplyser også at samarbeidet i deira kommune involvera den lokale ungdomsklubben i stor grad.

Nedst i tabellen ser ein på interessa og påmeldinga til UKM-lokalmønstring. To respondentar seier at påmeldinga har gått ned og to andre formidlar at dei kjenner på ei minka interesse for UKM. Ut frå denne empirien, vil det sei at fire av respondentane opplev at det er mindre ungdom som deltek eller interesserer seg for UKM. Respondent 3 og 4 uttrykker at påmeldinga har halde seg jamn.

### Medverknad

Eit av tema som var ein del av intervjuguiden er ungdomsmedverknad. UKM Norge ønskjer stor grad av ungdomsmedverknad, dei seier at *”arrangørene legger stor vekt på medvirkning og delaktighet fra ungdom, og får størst deltakelse og entusiasme der UKM er en del av en kontinuerlig prosess, og inngår i en helhetlig kulturpolitikk”* (UKM, 2017: s. 3). Ungdomsmedverknad var ein del av den planlagde tematikken i intervjuguiden, men respondentane fekk sjølv snakke fritt om korleis dei arbeider med dette i samarbeidet mellom UKM og kulturskulen.

Ungdom er med bak scena (lyd, lys, o.l.)		x	x	x	x	x
Ungdom er med på marknadsføring			x	x	x	
Har eiga gruppe med unge arrangørar			x	x	x	x
Har ungdom med i juryen	x		x			

Tabell 4.2 Ungdom: medverknad 1

Alle respondentane har i ei eller anna form involvert ungdom i prosessen rundt UKM-lokalmønstring. Her ligg forskjellane i kva dei ulike kommunane og respondentane ønskjer å halde fokus på. Respondent 1 uttalar:

”Eg kunne tenkje meg at kanskje ungdommane kunne ha vore engasjert i marknadsføring og slike ting, men akkurat arrangementet trur eg bør bli utført av dei som har greie på det for å sei det sånn. Det trur eg. Men når ein har den moglegheita, at ein har eit godt hus med proffe folk på lyd og lys og den type ting så er det naturleg at det er dei som tar seg av dei bitane. Om det hadde vorte meir blest om UKM om det var nokre ungdomar som stod for marknadsføring og den type ting sjølv, det kan godt hende.”  
(respondent 1, nr. 14 - vedlegg 1)

Intrykket mitt er at nokon ønskjer å halde fast på profesjonelle rammer, og dei lar ungdommane komme til "dekka bord". Andre kombinerer profesjonelle rammer med høg grad av ungdomsmedverknad, på same måte som nokon av respondentane er avhengig av deltakande ungdomar for å få gjennomført arrangementet;

"Det er jo ein viktig gjeng om det er UKM eller andre arrangement. Hadde det ikkje vore for dei gutta der hadde det vore vanskeleg å gjennomføre rett og slett. Det er mykje arbeid i forhold til det tekniske også." (respondent 3, nr. 24 - vedlegg 3)

Går ikkje aktivt inn for å ha med ungdom som arrangørar	x					
Synes det er vanskeleg å få ungdom med som arrangørar		x			x	x
Synes det er enkelt å få med arrangørar			x			
Meiner at dei ungdommane som først blir med i UA-gruppe, blir værande over lenger tid					x	x

Tabell 4.3 Ungdom: medverknad 2

Derfor har det også vore interessant å høyre respondentane sine meiningar om det å få med seg arrangørar. Respondent 1 uttalar at dei ikkje går aktivt inn for å få med ungdom, medan respondent 3 synes det er enkelt å involvere ungdom. Punkt to i figuren over viser at tre respondentar synes det er vanskeleg å få med ungdom til å gjere denne jobben. Samanhengen mellom punkt to og punkt fire er relevant då to respondentar oppfattar at dei klare å halde fast på dei ungdommane som allereie har engasjert seg.

## Fritid

Det er berre ungdommane sjølv som kan svare konkret på korleis dei nyttar si eiga fritid, og kva dei synes er viktig å nytte den til. Respondentane har likevel hatt nokre syn på ungdomar og fritid, som eg ønskjer å legge fram her. Respondentane er tross alt ein del av mange ungdomar si fritid, og ønskjer at ungdomar brukar tid på deira spesifikke aktivitetar i kulturskulen og / eller UKM.

Synes ungdom er opptatt med andre aktivitetar	x	x				x
Meina fleire ungdomar brukar fritida på spel/ <u>gaming</u>		x				
Trur dei fleste ungdomar er med på organiserte fritidsaktivitetar	x		x	x	x	x
Ønskjer å finne ungdom utanfor org. aktivitet				x	x	

Tabell 4.4 Ungdom: fritid 1

Det første punktet refererer til ein samanheng mellom andre aktivitetar og kulturskule / UKM. Tre respondentar meina at ungdom er opptekne med andre aktivitetar. Punkt to omhandlar spel/gaming<sup>9</sup>, og respondent 2 nemner dette spesifikt som ein av grunnane til ungdommane ikkje er like interessert i kulturskule;

”Det er jo mange ungdomar, som dessverre, har blitt avhengig av spel og brukar mykje av ettermiddagen sin til spel. Slik som her i \*kommune så har vi svømming, fotballtrening, skitrening, kulturskulen. På den vesle plassen her har ungdomar mykje å gjere. Også er det slik at i kulturskulen må ungdomar jobbe litt på eiga hand, dei må øve heime. Eller øve på replikkar, altså det blir for tungvint for dei å vere med i kulturskulen. Dei får det liksom ikkje gratis, dei må øve litt og yte litt sjølv for å få eit resultat. Så eg trur det at det er mange unge som ikkje gidder det.” (respondent 2, nr. 12 - vedlegg 2)

<sup>9</sup> Gaming er eit uttrykk for spel via data eller konsoll (Barker, 2012).

Fem av respondentane trur dei fleste ungdommane i deira lokalsamfunn eller kommune er med på organiserte fritidsaktivitetar. To av respondentane uttalar at dei ønskjer å finne ungdom utanfor organisert aktivitet til UKM-lokalmønstring. Respondent 2 og 4 hadde også tankar om kva ungdom tenkjer om kulturskulen / UKM og tidsbruk:

Trur ungdom synes det er tungvint å vere med i kulturskulen pga. t.d. øving og tid.		x		x		
Trur det er lettare for ungdom å vere med ei gong i året, på UKM				x		

Tabell 4.5 Ungdom: fritid 2

Ein respondent trur det er lettare for ungdom å knytte seg til UKM som er ei gong i året, og som ikkje krev heilårleg øving og tidsbruk. Respondent 2 trur også at tid og øving fører til mindre engasjement frå ungdom, men reflekterer også over engasjementet knytt til UKM;

”Og for dei eldre ungdommane, eg veit ikkje, så er det kanskje slik at UKM ikkje er så spennande som det ei gong var. Altså denne verdien av å møtast med andre som driv med kultur, ja, det er kanskje ikkje så spennande.”  
(respondent 2, nr. 12 - vedlegg 2)

### Kjennskap til lokal ungdom

I denne kategorien har eg funne respondentane sine utsegn om ungdomar sin relasjon til kulturskulen. Denne kategorien har eg vald å døype om til kjennskap til lokal ungdom, då det er meir beskrivande for punkta i tabellen.

Trur ungdom har eit nært forhold til kulturskulen, og brukar kulturskulen	x					
Trur ungdom flest kjenner til kulturskulen og dei som jobbar der	x	x			x	
Synes dei har god oversikt over ungdommar som driv med kultur				x	x	

Tabell 4.6 Ungdom: kjennskap til lokal ungdom

Tre respondentar trur lokal ungdom kjenner til kulturskulen og dei som jobbar der. Respondent 1 trur ungdommane har eit nært forhold til kulturskulen og nyttar den. Punkt tre viser at respondent 4 og 5 opplev at dei har god oversikt over ungdomar som driv med kultur.

”(...) Ja det er jo enklare når ein bur på mindre stader. For her har vi mykje meir oversikt over kven som driv på med kva. Vi har jo og musikkbingen, ikkje sant, som er open for dei som og ikkje er elevar på kulturskulen. Så vi har heile tida ein slags peiling på kva som rører seg.”  
(respondent 4, nr. 10 – vedlegg 4)

### Utrykk

Figur 4.7 viser, etter mi meining, tre ulike sider av same sak. Det er tre respondentar som uttrykker at nokre ungdomar kan vegre seg for å melde seg på UKM, fordi dei har meiningar om UKM som hindrar det. Ein kan ikkje vite om dette er representativt for ungdommane som vegrar seg, for dei har ikkje fått uttalt seg. Likevel har tre av respondentane ei oppleving av at dette er realitet.

Veit om ungdommar med utrykk som ikkje fins som tilbod i kulturskulen, desse melder seg på UKM				x	x	
ungdom dukkar opp på UKM med ulike utrykk som ikkje har vore kjent for dei før					x	
Synes det er viktig at lokalmønstringa og kunstutrykka representera ungdommane, og ikkje eit mangfald av utrykk					x	

Tabell 4.7 Ungdom: utrykk

Tidlegare, under kategorien deltaking, har fleire av respondentane formidla at det er flest kulturskuleelevar som deltek på UKM-lokalmønstring. Når nokre av respondentane har vore inne på tema utrykk, har det likevel dukka opp element av motsetningar til dette. Her kan ein sjå at respondent 5 meiner at det er viktig at UKM-lokalmønstring representerer



ungdommane, og har opplevd at ungdomar med ukjende utrykk har delteke på UKM. To respondentar har erfart at det er utrykk som ikkje kulturskulen er involvert i, og at det kjem ungdomar til UKM med desse utrykka.

### Konkurransse / arena

Fem av respondentane trur/opplever, at ungdom kan sjå på UKM som ein konkurransse. Det er ulike oppfatningar frå respondentane på korleis dei meiner dette påverkar ungdommane.

Trur nokon synes det er skummelt å skulle gå vidare til fylkesmønstring			x			
Opplev at ungdom ikkje vil vere med på UKM fordi det er ein konkurransse						x
Trur konkurransseaspektet er ein drivar for å melde seg på lokalmønstringa	x	x		x		

Tabell 4.8 Ungdom: konkurransse / arena

To respondentar opplever at det å gå vidare til ei fylkesmønstring opplevast som negativt, medan tre respondentar trur ungdommane treng konkurransseaspektet for å melde seg på.

”(...) Men, vi er jo heile tida også opptatt av å evaluere ”kva er eigentleg UKM?” (...) Vi får jo mykje tilbakemelding om at dei ikkje vil vere med fordi det er ein, det opplevast som ein konkurransse.”  
(respondent 6, nr. 40 og 41 – vedlegg6)

## 4.2.2 Samarbeid

I problemstillinga er ordet samarbeid nemnt, og derfor har eg teke med omgrepet vidare i sorteringa av data frå respondentane. Kategoriane som er brukt under dette hovudtema er; organisering, uttrykk, UKM, kulturskulen og lærarar, konkurranse og samarbeid.



Figur 4.6 Samarbeid: ordsky

Det har vore ei utfordring å plassere ulike element under dette tema, då det heile vegen er ulike aspekt av samarbeidet i samtalane med respondentane. Først nokre generelle data om samarbeid.

Kulturskulen har ansvaret for UKM	x			x	x	
Gjer endringar i samarbeidet, slik at kulturskulen får enda større del av UKM						x
Respondent tek initiativ til samarbeid på eiga hand (ingen samarbeid på "papiret")		x	x			
Kulturskulen prioriterer ikkje UKM, personleg engasjement			x			

Tabell 4.9 Samarbeid 1

Figur 4.9 viser kvar ansvaret ligg i forholdet mellom UKM og kulturskulen. Respondent 2 og 3

tek initiativ til at det eksisterer eit samarbeid mellom kulturskulen og UKM. Det er ikkje noko som er bestemt av kommunen dei jobbar i, men respondent 2 uttrykker at det er slik det fort blir når ein har fleire oppgåver i si stilling;

”Det er jo eit samarbeid med kulturskule, altså meg og UKM då. Men det blir jo gjerne slik at når ein sitt med fleire hattar på at ein prøver å samkjøre litt. (...) No er eg så heldig at eg sitt på, at eg er både kulturskuleleder og ansvarlig for UKM. Så det er klart det blir lettare då.” (respondent 2, nr. 8 - vedlegg 2)

Tre av respondentane har samarbeidet som ei oppgåve i si stilling, altså har kulturskulen ansvaret for UKM. Respondent 6 forklarar at dei er inne i ei endring for å få kulturskulen enda meir involvert i UKM, sjølv om det allereie eksistera eit samarbeid;

”Så grunnen til at eg vil trekke meg vekk er kapasitet, og at eg er langt vekke frå ungdom. (...) Også må det skje på ungdomshuset, for der er det jo ungdom frå før. Slik at det blir ein del av både kulturskulen sitt tilbod og ungdomshuset sitt tilbod.” (respondent 6, nr. 11 - vedlegg 6)

I intervjuet med respondentane kom det også opp utsegn om kulturskulen si rolle i samarbeidet med UKM. Her uttrykker tre respondentar at det er positivt at kulturskulen arrangerer UKM.

UKM = kulturskulearrangement	x					
Vil ikkje at UKM skal vere ein kulturskulearena, eller eigen "kulturskule-klubb"				x	x	
UKM er ikkje definert som kulturskulearrangement, men er i praksis det					x	
Synes det er bra at kulturskulen arrangerer UKM	x	x			x	

Tabell 4.10 Samarbeid 2

Respondent 1 seier beint ut at UKM er eit kulturskulearrangement, medan ein anna meiner det fungerer som det i praksis – sjølv om dei ikkje uttalar at det er dette. To respondentar er opptekne av at UKM ikkje må framstå som ein kulturskule-klubb der det ikkje er plass til anna ungdom.

”(...) Så dei få som ikkje er med på noko, men fortsatt vil melde seg på UKM, korleis får på ein måte sørga for at dei ikkje trur at vi er ein liten klubb? Der dei ikkje kan melde seg på. Så det er jo kanskje det eg tenkjer at vi må vera litt obs på da. At ein treng absolutt, for all del, ikkje ver elev på kulturskulen for å melde seg på UKM.” (respondent 5, nr. 23 - vedlegg 5)

Har lyd og lys-gruppe på kulturskulen som brukast til UKM			x			
Brukar <u>UA</u> -gruppe frå UKM til kulturskulearrangement					x	
Brukar kulturskule-system for å registrere <u>UA</u> -gruppe (gratis tilbod)					x	

Tabell 4.11 Samarbeid 3

Figur 4.11 viser to respondentar som nyttar arrangørgruppe i samarbeidet. Slik jobbar dei også med ungdomar som arrangørar utover UKM-lokalmønstringa. Respondent 5 seier at dei nyttar kulturskulen sitt system (SpeedAdmin<sup>10</sup>) for å registrere ungdommane, slik at dei har kontakt med føresette. Tilbodet er gratis, men dei nyttar kulturskulen sine verktøy for å kunne sende ut informasjon og liknande til gruppa gjennom året.

Fire respondentar formidlar at dei startar planlegginga av UKM tidleg i skuleåret;

Startar planlegginga tidleg (t.d. hausten)		x	x	x	x	
--	--	---	---	---	---	--

Tabell 4.12 Samarbeid 4

<sup>10</sup> Eit nettbasert administrasjonsverktøy for musikk- og kulturskulane (Speedware, 2017)

## UKM

Har berre lokalmønstring i løpet av året	x		x			
Har fleire UKM-aktivitetar, men prosjektbasert ( <u>workshop</u> , kurs)	x			x	x	x
Ønskjer å utvide UKM			x			x
Synes det er vanskeleg å utvide UKM, ingen planar om det	x					
Trur kurs o.l. arrangert i forbindelse med UKM er ei gulrot for å delta		x				

Tabell 4.13 Samarbeid: UKM

Figur 4.13 viser kva type UKM aktivitetar respondentane har i sine kommunar. Det er to respondentar som berre har UKM-lokalmønstring i løpet av året, medan fire har forskjellige kurs eller workshops i tillegg. Respondent 3 og 6 uttrykker at dei ønskjer å utvide eller gjere UKM større. Respondent 1 seier dette ikkje er så lett, og har foreløpig ingen planar om dette. Det er ein respondent som uttalar at kurs og liknande er motivasjon for å få deltakara til UKM;

”(...) Ja ikkje sant, for då får dei jo møte andre ungdomar som er litt engasjert. Får litt ekstra guts til å vere med på å arrangere. For eg synes at dei kursa som dei har hatt i \*by har vore veldig bra. Og dei har komme heim der i frå fulle av idear.” (respondent 2, nr. 18 - vedlegg 2)

## Kulturskulen og kulturskulelærarar

Brucar kulturskulen for å få deltaking til UKM		x	x	x		
Synes UKM er ein bra arena for elevane				x		

Tabell 4.14 Samarbeid: kulturskulen og kulturskulelærarar 1

Figur 4.14 viser at tre av respondentane brukar kulturskulen til å få påmeldingar og deltakara til UKM. Respondent 4 uttrykker at UKM er ein positiv arena for elevane ved kulturskulen.

Kulturskulelærarar er med å arrangere lokalmønstring	x	x			x	x
Kulturskulelærarane er involvert i planlegginga av UKM				x		
Planlegg å involvere kulturskulelærarar i større grad enn før						x
Kulturskulen og lærarar legg til rette for øving før UKM				x	x	x

Tabell 4.15 Samarbeid: kulturskulen og kulturskulelærarar 2

Som tabellen over viser, er kulturskulelærarar involvert i UKM på ein eller anna måte for fem av respondentane. Det er snakk om deira eigne kollegaer, så når ein respondent (som sjølv jobbar i kulturskulen) ikkje har fått kryss for dette, er det fordi kollegaene til vedkommande ikkje er involvert. Respondent 6 er i prosessen med å involvere kulturskulelærarane enda meir. Tre av respondentane formidlar at lærarane legg til rette for øving før UKM.

”(...) Så vi prøver å finne ein slags balanse mellom der lærarane legg veldig til rette for og samlar saman grupper i samspel. Men så legg vi også til rette for at dei skal kunne få ekstra øvingstid på kveldstid viss dei ønskjer det og opnar lokala. Så noko er både lærarstyrt, men det er mest elevstyrt eigentleg.”  
(respondent 4, nr. 2 - vedlegg #)

Som figur 4.15 viser, er det ein respondent som ikkje har involverte kollegaer frå kulturskulen. Figur 4.16 viser nokre av utfordringane respondenten opplev i samarbeidet mellom UKM og kulturskulen. Denne utfordringa skal greiast meir ut om i kapittel 4.3.3

Har med eigne elevar som deltek på UKM			x	x		
Det berre eigne elevar som deltek			x			
Synes UKM har lav status hjå kollegaer			x			

Tabell 4.16 Samarbeid: kulturskulen og kulturskulelærarar 3

## Utrykk

Denne delen av temaet samarbeid omhandlar kor vidt kulturskulen påverkar kva kunst- og kulturutrykk som kjem med i UKM-lokalmønstring.

Det er fleire ulike kunstutrykk påmeldt UKM (dette året)	x			x		
Det er få ulike kunstutrykk påmeldt UKM (dette året)		x	x		x	
Kulturskulen prøver å påverke kva utrykk som blir meld på UKM	x					
Ønskjer ikkje å påverke kva utrykk som er med				x	x	
Variasjon av utrykk er forskjellig frå år til år	x			x	x	x

Tabell 4.17 Samarbeid: utrykk

Det er berre respondent 1 som uttrykker at kulturskulen vil påverke utrykka i UKM. For respondenten er dette med grunnlag i å vise fram dei ulike sjangrane som fins;

”Det var jo unekteleg slik at det var stort sett to type innslag. Det var jenter som song til playback, også var det band. Og det har vi prøvd å snu litt rundt, og i år hadde vi opptil fire eller fem innslag som kan klassifiserast som klassisk musikk. Fiolin og piano blant anna. Vi hadde også drill og dans som ikkje har vore mykje av før. Eller det har vore litt av og på.”  
(respondent 1, nr. 23 - vedlegg 1)

Fire av respondentane meiner at variasjonen i utrykka er ulik frå år til år, noko respondent 1 nemner i sitatet over også. I punkt 1 og 2 i tabellen ser ein at to av respondentane opplev at det var fleire ulike utrykk på UKM-lokalmønstringa dette året (2017), medan tre formidlar at det har vore få ulike utrykk.

To av respondentane ønskjer ikkje å påverke uttrykk som blir påmeldt UKM-lokalmønstring, og respondent 4 reflektera over kvifor det er slik;

”(...) For på kulturskulen skal du kanskje vise at du skal prestere noko, på UKM er det litt ... Du skal prestere, men likevel er det litt meir laidback. (...) Det er eit veldig godt første møte, men det er også veldig bra for kulturskuleeleven som kanskje på kulturskulen må spele noko som læraren har bestemt – men på UKM kan bestemme sjølv.”  
(respondent 4, nr. 30 og 31 – vedlegg 4)

### 4.2.3 Eige arbeid



Figur 4.7 Eige arbeid: ordsky

Samtalen med respondentane har dreidd seg om deira erfaringar og opplevingar av samarbeidet mellom UKM og kulturskulen. Derfor er det også naturleg at det har vorte snakk om ulike element ved deira eige arbeid; relasjon til ungdom og verdier / meiningar. Først vil eg presentere nokre generelle tema om eige arbeid.



I denne første tabellen ser ein kor respondentane jobbar. I tillegg er nokre av dei leiarar for kulturskulen.

Jobbar i kulturskulen					x	
Jobbar i kommunen, t.d. kulturavdeling						x
Jobbar med fleire ting i kommunen (inkl. Kulturskulen)		x	x	x		
Jobbar i kulturskulen, men får anna ansvar i tillegg	x					
Er leiar i kulturskulen eller for si avdeling	x	x		x		

Tabell 4.18 Eige arbeid 1

Fem av respondentane jobbar i kulturskulen, tre av dei med andre stillingar/roller i kommunen. Tre av respondentane er leiarar i kulturskulen. To ulike omgrep vart brukt; kulturskulerektor og kulturskuleleiar. Ein respondent er konsulent for kulturavdelinga i sin kommune.

”(...) Det er blitt slått i hop til ei avdeling, med avdelingsleiar på toppen der. Sånn at eg som rektor no i kulturskulen er ikkje, sitt ikkje, på mi eiga tue lenger. Eg er ein del av eit team og kan få oppgåver som ikkje nødvendigvis er berre kulturskule-ting. Og ei av dei oppgåvene er då å arrangere UKM lokalt. Så det har me gjort.” (respondent 1, nr2 – vedlegg 1)

Har noko med UKM å gjere i lenger tid	x			x		x
Har ikkje jobba så lenge med UKM					x	
Planlegg å trekke seg ut av UKM						x

Tabell 4.19 Eige arbeid 2

Figur 4.19 viser at tre av respondentane har jobba med UKM i lenger tid, medan ein ikkje har jobba så lenge med UKM. Det nedste punktet viser at respondent 6 planlegg å trekke seg ut av UKM. Denne respondenten har frå før av jobba med UKM i lenger tid.

## Relasjon til ungdom

”(...) Som eg seier til deg, ein kan ikkje berre henge opp ein plakat også arrangere sjølve mønstringa. Ein er nøydt til å få deltagara også. Og det trur eg vår rolle, eg veit ikkje, vi som UKM-kontaktar må bli litt meir opplyst om at det ikkje er berre sjølve arrangementet.” (Respondent 2, nr. 16 – vedlegg2)

”(...) Ja flesteparten av barn og unge i \*stad er med i ein eller anna organisert aktivitet. Så er det jo andre, ikkje berre innan kulturskulen, men også 4h liknande som kunne vore aktuelt for UKM. Men det treff jo minst halyparten av unge i kulturskulen allereie så det er jo den mest naturlege staden å starte, vertfall her i \*stad. Det vil eg sei i mange andre kommunar også.” (respondent 3, nr. 20 – vedlegg 3)

Under denne kategorien har respondentane uttrykt i kva grad dei treff ungdom eller har kontakt med ungdom.

Synes hen har god kontakt med lokal ungdom/elevar	x		x		x	
Synes hen ikkje har god nok kontakt med lokal ungdom						x
Treff ungdom fleire forskjellige stade på grunn av jobb (grunnskule, kulturskule, fritidsklubb o.l.)		x	x			
Treff ungdom fleire forskjellige stade på grunn av plassering av arbeidsstad					x	
Jobbar ikkje direkte med ungdom						x

Tabell 4.20 Eige arbeid: relasjon til ungdom

Tre av respondentane opplev å ha god kontakt med lokal ungdom og / eller elevar. Respondent 6 synes ikkje at kontakten er god, men denne respondenten jobbar heller ikkje direkte med ungdom. Det er også denne respondenten som har forklart at dei er inne i ei endring av samarbeidet mellom UKM og kulturskulen. Respondent 5 har ungdom tettare på

seg grunna plassering av arbeidsstad, medan to andre treff ungdomar i andre formar for arbeid – som til dømes grunnskule eller fritidsklubb.

### Verdiar og meiningar

I samtalanane med respondentane kom det opp element som eg oppfattar som verdiar og meiningar i forhold til deira eige arbeid. I tabellen under ser me nokre dømer på dette;

Synes det er viktig å kalle UKM for ein arena		x		x	x	
Opptatt av ein "middelveg". At UKM ikkje skal vere ein arena for "den" eller "den"			x	x	x	
Vil unngå at UKM blir ein "flinkiss"-arena				x		

Tabell 4.21 Eige arbeid: verdiar og meiningar

I kapittel 4.1 har respondentane sine utsegn om konkurransedelen av UKM vorte lagt fram. Punkt 1 viser at tre av respondentane synes det er viktig at UKM blir kalla for ein arena. Respondent 4 uttrykker også at UKM ikkje må bli ein "flinkiss"-arena;

"Vi prata veldig mykje om det i styringsgruppa, at UKM ikkje må bli ein slik flinkiss-arena. For det er så veldig mange slike flinkiss-arenaer. Og at viss det blir for høgt nivå så mister du dei som verkeleg skulle ha vore der."  
(respondent 4, nr. 27 – vedlegg 4)

Tre respondentar er opptatt av middelvegen i UKM, respondent 3 formulera det slik;

"(..) Å dra ut potensiale i forhold til kulturskulen men samtidig, på ein måte, ikkje skremme andre da. Frå å delta. At det blir ein felles arena, og ikkje ein arena for anten "den" eller "den". (respondent 3, nr. 38 – vedlegg 3)

#### 4.2.4 Lokalsamfunn / miljø

Eit tema som var ein del av intervjuguiden, handla om nærrområde eller lokalsamfunnet. Her har respondentane i stor grad snakka opent om det dei har ønska, og på den måten har eg enda opp med kategoriane publikum og samarbeid, i tillegg til generelt om lokalsamfunn.



Figur 4.8 Lokalsamfunn / miljø: ordskey

I ordskeya står ordet "lokalsamfunnet" fram som eit av dei mest brukte orda. Derfor byrjar eg med nokre generelle opplevingar frå respondentane;

Synes UKM som arrangement er viktig for identiteten til lokalsamfunnet				x		
Trur kulturskulen har høg status i lokalsamfunnet	x	x			X	
Trur UKM har høg status		x			x	
Trur UKM er synonymt med kulturskule					x	
UKM / kulturskulen = hovudkulturkjelda					x	

Tabell 4.22 Lokalsamfunn / miljø 1

Tre respondentar opplev at kulturskulen har høg status i lokalsamfunnet, og to av dei opplev

det same med UKM. Respondent 5 trur UKM er synonymt med kulturskulen og ser på aktørane som hovudkulturkjelda i kommunen;

”Eg trur nok det at vi skulle ha tatt vekk UKM og kulturskulen så hadde det blitt ganske stilt. Ja. Det er liksom hovudkulturkjelda da. Ikkje berre for ungane, men for vaksne også. Vi har jo mange arrangement i løpet av eit år, der vi trekker masse folk. Folk støtter opp om utstillingar, alle konsertar, hjelper til frivillig.” (respondent 5, nr. 42 – vedlegg 5)

Respondent 4 synes UKM er viktig for identiteten til lokalsamfunnet;

”For det er jo litt slik at når du først har blitt med i UKM når du er 10-12 år, så ser du dei same igjen år etter år. Også kjem det nye drypp heile tida, så det er nok viktig for enkeltpersonar. Også er det også veldig viktig for identiteten til lokalsamfunnet, og ha noko slikt som kan vere så positivt.” (respondent 4, nr. 33 – vedlegg 4)

<b>Trur at andre lokale fritidsaktivitetar og kulturarrangement påverkar påmeldinga til lokalmønstringa</b>	<b>x</b>	<b>x</b>				<b>x</b>
---	----------	----------	--	--	--	----------

Tabell 4.23 Lokalsamfunn / miljø 2

Tre respondentar utrykker at lokalsamfunnet påverkar UKM-påmeldinga i noko grad, som til dømes andre fritidsaktivitetar i området. Respondent 1 forklarar det slik;

”Det skjer veldig mykje på ei gong, sånn at ungdommane har liksom ikkje tid til å prioritere UKM i år. Vi var nede på berre seksten scene ... Nei, jaja, viss vi inkludera konferansierane som var påmeldt så var vi atten sceneinnslag. (...) Og det er iallfall ti mindre enn det vi har brukt å hatt tidlegare, trur eg. Det har variert litt sjølvsagt, men det har ligge mellom femogtjue og tredve stort sett.” (respondent 1, nr. 5 og 6 – vedlegg 1)

## Publikum

Publikum (på lokalmønstring) består først og fremst av familie, venner, kjente til deltakara	x		x	x		
Publikum består av forskjellige menneske frå lokalsamfunnet		x			x	
Publikum gjev gode tilbakemeldingar		x				
Lokal media er lett å involvere når det er arrangement				x	x	

Tabell 4.24 Lokalsamfunn / miljø: publikum

Tre respondentar meiner dei fleste i publikum på UKM-lokalmønstring er kjende av deltakarane. Respondent 2 og 5 opplev at det kjem ulike menneske, at det er ei god blanding.

”(...) Det blir heile bygda, for det er mange som seier ’sjølv om vi ikkje har ungar med, kan vi komme og sjå?’ ’Ja sjølvsagt får de lov til det.’ Så det synes eg er artig, for det hadde vore trasig om berre var foreldre og nære venner som kom.” (respondent 2, nr. 26 – vedlegg 2)

Respondent 2 formidlar også at publikum gjev tilbakemeldingar til ungdomane, og uttrykker seg positivt om dette. Nedst i figur 4.24 ser ein at to av respondentane meiner det er lett å involvere lokal media for å skape blest om arrangement.

## Samarbeid

Alle respondentane formidlar at dei bruker eit lokale kulturhus eller scener for å arrangere UKM-lokalmønstring. Tre respondentar fortel at dei bruker profesjonelle lyd- og lydteknikarar som står utanfor kulturskulen/UKM.

”Sidan det er så stor mønstring har vi fokusert på at lyd og lys, det leiger vi inn profesjonelle folk til. Når det er 30 innslag per førestilling, også skulle

sette ein ungdom til det. Det kan vere ein risikosport.”  
(respondent 4, nr. 18 – vedlegg 4)

Brukar eit lokalt kulturhus, samfunnshus, fritidsklubb eller liknande til lokalmønstringa	x	x	x	x	x	x
Samarbeida med andre (kultur)tilsette i kommunen / lokalmiljøet	x					x
Bruker profesjonelle lyd og lydteknikarar som står utanfor kulturskule/UKM	x			x	x	
Brukar valfaget "sal og scene" på ungdomsskulen til å styre lyd/lys						x

Tabell 4.25 Lokalsamfunn / miljø: samarbeid 1

Punkt 2 viser at to av respondentane samarbeida med andre tilsette i kommunen. Respondent 6 fortel at dei samarbeider med valfaget "sal og scene" på ungdomsskulen for å halde lyd og lys;

"I år har sal og scene på ein av ungdomsskulane gått direkte inn og lagt undervisninga si til UKM. Så dei har gjort alt det tekniske."  
(respondent 6, nr. 6 – vedlegg 6)

Samarbeider med grunnskule og / eller barnehage		x				x
Ønskjer å nå ut til grunnskule for å få påmeldingar til UKM				x		
Kulturskulelærarar har undervisning i grunnskulen					x	
Eit av trinna på ungdomsskulen har tilbod om å arrangere kiosk på lokalmønstringa		x			x	

Tabell 4.26 Lokalsamfunn / miljø: samarbeid 2

Der respondent 4 uttrykker eit ønskje om å samarbeide eller nå ut til grunnskulen for påmeldingar til UKM-lokalmønstring, har respondent 2 og 6 allereie eit samarbeid med grunnskule eller barnehage.

”(...) For å få brukt dei andre, vi er jo ei lita bygd, så bruker vi også ha samarbeid med barnehagen. Vi, ilag med dei yngste i kulturskulen, lager eit lite pauseinnslag. Slik at dei blir vand med å stå på scena.”  
(respondent 2, nr. 2 – vedlegg 2)

Respondent 5 formidlar at kulturskulen har undervisning i grunnskulen, og på den måten har kontakt. I tillegg tilbyr dei ungdomskulen å arrangere kiosk på UKM-lokalmønstringa, noko respondent 2 også gjer.

Har kontakt med lokale kulturtilbod som er utanfor kulturskulen/UKM (korps, teater o.l.)						x
Den lokale fritidsklubben har ansvaret for UKM			x			
Samarbeida med den lokale fritidsklubben						x

Tabell 4.27 Lokalsamfunn / miljø: samarbeid 3

Tabell 4.27 viser at respondent 6 fortel om samarbeid og kontakt med den lokale fritidsklubben for ungdom, i tillegg til korps og teater. I Respondent 3 sitt tilfelle er det den lokale fritidsklubben som har ansvaret for UKM-lokalmønstringa;

”Ja altså slik som det er i \*stad så er det jo fritidsklubben som har ansvaret for UKM, og der jobbar eg som klubbarbeidar. Men i tillegg så jobbar eg på kulturskulen.” (respondent 3, nr. 1 – vedlegg 3)



## 4.3 Det nære

I dette kapittelet vil ein sjå nærare på tematikk og data frå den enkelte respondent. Samanlikning og ein viss grad av generalisering er gjennomført i kapittel 4.2 Eit overblikk, og vidare skal eg gå meir kvalitativt inn i kvar samtale med respondentane. For å kunne presentere dette datamateriale har eg vald å dra ut desse tema frå respondentane:

### **Detaljert informasjon frå undersøkinga:**

**- den enkelte respondent si oppleving / utsegn**

**R1 - Å kjenne ungdom godt som kulturskule, ungdom og fritid**

**R2 - Å ha fleire jobb-hattar, om å involvere heile bygda**

**R3 - Vanskeleg å involvere kollegaer, personleg engasjement i samarbeid**

**R4 - Stor grad av ungdomsmedverknad, fleire kommunar i samarbeid**

**R5 - Ungdom sine kulturutrykk, motivasjon av ungdomsmedverknad**

**R6 - Nærheit til ungdom, samarbeid i endring**

*Figur 4.9 Analyse: det nære*

Utval av tema er baser på intervju med kvar enkelt respondent. Nokon av tema har fleire av respondentane vore innom, men for å få ei god og brei beskriving har eg prøvd å finne fram ulike synsvinklar.

Eg ønskjer å presentere ei rekkje sitat og utsegn frå kvar enkelt respondent. Samanheng/tema/spørsmål vil stå over utsegnet til respondenten. Eg ønskjer ikkje å legge fram mi tolking eller drøfting, men konkrete kvalitative data frå kvar enkelt respondent.

### 4.3.1 Respondent 1

Eit fullstendig samandrag frå intervjuet med respondent 1 ligg i vedlegg 1. Respondent 1 er leiar for kulturskulen i sin kommune. Kulturskulen har ansvaret for å arrangere UKM.

#### **Tema: Å kjenne ungdom godt som kulturskule**

*Kvifor det er samarbeid:*

”Det er vel reint organisatorisk trur eg. Så kan du sei samarbeid ... Det er jo kanskje no blitt slik at kulturskulen er UKM på ein måte. (ler)”

*Om dei fleste deltakarane på UKM:*

”Det er vel ikkje til å stikke under ein stol at dei fleste deltagarane har ein eller anna tilknytning til kulturskulen. Men sånn er det vel egentlig alltid på ... Ja egentlig har det alltid vore sånn. Ungdommane no til dags er vel rimeleg gjennom-organiserte. Det er ikkje så mykje som skjer som ikkje på eit eller anna vis er organisert. Og mange er ikkje vandt til å måte organisere seg sjølv heller, er jo både godt ... (ler) Altså det er vel kanskje gale, ikkje sant? Men det er no sånn det har blitt. Dei har hundrevis av tilbod å velje i rundt om kring, og det er ikkje slik at dei må gripe fatt sjølv for at noko skal skje.”

*Om dei fleste ungdomane i kommunen:*

”Vi henvender oss jo utover i den grad det er mogleg til alle. Men faktum er jo at dei fleste ungdomane i \*kommune er på ein eller anna måte med i organisert aktivitet. Dei er vandt til å søkje seg til, for eksempel \*konsertscene som er eit lokale som er opent for at kven som helst kan komme der og øve der med band. Og dei nyttar seg av det, men når ein ser på kven som nyttar seg av det så er det jo dei same folka som vi har i kulturskulen. (ler)”

*Om ungdommane sitt forhold til kulturskulen:*

”Sånn att ungdommane har eigentleg eit ganske nært og naturleg forhold til kulturskulen og brukar gjerne kulturskulen. Sjølv om dei kanskje ikkje er med i kulturskulen er det fort gjort at dei spelar i band eller lignande med nokon som er det, og det er ikkje unaturleg at dei spør meg om hjelp til noko viss det trengs.”

*Om plassering av kulturskulen:*

”Og ein anna ting som er litt spesielt i \*kommune, er at ungdomsskolen er i same lokale som kulturskulen. Noko som gjer at kulturskulen ikkje er ei greie som ligg for seg sjølv. Alle ungdommane som går på ungdomsskolen kjenner kulturskulen og veit kven som jobbar der og er elevar der. Ikkje sant? Dei passerar heile tida forbi der. Det er ikkje nokon ungdomar som synes at det er rart, trur eg, å ha noko med kulturskulen og gjere. Dei har ikkje noko fiendtleg haldning, viss eg kan sei det på den måten. (ler)”

*Om ungdommen sin kvardag og kulturskulen:*

”Eg veit ikkje om du skjønner kva eg meina, men kulturskulen er ein heilt normalt integrert del av alle ungdommane sine dagar. Anten dei vil eller ei (ler).”

### **Tema: Ungdom og fritid**

*UKM som fritidsaktivitet:*

”Det einaste problemet er jo kanskje akkurat som det er no, er at det er mykje anna som skjer. Og UKM er ein ting som kjem litt på toppen av alt det, sånn at det kan vere at det blir vanskelig å utvide UKM utover det som me gjer – for å sei det sånn. For då vil det unekteleg komme til å gå på bekostning av noko anna kanskje. Så foreløpig er det ingen planar om å utvide UKM aktiviteten i \*kommune.”

*Om ei scene for ungdom:*

”(...) Ja, i \*kommune så trur eg at den moglegheita til å gå vidare og komme til fylkesmønstringa er ein viktigare faktor enn berre det å få ei scene å stå på. For dei aller fleste faktisk ut av dei som var påmeldt på UKM i år står mange gonger på scena i løpet av året, i andre samanhengar.”

*Om ungdom og organisert fritid:*

”Eg trur viss du skal klare å falle heilt ut av all organisert aktivitet (når) du er ungdom i \*kommune, då må du gå inn for det. Viss du skal klare å styre heilt av å vise igjen. Viss eg kan sei det sånn. Det er mange moglegheiter for å vere på ting. Så at UKM ikkje skal ha noko konkurransefaktor, vertfall i \*kommune, eg trur ikkje du kjem langt med det. (ler)”

#### **Nøkkelord**

**tilknytning - organisert - nært - forhold - integrert -  
bekostning - scene - konkurransefaktor**

Figur 4.10 Det nære: nøkkelord respondent 1

### 4.3.2 Respondent 2

Eit fullstendig samandrag frå intervjuet med respondent 2 ligg i vedlegg 2. Respondent 2 er leiar i kulturskulen, UKM-kontakt for sin kommune. Jobbar også som lærar og har ansvar for DKS<sup>11</sup> i sin kommune.

#### **Tema: Å ha fleire roller**

##### *Om fleire roller*

”Det er jo eit samarbeid med kulturskule, altså meg og UKM då. Men det blir jo gjerne slik at når ein sitt med fleire hattar på at ein prøver å samkjøre litt.”

##### *Om fordelar ved fleire roller*

”No er eg så heldig at eg sitt på, at eg er både kulturskuleleder og ansvarlig for UKM. Så det er klart det blir lettare då. Men det er jo sikkert fleire som deler stillinga si i små stillingar. At kulturskuleleiar har UKM og DKS, reknar eg med.”

##### *Om å mase litt på ungdomar*

”Også er eg sjølv lærar så eg treff dei jo på skulen, så det blir jo litt slik; ”du som er så flink til å teikne, kan ikkje du melde deg på UKM, eg har jo sett at du har laga så mykje fint”. Sant? Så det blir jo litt slik at ein masar til seg ungdom for å få dei til å melde seg på. Men så tenkjer eg også at viss eg ikkje gjer det, så blir det ikkje noko UKM.”

#### **Tema: Om å involvere heile bygda**

##### *Om samarbeid med barnehage*

”For å få brukt dei andre, vi er jo ei lita bygd, så bruker vi også ha samarbeid med barnehagen. Vi ilag med dei yngste i kulturskulen lager eit lite pauseinnslag. Slik at dei blir vand med å stå på scena. Så i år skal vi ha ei dyre-låt da, som vi har satt saman til ein liten dans. Så i år skal dei danse litt på sjølve mønstringa.”

---

<sup>11</sup> DKS, eller Den Kulturelle Skulesekken, er ei nasjonal satsing mot alle skuleelevar i Norge. Målet er at alle elevar skal møte profesjonell kunst og kultur av alle slag (Denkulturelleskulesekken.no, 2016).

### *Om å involvere trinn på ungdomsskulen*

”Også går eg ut til ein av klassane, vanlegvis 8.klasse, så får dei og foreldra tilbod om å arrangere kafé den dagen. For det er litt gode pengar å tene. Så då lagar dei til kaffi, kaker og vaflar. Ja, alt ettersom kva dei finn på. Også lager vi ei litt fin ramme rundt det på sjølve UKM-dagen, slik at alle elevane søkjer seg frå skulen klokka 11, så då kjem dei ned på samfunnshuset også har vi felles lunsj. Slik at vi kosar oss litt i lag, att vi sett litt pris på dei. Også tar vi og øver litt viss det er behov for det. Men som regel er vi ferdig øvd på torsdag, slik at det blir kos på fredag. Så pyntar me scena ilag og pratar litt.”

### *Om arbeidsfordeling*

”Då er det eg som UKM-kontakt som gjer det meste, i tillegg til at det er eit samarbeid med barnehage. Også er det foreldre som skal arrangere kafe’. Det einaste eg bruker administrasjonen i kommunen til er å dele ut ei lita påskjøning og takke aktørane, dele ut roser. Det er det administrasjonen er involvert i. Det er vel UKM-kontakt og kulturskulen som er mest involvert.”

### *Om å få med seg dei 'skuleleie'*


”Også prøver eg jo kvart år å løfte fram dei som er, ja dei som ikkje er med på noko. Eg får dei til å vere konferansierar, og jobbar med dei på førehand slik at ... Tar litt tak i dei som ikkje er så utadvendt heile tida, så har eg fått dei til å vere litt på scena og hjelpe dei litt til med rekvisita, eller skjere opp frukt til deltagarane bak scena. Altså dei som er litt skuleleie. Eg prøve å arrangere dei også, og som regel får eg dei med meg.”

### *Om publikum*

”Det blir heile bygda, for det er mange som seier ”sjølv om vi ikkje har ungar med, kan vi komme og sjå?”. ”Ja sjølv sagt får de lov til det”. Så det synes eg er artig, for det hadde vore trasig om berre var foreldre og nære venner som kom. Men eg trur bygda sett pris på at det skjer arrangement på samfunnshuset. Dei synes ungane er dyktige og flinke, ja dei gjev ... Ja vi plar å ha hatt i døra. Vi plar av og til å kjøpe litt pølser, frukt, saft, kjeks og slike ting til øving. Og folk gjev masse pengar som går til kulturskulen og slike trivselsting.”

### Om stemninga

”Ja for det er jo ganske mange sånn sett som er involvert når det gjeld sjølve arrangementet. Som du seier, vi har barnehagen med, kafe´, og. Eg trur at viss du berre hadde hatt stolar der og ”kom og sjå på forestilling” og så gå heim igjen. Ja ... (pause) Publikum er flinke til å sitje igjen etter UKM er over for å gje skryt til ungane når dei kjem ut i salen. Tar seg tid til å sitte ti minutt ekstra når framsyninga er over for at ikkje ungane skal møte ein tom sal. Dei elsker jo og gå ut og få gode tilbakemeldingar. Det synes eg er så bra, for då skjønner publikum at vi reiser oss ikkje å går med ei gong siste nummer.”



Figur 4.11 Det nære: nøkkelord respondent 2

### 4.3.3 Respondent 3

Eit fullstendig samandrag frå intervjuet med respondent 3 ligg i vedlegg 3. Respondent 3 er lærar i kulturskulen, ansvarleg for fritidsklubben og UKM-kontakt.

#### **Tema: Personleg engasjement**

##### *Å engasjere eigne elevar i UKM*

”Ja det er nettopp det. Det er det eg har følt har vore ein fordel i forhold til UKM, at eg faktisk jobbar i kulturskulen. For det er der vi har, i all hovudsak, påmeldingane våre i frå. Her i \*stad vertfall. (...) Vertfall for dei elevane som eg har i kulturskulen så er UKM ein naturleg del av året. Alle elevane mine deltek på UKM.”

##### *Om å formidle UKM-lokalmønstring*

”Nei altså...(pustar ut) Utanom at eg jobbar i kulturskulen sjølv, så prøver eg å holde UKM oppe som eit tema gjennom heile året gjennom læremøte og slike ting. Eg føler det at her i \*stad har vi ein del å gå på i forhold til det å samarbeide mellom UKM og kulturskulen. Hadde det ikkje vore for at eg var tilsett begge plassar så hadde det vore veldig dårleg.”

### *Fordeler og ulemper involvert kulturskule*

”Det er noko eg personleg går inn for, samtidig som det har vore eit tema når UKM i kontaktane i \*fylke har vore samla då. I det samarbeidet har det vore eit tema at det har vore forskjellige utfordringar rundt om kring. For enkelte plassar er det ikkje eit eksisterande samarbeid, medan andre plassar er det kanskje kulturskulen som står for hovudansvaret for å gjennomføre arrangementet. Og då får dei jo eit eigarforhold til det. Då kan det jo vere lett at det er kulturskulen som dominerer alt, og det er ikkje slik eg har lyst å ha det i \*stad så lenge fritidsklubben og ungdommane står i bresten for å gjennomføre arrangementet her.”

### *Om egne elevar og UKM*

”For eg ser jo det at viss det ikkje hadde vore for mine elevar så hadde det ikkje vore moglegheit for å gjennomføre noko særleg arrangement her i \*stad. Då måtte me ha hekta oss på nokon andre kommunar slik me gjorde nokre år tilbake.”

### *Om å få med ungdomar*

”(…) Men eg blir jo positivt overraska kvart år over kor mange som har lyst til å vere med å gjere ein jobb. Det er eg. Enkelte vert jo veldig stolt viss eg spør dei direkte, for det er jo slik at det er litt forskjellig. Nokon bidreg meir enn andre, og det er jo nokon som fungera til ”det” og ikkje ”det”. Så ein må jo prøve å dytte dei i den rolla som dei fungera best i, slik at dei får ei mestringsfølelse.”

## **Tema: Vanskeleg å involvere kollegaer**

### *Om respons frå kollegaer, om UKM*

”(bryt inn) Den første responsen plar å vere fine, men når alt kjem til alt er det så og seie ingen påmelding frå dei andre elevane i kulturskulen - utanom mine egne.”

### *Om kollegaer og eigarforhold*

”Det er det eg har følt på i mange år, og har hatt mine hjartesukk i lærarmøtene. Eg føler at UKM er ikkje noko som blir prioritert, eller at dei har noko eigarforhold dei andre lærarane i kulturskulen.”

#### *Om å involvere andre kulturskuleelevar*

”(...) Men samtidig er det viktig å aktivere elevane i løpet av heile året. For når du prøver å jobbe med dei på eigenhand er det liksom ikkje heilt den store stemninga for å delta på UKM. Det er liksom ikkje ein naturleg del for mange av dei andre elevane. UKM er ein sjølvfølge for mine, å delta på, så det er jo noko med å tenkje UKM gjennom heile året for kulturskulelærarane og elevane også. Slik at det blir slik som med mine elevar, og at det blir ein naturleg del av skuleåret. Det er litt viktig å få det inn i planane.”

#### *Om å overtyde kollegaer*

”I utgangspunktet skulle jo elevane ha noko klart til å bidra med, i forhold til at den kulturskulekonserten er i slutten på januar og UKM plar å vere i februar her. Eg trur ikkje det det står på. Men det har vore ein vanskeleg kode å knekke for å sei det sånn. (liten pause) Når det er snakk om andre lærarar enn seg sjølv da. Å overtyde dei om at UKM er noko bra og noko positivt for elevane å vere med på.”

#### *Om UKM sin status hjå kollegaer*

”(...) Nei, verken status eller prioritet. Intrykket mitt er det vertfall, utan at eg har gått i ein ny runde eller ny diskusjon rundt det men... Som sagt har det vore positive haldningar, men ein blir jo litt skuffa når kulturskulerektoren seier at det ikkje er kulturskulen sin jobb å bidra til påmeldingar på UKM. På eit lærarmøte der me hadde litt høglydt diskusjon.”

### **Nøkkelord**

**naturleg - lærermøte - personleg - utfordringar -  
fritidsklubben - meistringsfølelse - sjølvfølge - diskusjon**

Figur 4.12 Det nære: nøkkelord respondent 3

#### 4.3.4 Respondent 4

Eit fullstendig samandrag frå intervjuet med respondent 4 ligg i vedlegg 4. Respondent 4 er leiar i kulturskulen .



**Tema: Fleire kommunar i samarbeid***Om UKM og kulturskulen saman*

”(...) Og så er det jo slik at vi er seks kommunar saman som arrangerer UKM. (...) Så vi har fått ein veldig naturleg del av UKM og kulturskulen saman. Og det er ein kjempestyrke. Det som og er litt farleg då, er at folk kan tru at UKM er ein kulturskulegreie. Så ein del er at det skal inn på årsplan i kulturskulen, men vi er også veldig nøye med å informere om UKM på skulen. Det er jo der vi møter alle elevane.”

*Diskusjon i styringsgruppa*

”Vi prata veldig mykje om det i styringsgruppa, at UKM ikkje må bli ein slik flinkiss-arena. For det er så veldig mange slike flinkiss-arenaer. Og at viss det blir for høgt nivå så mister du dei som verkeleg skulle ha vore der.”

*Om vennskap*

”Når vi har såpass mange mønstringar også, så byrjar vi sceneprøvar tidleg om morgonen slik at dei er jo der heile dagen. Plutseleg ser vi at det poppar opp med nye vennskap på facebook etter ei helg, og det er slik som gjer meg kjempeglad. For då tenkjer eg at, yes då har vi lykkast med noko. Og at dei skal få møte andre som driv på med det same.”

**Tema: Ungdomsmedverknad***Om å involvere ungdomar elles i året*

”(...) Men så tar vi jo på oss ein del oppdrag. Då er det jo at dei kontaktar meg, anten at dei ønskjer ... Dei seier at dei ønskjer anten UKM'ere eller kulturskuleelevar for det er liksom det same. Då sender vi dei eldste ut på oppdrag. Og det er ikkje alltid at dei er kulturskuleelevar, men det er og UKM'ere.”

*Om Unge Arrangørar*

”Vi er ei vaksen styringsgruppe som har med oss ein gjeng med unge arrangørar, som vi jobbar veldig godt med og veldig tett på, og ein i styringsgruppa er mentor for unge arrangørar. Så vi har den heile tida den linken da, mellom styringsgruppa og unge arrangørar.”

### *Om UA sine arbeidsoppgåver*

”Dei fordele sine eigne arbeidsoppgåver, så vi har gjeve meir og meir slepp. Det er det tredje året vi har UA no, eh. Vi har gjeve meir og meir slepp, så UA har til dømes ansvar for å lage eit budsjett. Dei har ansvar for å kontakte sponsorar, prate med dei. Dei har ansvar for alt av marknadsføring, det med å, både på snapchat og insta og facebook. Og denne UKM heimesida. Også har dei då ansvaret, spesielt under den helga, i greenroom. Det å lage eit koseleg greenroom. Men også å vere med som produksjonsassistent, dei er med som artistansvarlege.”

### *Om UA og planen framover*

”Planen er at vi vaksne trekke oss meir og meir ut, etterkvart, og la dette bli UA. At vi er meir som mentorer etterkvart. Men vi har vore veldig forsiktige med å ikkje kaste på dei for mykje, for at dei skal kjenne at dei lykkast. Vi vil ikkje at dei skal kræsjlade.”

### *Om å ha med ungdom*

”Vi som er vaksne trur at vi veit kva ungdom vil ha, også viser det seg i praksis at det kanskje ikkje er slik. Så eg skal ærleg innrømme at vi var kjempeskeptisk til å gje slepp til ungdommen når dei skulle vere med som unge arrangørar. Vi holdt igjen lenge, ehm ... Men vi ser jo det at dei har jo berre gjeve oss enda ein ny dimensjon. Vi har på ein måte rammeverket, grunnfjellet det er der – for vi har jobba med det så lenge. Men så kjem dei, og puttar på noko slike spesielle flotte ting her og der som ikkje vi tenkjer på. For dei, og spesielt då både på snapchat og instagram og måten dei stiller seg til andre deltagara på. At det skal vere ein meir ungdommeleg drive over det, det har gjeve oss ein ekstra dimensjon som vi ikkje kunne klart aleine.”

## **Nøkkelord**

kulturskulegreie - styringsgruppa - flinkiss-arena -  
vennskap - unge - ansvar - mentorer - dimensjon

Figur 4.13 Det nære: nøkkelord respondent 4

### 4.3.5 Respondent 5

Eit fullstendig samandrag frå intervjuet med respondent 5 ligg i vedlegg 5. Respondent 5 er lærar i kulturskulen og UKM-kontakt.

#### **Tema: Ungdom og utrykk**

##### *Om utrykk på UKM-lokalmønstring*

”Det er jo dei her søte jentene med kassegitar og piano som har vore litt dominerande eit lite augneblink. Det er jo absolutt sceneinnslag, musikk da, sang og gitar og det klassiske. Og helst da sangar som dei ikkje har skrive sjølv, men litt sånn cover sangar da.”

##### *Om å ”guide”*

”Ja absolutt, få litt samspel aspekt inn. Og det gjorde vi jo no til fylkesmønstringa, så var det ein elev som opprinneleg hadde ein slik standard karaokesang da. Så kopla vi hen saman med ein elev på flygel. Det vart jo kjempefint, då har ein jo ein heilt anna dimensjon på det med ei gong. Så der er vi jo inne og styre litt, eller, prøver å vere litt guidar da. For å hjelpe dei så godt vi kan.”

##### *Om å utvikle nye utrykk til UKM*

”Men det er noko som held på å komme no, som vi har jobba veldig hardt med er, er å melde på i forhold til matkultur. Og det er jo noko som vi, til neste år no da, skal jobbe ekstra hardt med. For det er masse potensiale i at vi har matfag på vidaregåande i same bygget som vi er i. Også har vi ein del folk i arrangementsgruppa da, KultArr gruppa, som går den linja og som har laga litt mat til UKM utstillinga og gjort litt sånn greier. Så vi vil gjerne sjå litt nærmare på det, korleis vi kan auke det. Vi er jo ein kyststad med masse, det er jo fisk som er tingen, (ler) potensiale for å gjere masse meir der.”

##### *Om musikkjangrar*

”(...) Eg synes ikkje at nødvendigvis det er ungdommen som presse på populærmusikk eller. Vi har vore veldig heldige, og det er ein god blanding. Og eg merkar at både musikk lærarane på grunnskulen og våre lærarar da, som til dømes har piano. Det er ein veldig fin balanse naturleg med at ungane har lyst og er veldig ivrig på forskjellige sjangrar sjølv.”

### *Om ansvar i forhold til utrykk*

”Vi kjenner jo på ein måte at vi har, føler på eit lite ansvar i forhold til det med mangfoldet og det å få inn alle aspekt av alle faga vi har. Men eg ser ikkje noko problem i at både ungane står fritt på UKM, og at vi held på med vårt inne i kulturskulen. Eg trur at det balansere seg ganske fint, som sagt, ved at ungane er veldig... Dei skil nesten litt på det med at på UKM; ”okei UKM då kan eg øve på den sangen, det har vi valt”. Det er på ein måte ikkje noko poeng for oss å trumfe gjennom noko sjanger til musikkelevane for at dei skal opptre på UKM med klassisk viss de ikkje er interessert.”

### *Om ungdom og konkurranse*

”(...) Og vi merkar jo det at kanskje dei som, til dømes dans no da, at dei prøver litt sånn, å tenkje litt meir mangfald eller litt forskjellige danseartar. For dei veit at dommarane vil sjå, at ein skil seg ut litt da. Men det er jo ikkje noko som vi lærarane eigentleg har lagt på dei, for dei er veldig klar over det sjølv, fordi at dei ser jo og husker kven som går vidare. Og registra kva som fungerer og ikkje.”

## **Tema: Motivasjon av arrangørar**

### *Om UA-gruppe*

”Me har jo ei unge arrangøra gruppe, eller KultArr som det heiter. Ungdomsgruppe som har vore med, ja som er scenearbeidarar og som har ansvaret litt under oss. Dei står for media, dei tek bilde, dei er på nett, dei er backstage. Og alt det skal me koordinere da, og vere ansvarlig for.”

### *Om bruk av stimuleringsmidlar*

”Me har også litt ansvar for å søkje om stimuleringsmidlar viss me skal ha og kurs og slikt. Det har me gjort, me hadde kurs i \*by med lyd og lys, for dei ungdommane som er interessert i det. (...) Og vi har jo ein del skrivekurs, lyd og lys kurs. For å oppmuntre folk til å søkje både som arrangør, som konferansier og ja ...”

### *Om arbeidsoppgåver*

”Dei er med på å lage informasjonsflyers, deler ut det, går inn i skulane og snakkar om UKM. Også når det nærmar seg er dei veldig fysisk hands on da. Nokon av elevane der, dei er vel ein

10 stykk til saman trur eg, nokon av dei er jo scenearbeidarar og har vaksenansvar. Dei er ungdomsskuleelevar men er saman med ein vaksenperson. Dei går med intercom og har sine dreiebøker og ... Får veldig mykje ansvar på sine områder da, som å legg inn alle bilda på internett, skrive artiklar. Har ansvaret for å få ungane i frå rom A til rom B på vente, i kø systemet, dei har veldig store jobbar da. Men dei har takla det utruleg fint, så utan dei så hadde det jo måtte komme inn eksterne. Vi er veldig avhengige av dei og den jobben dei gjer. Det er vi.”

#### *Om rekruttering og deltaking*


”(...) Så eg vil ikkje sei at det er enkelt å rekruttere, men dei vi får dei blir som regel i mange år. Og dei som først er med dei er engasjert. Det er vel heller ikkje om å gjere for oss å ha utruleg mange, for da blir det meir gjennomtrekk. Men det er viktigare for oss at dei som faktisk er med er interessert og er stabile, og det er dei jo absolutt.”

#### *Aktivitetar og inspirasjon*

”Då var vi på eit kultursenter i \*by og fekk vere med på konsert, dei fekk styre lyd og lys sjølv. Ehm.. Vi har hatt foredrag på \*stad og \*stad av lokale lydfolk. Ja. Vore med på forskjellige konsertar, og dei har vore med å arrangere kulturskulekonsertar med ungar og kika litt på korleis ein sett opp dreiebok. Og ja. Så dei er med på mykje da, så dei heile tida får, ja. Ikkje berre får fortalt, men også oppleve kva som kravs. (...) Dei er kjempedyktige, og eg ser jo at dei blir inspirert. For dei møter folk i \*by, band og sånt, det er jo litt stort da for ein åttandeklassing å få hjelpe med gitarar til rockeband og. Ja. (ler) Veldig morosamt.”

#### *Aktivitetar gjennom året*

”Også... Er det jo liksom julekonsertar med dei minste ungane, er med å rigge til forskjellig og tek litt bilde for oss og slik. Så dei heile tida gjer eit eller anna, så dei ikkje blir sittande å vente på neste år. På UKM. (...) For dei er jo med på gratis kulturskulehendingar, slik som pizzakveldar og slike ting. Dei er jo inkludert for dei er jo elevar i kulturskulen gjennom det her ... Men det er då som sagt gratis, slik at ja. Det er greitt å ha litt oversikt og litt kontaktinformasjon frå dei. Så vi har gjort det slik.”



Figur 4.14 Det nære: nøkkelord respondent 5

### 4.3.6 Respondent 6

Eit fullstendig samandrag frå intervjuet med respondent 6 ligg i vedlegg 6. Respondent 6 er kulturkonsulent i kommunen og UKM-kontakt.

#### **Tema: Nærleik til ungdom**

##### *For å få med ungdom*

”Eg kan ikkje dra det.. Det er ikkje min baby, eg kan ikkje få den til å vokse meir. (ler) Eg jobbar i kultur med heilt andre ting, og du må ha den nærleiken til ungdommen. Heilt tett innpå, for å få dei med.”

##### *Om å bruke nærleiken*

”(...) Ja, vertfall for min del så synes eg det er dumt når du får så godt kontakt med ungdom og ikkje bruke den vidare. Så eg jobbar tett med ulike aktørar, men kan ikkje ta det vidare. Det kan dei på eit fritidssenter, dei kan bruke dei som er scenearbeidarar, dei som er musikarar til eit anna arrangement. Mhm. Derfor flyttar vi det til dei som jobbar med ungdom heile året.”

##### *Om ressursbruk*

”Fylket og nasjonalt, dei har mykje ressursar, men det er ikkje sikkert alle kommunane har like mykje ressursar. For å komme tett på ungdommane. Så det er det vi prøver å legge om modellen og omdefinere noko. Eg likar jo veldig at det er sånn lov.. at det er ein av dei tinga du må ha i kommunen, for det er så få ting som er på kultur. (ler litt) Vi må sjå på korleis vi brukar ressursar, så kanskje det ikkje går inn blant dei som har mest å gjer. (ler)”

### *Om eit heilårleg UKM*

”Vi har jo lyst at UKM skal bli meir enn berre eit arrangement. Ung kultur møtes heile året. Det er jo det som vi har jobba for i nokre år, men som vi ikkje har fått til heilt. Og at vi får eit betre musikkmiljø, også i forhold til det med samspel og det å spele saman, og kunst og kultur generelt for barn og ungdom. Mhm. At vi kan bruke det inn i ungdomshuset da, til dømes. Og at vi får eit større UKM med meir breidde.”

### *Kriteria for UKM*

”(…) Men det som er kriteria for UKM er nærleik til ungdom og tid til å jobbe med dei. Det er ikkje alltid snakk om så mykje reine pengar utanfrå, men personale og resursar til å jobbe med det.”

## **Tema: Samarbeid i endring**

### *Situasjonen slik den er no*

”(…) Men eg har vore den som har hatt hovudansvaret for UKM, som administrera det. Så jobbar eg tett med kulturskulen og kommunens lokale ungdomshus, kulturhuset for ungdom. Så vi er tre, for vi er i same eining og jobbar tett om arrangementet.”

### *Om kvifor det blir endring*

”Eg har jo jobba tidlegare mykje med ungdomsarbeid, med barn og unge. Men eg gjer ikkje så mykje direkte jobbing no, så frå hausten av kjem vi til å gjere det om. For eg jobbar mest med bookingar og slikt. På kulturhuset, og kunstutstillingar. Så eg blir ofte veldig fjern, langt vekk frå ungdom. Så når vi no jobbar med UKM som ein, som meir enn berre eitt arrangement, men at det er mykje forkant og etterkant, workshop og samlingar og slikt. Så blir det litt ekstra jobb for meg sidan eg ikkje er inne i ungdomsmiljøet, det som er retta mot ungdom.”

### *Korleis blir endringa?*

”(…) Altså det var noverande struktur, og til hausten skal kulturskulen ha det inn i ... (dreg litt på det) Er det rollebeskrivelsen, eller blir det fagplan for lærarane at dei deltek på UKM. Så det skal bli pålagt lærarane å vere med på UKM, kulturskulelærarane.”

*Om grunnen*

"Så grunnen til at eg vil trekke meg vekk er kapasitet, og at eg er langt vekk frå ungdom."

**Nøkkelord**

nærleik - kontakt - ressursar - tett - samspel - breidde -  
tid - struktur - fagplan

*Figur 4.15 Det nære: nøkkelord respondent 6*





## 5. Drøfting av empiri og teori

Som nemnt i kapittel 4, vekslar ein heile tida mellom tolking og analyse i arbeid med kvalitative data. Likevel er analysen, så langt det er mogleg, utan noko form for meiningsbygging eller drøfting. Det vil skje i dette kapittelet. Med teori og empiri skal eg drøfte datamaterialet, og kva ein eventuelt kan ta med seg vidare frå dette. I utgangspunktet er talet på respondentar for få til å kunne forklare og generalisere samarbeid mellom UKM og kulturskulen i heile Norge. Eg vil derfor sjå på empiri i lys av teori, og prøve å skape ei beskriving av korleis eit slikt samarbeid kan skape ringverknadar.

Det teoretiske rammeverket viser mange perspektiv frå ulike fagfelt, blant anna pedagogikk / didaktikk, kulturpolitikk, kulturstudiar og barndomshistorie. Samanhengen mellom fagfelta og datamaterialet er ikkje nødvendigvis tydelege, men dei er alle med på å skape eit tverrfagleg blikk på undersøkinga. Før drøftinga av sjølve undersøkinga vil eg derfor sjå litt på den raude tråden mellom fagfelta.

Eitt av felta som kjem fram er pedagogikk og didaktikk. I ei undersøking der ein ser på arbeid med barn og unge er dette feltet ein naturleg del. For meg har det vore viktig at dette ikkje skulle dominere undersøkinga, då det er veldig naturleg å ta det perspektivet. Derfor har det vore viktig med pedagogiske teoriar som kan belyse ulike sider, som til dømes Vygotskij sitt sosiokulturelle perspektiv. Dette perspektivet er nytta i pedagogikk, med blikk på blant anna utviklingssoner (kapittel 5.3). Eit viktig utgangspunkt for dette perspektivet, er at den kulturen barnet lev i bestemmer kva og korleis barnet lærar om verda. Skaalvik & Skaalvik (2009) har eit døme frå Woolfolk som passar godt inn i samanheng med denne undersøkinga;

”Woolfolk (2004) eksemplifiserer dette ved å peke på to ulike kulturer, som legger vekt på henholdsvis samarbeid og konkurranse. I den ene kulturen vil barn lære at samarbeid er viktig og verdifullt, men det vil også lære fremgangsmåter og teknikker for samarbeid, mens barn i den andre kulturen vil lære holdninger og ferdigheter som knytter seg til konkurranse.”

Min første assosiasjon når eg les dette sitatet, er korleis respondentane meiner ungdom oppfattar UKM. Å bli fortalt at UKM er ein kreativ møteplass for ungdom vil moglegvis berre fungere dersom kulturen rundt UKM også fungerer slik. Korleis og kva dei unge lærer at UKM og kulturskulen er, avheng av den lokale kulturen rundt desse organisasjonane. Er UKM ein konkurranse? Ja kanskje, dersom vaksne og resten av miljøet rundt UKM behandlar det som ein konkurranse. Er UKM ein kulturskuleaktivitet? Ja kanskje, dersom kulturskulen behandlar UKM som dette i samarbeidet.

På lokalt nivå kan dette i stor grad handle om enkeltpersonar. Kven som er tilsett, og kva verdiar dei har i samarbeidet mellom UKM og kulturskulen. Kva fagmål dei har for samarbeidet, og kva grunnlaget er. Der ein kan ha større og meir ambisiøse kulturpolitiske mål på til dømes regionale nivå, vil ein på lokalt nivå måtte bruke seg sjølv som ressurs. Slik kan det ha vorte grunna det kommunale sjølvstyret. Dette er eit resultat frå 1800-talets ønske om å bestemme og ta slutningar sjølv i dei sakene som gjaldt lokalsamfunnet. Grunnverdien var at lokalbefolkninga har dei beste føresetnadane for å disponera lokale ressursar og finne dei beste løysingane på deira lokale problem. Ein var også opptatt av å frigjera og skapa ein "alternativ norsk kultur" (Kvarv, 2014). På den måten har ein, også gjennom andre politiske hendingar, enda opp med at kommunane sjølv må finne ut av kva ressursar dei skal bruke på kultur. For små kommunar med mindre økonomi gjev det derfor meining å la kulturskulen samarbeide med UKM.

Eg er ikkje ute etter å beskrive kven av respondentane som har vald gode eller dårlege løysningar for sine samarbeid. Det er positivt at det både er forskjellar og like trekk i samarbeida. Dette viser at den norske kulturpolitikken med desentralisering og sjølvstyre er tilstade også når denne undersøkinga har vorte gjennomført.

Barndomshistorie og forskning om barn er eit nyttig perspektiv å ha med i refleksjonar rundt syn på barn og unge (kapittel 2). Det historiske blikket denne forskinga og teorien tilfører viser noko av grunnane til fokuset ein har på blant anna aktivitetar for ungdom. Å sjå på ungdom som aktørar som er aktive deltakara i eige liv, og som gjennom kropp og materiale sett seg sjølv i spel med verda rundt seg.

For dette er sentralt i det som skjer mellom kulturtilsette og utøvande ungdom; å sette seg sjølv i spel. Kulturformidlaren arbeidar for kulturorganisasjonen som skal få ungdom til å utøve. Her må kulturformidlaren skape plass for kroppsleg openheit og kompetanse frå ungdom, i eit balansefelt mellom prestasjon og samhandling. Slik kan ein kanskje nærme seg den forma for symbolsk kreativitet som dei unge utøver på si eiga frie fritid. Her er det også viktig at kulturorganisasjonen skaper plass for at kulturformidlaren skal få teste ut sine idear, utan å henge for fast i eigne idear om tradisjon og kulturarv. Mi meining er at tradisjonen i estetiske fag heng ved uansett, det gjeld berre å sjå linjene; frå ungdomen sin kompetanse og tilbake til tradisjonane. Slik kan ein skape ferdigheitskunnskap hjå dei unge, og betre ungdomskunnskap hjå kulturtilsette.

## 5.1 Kva fortel undersøkinga?

Først vil eg starte med å sjå på grunnlaget og motivasjon for å ha samarbeid mellom UKM og kulturskulen. Ein kan grovt sett seie at datamaterialet viser fram to sider. På eine sida eksisterer det eit samarbeid fordi det er pålagt, og er ein del av det kommunale arbeidet. Det vil seie at kulturskulen har ansvaret eller er ein del av eit kommunalt team som arrangerer UKM. Den andre sida viser det motsette, personleg initiativ. I dette tilfellet er det ofte samarbeid fordi den tilsette har fleire roller. Når ein er tilsett i ulike stillingar kan det passe å samle saman jobben på kulturskulen med jobben som UKM-ansvarleg/kontakt. Det er med andre ord ikkje ei direkte arbeidsoppgåve at det blir samarbeida, men eit personleg engasjement. Det finst også nyansar som gjer at desse to sidene går over i kvarandre.

Desse to sidene har eit samlingspunkt i sin motivasjon for samarbeidet; eit samarbeid er praktisk og ressursnyttig. Dette inkluderer korleis ein kan løyse gjennomføringa ved ei UKM-lokalmønstring, og korleis få involvert barn og unge. Då er det positivt å ha kulturskulen, anten som heilheit eller med enkelte tilsette, inn på arrangørsida. Her har ein moglegheit til å nå ei gruppe med ungdommar som allereie driv med kultur og kunst, og samstundes nytte kompetansen og erfaringa som til dømes kulturskulelærarar har. I nokre tilfelle er UKM også ein del av fagplanen til kulturskulelærarane, som vil seie at UKM er ein obligatorisk del av kulturskulen sitt årshjul.

”Og det har jo vore slik at dei lærarane som ikkje har vorte involvert, det var vel for i fjor ein eller to som ikkje hadde nokre oppgåver da, og då vart dei jo sånn at dei synes sjølv at dei var utanfor. Og det er jo eit veldig bra teikn (...)”

Respondent 5, nr. 12 (vedlegg 5)

Eg vil samanlikne dei to sidene med grunnlag samarbeid med pedagogikken sin *indre og ytre*<sup>12</sup> motivasjon. Ein kan ha ei blanding av indre og ytre motivasjon for samarbeidet. Sitatet over, frå respondent 5, kan vere eit døme på indre motivasjon. Kulturskulelærarane har UKM som ein del av planane sine, og når nokre lærarar ikkje er involvert kjennest det ut som å vere ”utanfor”. Den ytre motivasjonen blir då årshjulet og arbeidsgivar sitt ansvar for UKM, medan dei tilsette kjenner på ein indre motivasjon når dei sjølv ønskjer å vere med. Respondent 3 uttrykker stor grad av indre motivasjon som grunnlag for samarbeidet, og er bindeleddet;

”Nei altså...(pustar ut) Utanom at eg jobbar i kulturskulen sjølv, så prøver eg å holde UKM oppe som eit tema gjennom heile året gjennom læremøte og slike ting. Eg føler det at her i \*stad har vi ein del å gå på i forhold til det å samarbeide mellom UKM og kulturskulen. Hadde det ikkje vore for at eg var tilsett begge plassar så hadde det vore veldig dårleg.”

Respondent 3, nr. 5 (vedlegg 3)

Fordi indre og ytre motivasjon omhandlar individet, og ikkje organisasjonar som i denne oppgåva, er ikkje det mogleg å dra samanlikninga heilt ut. Likevel er det nokre like trekk, om enn berre metaforiske. I denne samanhengen er det bra for kulturformidlaren å ha både indre og ytre motivasjon. Då vil ein kjenne på at nokon sett pris på arbeidet ein gjer, samstundes som at ein sjølv ser moglegheita i eit samarbeid. Dersom det berre er indre motivasjon som driv arbeidet, vil det kunne opplevast som tungt.

---

<sup>12</sup> Indre motivasjon er når individet utfører ei oppgåve utan ytre påskjønning, ytre konsekvensar eller oppmuntring. Ytre motivasjon er det motsette, når individet utfører ei oppgåve fordi det ventar til dømes påskjønning (Skaalvik & Skaalvik, 2009).

### 5.1.1 Roller

Dei tilsette som jobbar med samarbeid mellom kulturskulen og UKM har ofte fleire roller, og dette påverkar også andre delar av samarbeidet. I kapittel 2 vart det nemnt at det ikkje finst kulturarbeid i "rein" form. Ein jobbar med ulike oppgåver som ikkje nødvendigvis berre handlar om formidling av kultur.

Respondentane i denne undersøkinga har ofte fleire roller i samarbeidet mellom UKM og kulturskulen. Dette kan i nokre tilfelle vere heile grunnlaget for samarbeidet. Ikkje alle er pedagogar, men alle jobbar med oppgåver som involverer pedagogisk arbeid og læring på eit eller anna nivå. Haugsevje, Hylland & Stavrum (2016) beskriv arbeid med kultur og ungdom som eit samkomme av kulturelle, pedagogiske, sosiale og integrerande oppgåver. Dette opplev eg også at er ein del av arbeidet til respondentane i denne undersøkinga. Eit døme på veksling mellom roller kan representerast av respondent 2. Respondenten formidlar sitt arbeid med å involvere "skuleleie" unge, barnehageborn, bygda og publikum – i tillegg til kulturskuleelvar og unge som allereie er med på UKM-lokalmønstring.

"(...) Ja det er veldig artig. Også trur eg ein lagar ei lita ramme rundt det. At ein har kafé og at ein veit at det kjem litt artig med dei små i pausen, og ja. Eg trur det er noko bygda gleder seg til å gå og sjå."  
Respondent 2, nr. 32 (vedlegg 2)

Når ein har alle desse rollene, er det viktig med god relasjonskompetanse (kapittel 2.2). Ein skal få med seg og engasjere mange ulike personar, og for å få eit resultat må ein kunne kommunisere og oppnå kontakt med andre. Undersøkinga viser at arbeidsoppgåvene kan vere å måtte gjere "det meste". Her er ein i kontakt med ei stor gruppe ulike menneske, ein skal engasjere ungdomar, kollegaer og publikum. For å få desse til å ville delta er det heilt nødvendig med eit engasjement som smittar, slik at dei kan gå av eigen maskin. Igjen er ein innom korleis å få den indre motivasjonen opp, men i denne samanhengen skal kulturformidlaren motivere andre.

Kva roller har kulturorganisasjonane i forhold til kvarandre? Det kan verke som at kulturskulen i fleire tilfelle trekker det "lengste" strået i samarbeidet. Det handlar om at dei kan ende opp med å dominere UKM ved å ha mange elevar som deltakara på UKM-lokalmønstring, med uttrykk som dei bli undervist i ved kulturskulen. På den måten har kulturskulen eit ansvar for å ikkje styre UKM i retning mot å bli eit kulturskulearrangement. UKM er meint som ei motsetning til kulturskulen, det skal vere ein arena der ungdommane sjølv styrer og arrangerer. Kulturskulen må tørre å la UKM og ungdommane si rolle ta sin plass for å ikkje køyre over arrangementet. For å skape eit samarbeid med jamne roller må kulturskulen nytte sin kompetanse, men samstundes la egne elevar og ungdom vere friare enn dei får vere på egne arrangement. Det betyr ikkje at dei ikkje skal oppmode elevar til å delta, eller legge til rette for øving i undervisninga, men at dei må la ungdommane delta med det dei sjølv ønskjer. Her har ein moglegheit til lære seg å nytte ungdommen og deira kunnskap, ved å ta ei meir rettleiande rolle.

Det kan verke rart å skulle passe på at samarbeidet med UKM ikkje skal bli eit kulturskulearrangement. Er det ikkje positivt med arrangement i regi at kulturskulen? Ein av grunnane for å passe på dette er at kulturskulen dessverre har eit lågare tal av deltaking blant tenåringar og gutar. I tillegg er det store kjønnsforskjellar innanfor enkelte kunstformar, og berre 2,6 prosent av elevane har framandspråkleg bakgrunn (Bamford, 2013). Derfor kan det vere vanskeleg for UKM-lokalmønstringa å oppnå målet sitt om å vere ein møteplass for ungdom i samarbeidet kulturskulen, viss arrangementet vert oppfatta som eit kulturskulearrangement som er ein "privat klubb".

### **Kulturformidlar**

Kulturformidlarane som eg har intervjuet i denne undersøkinga har fleire ting til felles, men det mest tydelege er engasjementet. For at samarbeidet skal fungere må dei skape og oppretthalde engasjement. Fleire faktorar spelar inn for at dei skal lukkast med dette, som nærleik til personane dei engasjerer og rom til å engasjere, men kanskje viktigast, ressursar til å engasjere. Respondent 6 beskriv korleis dei tenkjer om ressursar;

”Fylket og nasjonalt, dei har mykje ressursar, men det er ikkje sikkert alle kommunane har like mykje ressursar. For å komme tett på ungdommane. Så det er det vi prøver å legge om modellen og omdefinere noko. Eg likar jo veldig at det er sånn lov.. at det er ein av dei tinga du må ha i kommunen, for det er så få ting som er på kultur (ler litt). Vi må sjå på korleis vi brukar ressursar, så kanskje det ikkje går inn blant dei som har mest å gjer (ler).”

Respondent 6, nr. 29 (vedlegg 6)

I 2016 brukte norske kommunar meir pengar på kulturformål per innbyggjar enn tidlegare, 2148 kroner i forhold til 2036 kroner i 2015 (Statistisk sentralbyrå, 2017). Eg har ikkje lukkast i å finne spesifikke tal på kva desse pengane går til, men i denne oppgåva har respondentar gjeve uttrykk for at dei ønskjer pengar til stillingar. For å kunne skape engasjementet dei ønskjer vil dei ha ressursar til dei som allereie er tilsette, eller for å få fleire tilsette som kan komme tett på ungdom. Det er med andre ord ressursar som kan nyttast til tid. Ein treng tid for å skape indre motivasjon og engasjement hjå ungdomar, kollegaer og publikum. Det handlar ikkje berre om sjølve framføringa eller produksjonen av UKM-lokalmønstringa.

Bamford (2013) sin rapport med tal frå 2011 viser at eit av problema forbinde med bevillingar til kunst og kultur, er at etterspørselen etter blant anna kulturskulen har auka utan at finansieringa har det. Det vil sei at finansieringa ikkje har auka i samsvar med aktivitetsnivået, og det er i tillegg store lokale forskjellar. Dette kan tyde på at den statlege bevillinga også er avhengig av det lokale fokuset på kultur og kunstoppplæring.

### 5.1.2 Rom

Når UKM-lokalmønstring skal gjennomførast er det med visse rammer rundt arrangementet. Eit av desse er kva rom utstillinga og sceneframføringane skjer i. Fleire respondentar uttrykker at dei ønskjer profesjonelle rammer og rom rundt UKM-lokalmønstringa. Scene, utstillingar og backstage; dette er nokre av dei fysiske romma der den unge kulturen møtes. I tillegg har ein kulturformidlarane sine handlingar for å skape rom for tryggleik og kreativitet. Det er desse romma som skal bidra til å skape læring og mestring. Dette er meir abstrakte rom, eller metaforar for å beskrive ei stemning eller ein aktivitet ein vil oppnå. Respondent 4 uttrykker at UKM kan opplevast som ein ”friare” arena enn kulturskulen;



”(...) Eg veit ikkje altså, UKM er på ein måte ein friare arena, så du får sjå dine egne elevar berre slå seg enda meir laus.”  
(Respondent 4, nr. 54 – vedlegg 4)

I det engelske språket kan ei skilje desse to romma med to ulike ord, ”place” og ”space”;

”Giddens (1990) characterizes space and place in terms of absence-presence, where place is marked by face-to-face encounters and space by the relations between absent others.” (Barker, 2012)

Barker (2012) gjev oss eit døme på dette ved å forklare heimen som ein ”place” der ein møter familien ansikt til ansikt, medan ”space” er til dømes e-post eller brev ein sender for å oppnå kontakt med andre menneske. Ut frå dette er dei abstrakte romma eg beskriv, meir eit uttrykk for metaforar enn ”space” er, medan dei fysiske romma er lik beskrivinga av ”place”. For å gjere eit forsøk på å skilje mellom omgrepa, bruker eg vidare ordet rom for ”space” og plass for ”place”.

Nokre av dei plassane eg har funne i undersøkinga er kulturskulen, scena, bak scena, øvingsrommet og backstage-rommet. Dette er plassar som vaksne og ungdomar oppheld seg i, og der det skal skapast og presterast. Det er eit poeng at desse plassane er attraktive for ungdommane å bruke. Dersom dei opplever at plassane er utrygge eller ikkje er deira ”plass”, vil dei heller ikkje oppsøke dei. For å freiste ungdom til meiningsskaping på same måte som dei gjer heime i den frie fritida, må ein få dei til å ønskje å gjere det same i det fysiske rommet som dei skal utøve kunst og kultur i.

Derfor er dei abstrakte og metaforiske romma viktige å huske på. Desse romma kan påverke dei fysiske romma, uansett kor bra utstyrt eller flotte dei måtte vere. To abstrakte rom som har vorte nemnt i undersøkinga er den ”private klubben” og ”flinkiss-arenaen”. Førstnemnde omgrep kom i samanheng med ei ytring om at UKM ikkje må oppfattast som ei kulturskulegreie, ein ”privat klubb”. Her kan ein trekke linjer til Willis (kapittel 2.3) sin kritikk av kulturinstitusjonane sin eksklusivitet rundt det estetiske. I eit samarbeid må kulturskulen unngå at lokalsamfunnet ser på UKM som ein ”privat klubb”, og enda eit

kulturskulearrangement. Det andre omgrepet, "flinkiss-arena" handlar litt om det same, men ikkje direkte om kulturskulen. Slik eg ser det er dette eit omgrep for å beskrive kva som skjer når ein oppfattar UKM som ein stad for berre talentfulle og flinke ungdomar. Kven bestemmer kva som er talent og kven som er flink? Det er ingen som set merkelappar, men dersom det blir ei utbredt meining i lokalsamfunnet at UKM ikkje har ein låg terskel, kan dette negativt påverke påmelding og deltaking.

Her ligg den største motsetninga i UKM sine mål og ambisjonar. Målet er at ungdom skal ha det kjekt, vise fram sin hobby og møte nye venner. Samstundes er det ein jury der som vurderer og sender vidare ei gruppe med ungdom til UKM-fylkesmønstring. Det er ikkje nødvendigvis utbredt kunnskap kva slags rammer som ligg for juryen sit utval. Dersom deltakarar ikkje får tilbakemelding kan ein også risikere å skape dårleg sjølvfølelse, som kan resultere at ungdom ikkje melde seg på igjen. At det kan oppstå forvirringar rundt kva type innslag UKM ønskjer seg, er ikkje så rart for meg. Den låge terskelen kan bli høg dersom det utviklar seg ein "flinkiss"-merkelapp på ei UKM-lokalmønstring. Her må ein passe på korleis balansefeltet mellom prestasjon og samhandling uttartar seg.

UKM brukar omgrepet "arena for ungdom". Denne arenaen er også rom der det skal skapast og ein skal vere kreativ. Dette rommet er både fysisk og abstrakt. Respondentane har ungdom på scena, og lar dei bruke scena som eit formidlande rom. I tillegg har fem av respondentane ungdom med bak scena for å utføre ulike oppgåver, og på den måten lagar dei rom for andre ungdomar. Når ein brukar ungdomar i fleire roller vil ein skape fleire ulike rom der ungdom sjølv bidreg til meiningsskaping og er i-kultur (sjå det dobbelte kulturomgrepet, kapittel 1.4.1).

### **Utrykk**

I kapittel 1.4.1 les ein om det komplekse kulturomgrepet. I utgangspunktet handlar utrykk om har-kulturen, men fleire perspektiv frå undersøkinga viser at det også kan handle om er i-kultur.

Sjanger og utrykk som kulturskulen tilbyr i dei ulike kommunane er stort sett tradisjonelle. Dette er til dømes musikk, dans, teater, og likande. At UKM i større grad ønsker å nytte ungdom også bak scena, kan vere ein drivar for å få kulturskulen til å involvere ungdom på

andre område. I lokale samarbeid er det altså potensiale for ungdom å utrykke seg gjennom lys- og lydteknikk, også i kulturskulen. Når det gjeld uttrykk som visast fram på scene / utstilling, er det framleis meir tradisjonelle sjangrar som dominerer. Dette gjeld både kulturskulen og UKM. Agderforskning sin rapport frå 2016 meiner at UKM har potensiale til å nå ut til enda fleire unge og deira uttrykk;

”Forslag til videreutvikling av UKM for å fange flere unges interesse (...)  
Utarbeide og videreutvikle flere kategorier for deltakelse som er orientert mot andre fritidssysler og interesser, som for eksempel gaming, pc og spill.”  
(Hauge & Lind, 2016)

Dette kan ein også sjå nytte av der kulturskulen og UKM samarbeider. Dersom ein, eller begge, aktørane har fleire kategoriar som er basert på lokal ungdom sine interesser og kultur – vil dei kunne knytte seg nærare ulike ungdomsmiljø. I tillegg kan det bety at læring går begge vegar; elevar og ungdom lærer nye uttrykk og korleis ein kan formidle desse, medan kulturskulen og UKM lærer kva som faktisk rører seg blant dei unge lokalt. Her kan dei vere i forkant for å bidra til eit aktivt utøvande miljø.

Dersom ein ser vekk frå at UKM og kulturskulen har nokre sjangeravgrensingar, verkar det til å vere variasjon i kva type uttrykk som vert påmeldt til UKM-lokalmønstring i lokale samarbeid. Det er heller ikkje noko poeng for dei fleste respondentane å påverke uttrykka som er med, men dei oppmodar ofte elevar i kulturskulen – og prøver å involvere dei som utøver innan mindre sjangrar. Dei lar unge styre sjølv kva dei ønskjer å vise fram.

I undersøkinga har ein funne at kulturskulen kan bidra til å skape samspel mellom unge i forbindelse med UKM-lokalmønstring. Ein kan kople saman elevar som i utgangspunktet utøver aleine, slik at dei kan utvikle nye uttrykk og ferdigheter. Dette blir lagt fram som forslag for dei unge, og er ikkje meint som tvang. Det er meint for å kunne gje ungdommane meir å spele på, og då spesielt kunstnarisk. Her er det nyttig å bruke kulturskulen sin kompetanse og kjennskap til utøvande ungdom.

### 5.1.3 Læring

Læring er eit viktig punkt både for UKM og kulturskulen. I samarbeidet kan det oppstå ulike formar for læring, og ikkje berre for ungdommane som deltek.

Respondent 6 beskriv ein situasjon der dei skal endre organiseringa rundt UKM-lokalmønstring. Dette tydar eg som at dei har gjennom å lære har funne at noko må endrast for å skape meir engasjement og deltaking. Dei har lært kor viktig det er med nærleik til ungdom, og kunnskap om dei, for å kunne skape ein kulturell arena. Derfor gjer dei om på situasjonen sin, og involverer kulturskulen og den lokale fritidsklubben i større grad enn før.

Vygotskij hadde tankar om å bygge bru mellom ungdom og vaksne (kapittel 2) ved å lære om ungdommane sitt kvardagsspråk. I eit samarbeid har kulturskulen moglegheit til å lære om, og kjenne lokal ungdom betre. Det betyr ikkje at dei ikkje kan noko om sin ungdom frå før, men at dei kan sjå med eit breiare blikk på kva som bevegar seg i det lokale ungdomsmiljøet. Dersom ein unngår at samarbeidet endar opp som ei "kulturskule-greie", vil ein som kulturskule få ein unik oversikt over korleis ein kan engasjere ungdom og nytte deira kompetanse på eigen kultur. Dei fleste respondentane uttrykker at mesteparten av dei ungdomane dei kjenner til er med på organiserte aktivitetar, men det betyr ikkje nødvendigvis at dei får med seg kva kulturell kapital som ligg i ungdommane. Ein må huske den "frie fritida" og kva meiningsskaping som skjer her. Til dømes korleis ungdom brukar musikk, lagar videoar til Youtube eller dansar.

I undersøkinga om samarbeidet fann eg også ønskjer om å involvere lokale grunnskular i UKM-lokalmønstringa. Nokre av uttrykka som vart nemnt var skiving, og det kan ligge eit stort potensiale i å få med seg ungdomar som likar å uttrykke seg gjennom til dømes forteljingar eller poesi. Nokre respondentar formidla at dei allereie har samarbeid med ungdomsskule om til dømes matservering og kiosk under arrangementet eller styring av lyd og lys. Her tek ein kontakt med andre institusjonelle organisasjonar i lokalsamfunnet. Det treng ikkje vere negativt, frå eit skuleperspektiv kan ungdom kan lære mykje av å utføre faglege oppgåver utanfor dei faste rammene i undervisninga. Det kan likevel vere lurt å ha i bakhovudet at UKM

skal vere ein frivillig arena for ungdom, og at det kan kjennes som å bli tvinga til å delta i samanheng med skulen.

Medverknad og deltaking for ungdom er ein stor del av UKM sitt utgangspunkt. Dette har også undersøkinga vist. Ikkje berre står ungdom på scena og utøver i dei lokale samarbeida, men dei jobbar bak scena, før arrangementet og etter. Fleire av respondentane viser til å ha eigne grupper med Unge Arrangører (UA), som tilfører ein enda større grad av medverknad. Respondent 4 fortel at UA har teke over fleire ledd i styringa før og under lokalmønstring i UKM;

”Vi har gjeve meir og meir slepp, så UA har til dømes ansvar for å lage eit budsjett. Dei har ansvar for å kontakte sponsorar, prate med dei. Dei har ansvar for alt av marknadsføring, det med å, både på snapchat og insta og facebook. Og denne UKM heimesida. Også har dei då ansvaret, spesielt under den helga, i greenroom. Det å lage eit koseleg greenroom. Men også å vere med som produksjonsassistent, dei er med som artistansvarlege.”

Respondent 4, nr. 17 (vedlegg 4)

Ved å opprette ei UA-gruppe kan ein vere med på å la ungdomar tileigne seg ferdigheitskunnskap (kapittel 2.1), noko som er UKM og kulturskulen sin styrke. Ein kan lære å kunne noko som sitt att som kroppsleg læring. I UKM samanheng er det ikkje nødvendigvis slik at ein treng å hekte teori til denne kunnskapen, ein kan la dei unge komme for teori dersom dei sjølv ønsker det. Kurs og workshops i regi at UKM kan vere ein måte å oppnå dette på.

I nokre tilfelle kan UKM sin konkurransefaktor vere ein drivar for påmelding, og ein drivar for å utvikle seg. Slik ytre motivasjon kan bidra til auka deltaking, eller nye og kreative formar for uttrykk. På den andre sida kan konkurransefaktoren også vere ein stoppar for deltaking, og kanskje også for utvikling og læring i utrykka. Mitt inntrykk er at dette hovudsakleg gjeld dei ungdommane som står på scena eller viser fram eit kunstuttrykk. Dei som er bak scena kan i større grad bli motivert av eit meir heilårleg fokus rundt UKM. Kurs og workshops der ein kan

lære og bli inspirert er, i følge nokre respondentar, viktig for å halde motivasjonen oppe før og etter UKM-lokalmønstring.

### **Bruk av lokalt kulturliv**

Den kommunale kulturskulen tek sikte på å vere eit ressurscenter, og det å nytte lokalt kulturliv er ein del av dette. Alle respondentane formidlar at dei nyttar lokale kulturhus, samfunnshus eller ungdomshus som scene for UKM-lokalmønstring. I tillegg er det fleire av dei som nyttar eksterne lys- og lydteknikarar til sjølv produksjonen.

Dette verkar til å vere viktig for dei fleste respondentane, å ha profesjonelle rammer rundt førestillinga. Dette er ein del av arbeidet med å skape tryggleik for ungdomane som framfører og utøver sitt uttrykk. Vissheita om at alt er på plass, og at dei som styrer spakane kan jobben sin, kan vere med å på la ungdommane utrykke seg friare i større grad. Dei kan spørje om lys og lyd, og få det tilpassa til seg og si formidling. Dei ungdommane som er med bak scena får også erfare kva som skal til i ein slik produksjon – og kva krav som kjem frå scena.

Andre kultur- og fritidsarrangement kan påverke kor stort engasjement det er for UKM-lokalmønstring. At kulturskulen er med i samarbeidet, kan bety at dei unngår å legge eigne arrangement til same tid. Kontakt ut mot det lokale kulturlivet vil derfor vere nyttig, for å unngå at dei største arrangementa skjer samstundes. Ein kan også nytte kulturskulen sine kontaktar mot korps, teater og liknande i samarbeidet.

Respondent 2 og 6 har med seg lokale ungdomsklubbar eller fritidsklubbar i samarbeidet om å arrangere UKM. Dette kan vise seg å vere svært nyttig for å kjenne til ungdom og deira kultureferansar. Dei klubbane som fungerer godt kan oppnå kontakt med ungdom med fokus på deira eigne uttrykk. Openheit for ungdomskulturelle uttrykk kan gje dei som involverer seg i fritidsklubbane moglegheit for å utvikle seg på eigne premissar. Denne openheita er ein styrke fordi ungdom kan utøve uttrykk som kan oppfattast som provoserande på andre arenaer. I dei beste klubbane går ungdomsarbeid, demokratisk medverknad og kulturutvikling hand i hand, og fungerer som gode måtar å integrere på tvers av sosiale og kulturelle skiljelinjer (Aagre, 2014).

### 5.1.4 Nærleik

Nærleik er eit tema som stod fram frå intervjua relativt tidleg. Mi oppfatning er derfor at nærleik til blant anna ungdom, elevar, lokalt kulturliv og kollegaer er eit av kriteria for at samarbeidet mellom kulturskulen og UKM skal opplevast som nyttig.

Kontakt med ungdom er sentralt, og undersøkinga viser at kulturformidlarar i stillingar knytt til kulturskulen opplev å oppnå dette. Spesielt dersom deira arbeidsstad i tillegg er nært opp til skule, fritidsklubb eller kulturhus. Dersom tilsette jobbar i fysiske rom der ungdom oppheld seg, vil ein kunne oppnå kontakt og formidle kva rolle ein har.

Kunnskap og kjennskap til lokal ungdom er også vesentleg for å vete korleis ein får engasjement og deltaking. I eit samarbeid vil ein kunne utnytte kulturskulen sin kjennskap til eigne elevar. Det er også mogleg for kulturskulen å utnytte UKM som ein plattform for å bli kjent med, og få kunnskap om, ungdom som ikkje er involvert i dei typiske kulturelle aktivitetane. Respondent 5 uttrykker at det er eit poeng å prøve å få tak i ungdom som ikkje er kjende for dei, og som held på med uttrykk i den "frie" fritida.

I undersøkinga fortel respondentar om tilrettelegging av øving før UKM-lokalmønstring. Her har ein mange gode moglegheiter for å oppnå kontakt med ungdom ved også la dei utanfor kulturskulen vere ein del av tilrettelegginga. Lån av lokale, utstyr og moglegheiter for tilbakemelding, er noko som kan styrke nærleiken til ungdom frå heile lokalsamfunnet. Her kan kulturskulen nytte UKM-lokalmønstring til å bli ein meir open kulturstad, der ungdom kan ta kontakt utan å måtte vere ein del av elevmassen deira. I kapittel 2 nemnte eg 'Rosenthal-effekten', og det kan ein trekke trådar til her også. Tilbakemelding og samtalar med utøvande, vaksne kunstarar og lærarar kan skape mestringskjensle og sjølvtilitt.

For at eit samarbeid skal kunne få større positive konsekvensar for UKM og kulturskulen, kan det vere viktig å involvere fleire kulturskulelærarar. Respondent 2 formidlar ein viss frustrasjon ved å vere den einaste i kollegiet som har nærleik og eit eigarforhold til UKM. Respondenten seier også at det må vere ein balanse, og at det er mange positive sider ved måten UKM-lokalmønstring vert arrangert i deira kommune, men at litt meir støtte frå

kollegaer ville heva engasjementet rundt arrangementet. For å oppnå ein positiv effekt, trur eg at kulturtilsette må ha nokon å utveksle erfaringar og kompetanse rundt samarbeidet med.

## **Ungdom**

Det å vite kven lokal ungdom er, og kva dei driv med, er essensielt for å kunne ha eit tilbod. Viss ein ikkje gjer dette vil det heller ikkje vere nokon som nyttar seg av UKM eller den kommunale kulturskulen. Difor vil det å ha kunnskap om ungdom, på fleire område, vere vesentleg.

Når UKM-lokalmønstringar har med Unge Arrangørar (UA), kan det vere ein fordel å nytte kurs og workshops som motivasjon. Dette gjer at ein får ei stabil gruppe over heile året. Her kan ein også nytte denne gruppa til å arrangere konsertar og førestillingar i kulturskulen. Her må ein tørre å sleppe styringa og stole på den kompetansen ungdomar har om til dømes sosiale media. Dette kan føre til ein ekstra dimensjon som forsterkar det ungdomlege preget på lokalmønstringa i UKM, og kanskje skape større eit engasjement for kulturskulehendingar resten av året.

I undersøkinga kom ein inn på temaet konkurranse. Ein kan ikkje vere sikker på om ungdom som er elevlar i kulturskulen og / eller deltek på lokalmønstring oppfattar UKM som ein konkurranse. For å finne ut av dette måtte ein ha snakka med ungdomane sjølv. Hauge & Lind (2016) har snakka med unge på ungdomsskule og vidaregåande, som formidlar at konkurransefaktoren kan skremme dei frå å melde seg på. Dei kjenner seg ikkje flinke eller talentfulle nok. Nokre av respondentane i denne undersøkinga har fortalt at ungdomar kan sjå på konkurransefaktoren som ein drivlar for å melde seg på, det ligg ei spenning i å kunne komme vidare til UKM-fylkesmønstring. På den andre sida fortel undersøkinga også at nokre er litt bekymra for å komme vidare eller for konkurransedelen av UKM. Her kjem ein nok ein gong tilbake til den vanskelege balansen mellom motsetningar.

Det kan verke som at mange av ungdommane som melder seg på UKM-lokalmønstring når det er samarbeid, allereie er kjende for dei kulturtilsette. Det er også slik at det kan vere vanskeleg å nå dei som ikkje deltek på organiserte fritidsaktivitetar. Dette reflekterer mønster som allereie fins i samfunnet. Unge som har føresette med høg inntekt og høg utdanning, har truleg



ei meir aktiv og organisert fritid. Slik får desse ungdomane "dobbelte opp" når dei utviklar sosiale nettverk og kunnskap i sine aktivitetar (Aagre, 2014: s. 186).

Dei strukturane som ungdom veks opp og lev under skapar moglegheitsforteljingar som gjer det mogleg for dei å gjere val og handle med andre menneske og grupper. Strukturar kan vere dels økonomiske, sosiale og historiske vilkår, dels språk og livssverd, natur og miljø, kropp og fornuft, tradisjonar og mentalitetar, diskursar og språkspel med meir (Sørensen, Høystad, Bjurström, & Vike, 2008). Desse strukturane er med på at nokre ungdom får lettare tilgang til visse aktivitetar enn andre. Som kulturskulelærar og kulturtilsett er det viktig å ha eit slikt overblikk på strukturar, spesielt når ein skal stille seg spørsmål om kvifor visse miljø eller personar ikkje er involvert i fritidsaktivitetar.

## 5.2 Ringverknadar - ein illustrasjon


Dei ulike tema / kategoriane som er skrivne om i kapittel 5.1 legg grunnlag for ein illustrasjon eg har utvikla. Det er eit forsøk på å visualisere dei tema og elementa som vert påverka i eit samarbeid. Ein kunne ha kalla denne illustrasjonen for ein modell også, men det kjennest meir nærliggande å omtale det som ein illustrasjon. Omgrepet modell kjennes for "strengt" ut til at eg ønskjer å bruke det i denne samanhengen.

For å finne ut kva ringverknadar lokale samarbeid mellom kulturskulen og UKM har, vil eg definere kva ein ringverknad er. Sjølve ordet er satt saman av to ord; ring og verknad. Ein ring er ein sirkelformasjon, medan verknad er ein effekt eller eit utslag av noko. Dersom ein leitar opp heile ordet, ringverknad, i ordboka – finn ein at det er "*verknad som breier seg som ringar i vatn; fylgje (II 2), konsekvens*" (Ordbok.uib.no, 2017).

Problemstillinga er ute etter det som har effekt, konsekvens, fylgje eller utslag frå lokale samarbeid mellom UKM og kulturskulen. Dette er utgangspunktet for illustrasjonen. Denne har blikk på hovudtema og kategoriseringar frå analysen, og med det teoretiske rammeverket

grunnlag. Bruken av metaforar er ein utbreidd form for konseptualisering<sup>13</sup>, og kan løfte blikket frå den konkrete empirien og gje oss ein betre generell forståing (Tjora, 2017).

Illustrasjonen skal vise ringverknadane av lokale samarbeid mellom desse to kulturorganisasjonane. Kva er innerst i ringen og startar effekten? Kva får ringen til å utvide seg? På denne måten blir ordet "ringverknad" ein del av metaforen for modellen. Illustrasjonen viser at ringverknadane går "utover", og ikkje rundt i ein sirkel eller i eit fast mønster. Dette er for å vise at konsekvensane ikkje treng å ha ein bestemt effekt, at effekten kan vere ulik.



Figur 5.1 Drøfting: Ringverknader: ein illustrasjon


Figur 5.1 viser at samarbeid (mellom UKM og kulturskulen) er det som startar ein effekt, dette ligg midt i illustrasjonen. Denne effekten spreier seg ut til fire ulike tema; rom, roller, læring og nærleik. Når ulike tema møtest, påverkar dei blant anna kulturformidlarane, ungdom, kunstutrykk og lokalt kulturliv. Ringane i modellen er runde, men utan perfekte linjer. Dette

<sup>13</sup> Utvikling av konsepter er ein del av det Tjora (2017) kallar SDI: Stegvis-deduktiv induktiv metode. Å utvikle konsept vert også brukt innan forskingstradisjonen "Grounded Theory" av Glaser og Straus (Tjora, 2017).

for å visualisere at det er bevegelse, at tema som bevegar seg rundt samarbeidet er dynamiske. På same måte som at ein vil få ulike ringverknadar ut frå kva form, storleik eller kraft steinen har når ein kastar den i vatnet.

Elementa i illustrasjonen; rom, roller, læring og nærleik, bevegar seg og kan skape ein effekt som påverkar ytterlegare delar. Elementa roller og nærleik skapar påverknad for kulturformidlaren. Nærleik og læring gjev effekt på uttrykk. Når læring og rom treffes blir ungdom påverka. Til slutt skapar også rom og roller ei bølge for lokalt kulturliv. Ut frå korleis samarbeider fungera, og korleis personar som er involvert, vil element påverke kvarandre forskjellig. På same måte som at samarbeida i denne undersøkinga også har hatt ulike ringverknadar.

Utforminga av illustrasjonen er i noko grad inspirert av den didaktiske relasjonsmodellen<sup>14</sup>(figur 5.2) og modellen av den refleksive forskar (sjå kapittel 2, figur 2.1).



Figur 5.2 Drøfting: Den didaktiske relasjonsmodellen etter Bjørndal og Lieberg (Hanken & Johansen, 2007: s. 148).

<sup>14</sup> Den didaktiske relasjonsmodellen er eit hjelpemiddel i pedagogisk arbeid. Det er ein modell som viser strukturar og faktorar som er felles i pedagogisk verksemd, den er utvikla av Bjarne Bjørndal og Sigmund Leberg (Hanken & Johansen, 2007).

På kva måtar kan min illustrasjon samanliknast med desse to modellane? Både den didaktiske relasjonsmodellen og modellen av den refleksive forskar er dynamiske modellar der dei ulike faktorane eller omgrepa kan påverke kvarandre. Dei beveger seg ikkje i noko bestemt retning. Dei modellane representerer også to ulike fagfelt; kulturstudiar og didaktikk / pedagogikk. Min illustrasjon er eit forsøk på å sjå på ei blanding av begge fagfelta innanfor problemstillinga.

### 5.3 Drøfting om kvalitet

Det er viktig å drøfte kvaliteten for forskinga som har vorte gjennomført. Tre kriterier som ofte vert gjeve for å kvalitetssikre den kvalitative forskinga er; pålitelegheit, gyldigheit og generalisering (Tjora, 2017).

”Målet for den kvalitative forskeren er å forsikre leseren om at bildet som blir gitt ikkje er feilaktig eller er en forvrenging av de faktiske forhold, og å unngå misforståelser.” (Nilsen, 2012)

#### **Pålitelegheit**

Ein forskar sitt engasjement for tematikken kan opplevast som støy, men er i hovudsak ein nødvendig ressurs. I nokre prosjekt er det også heilt nødvendig at forskaren har eit spesielt engasjement eller kunnskap om området som skal studerast (Tjora, Kvalitative forskningsmetoder i praksis, 2017). Dersom ein ser dette ut frå denne oppgåva sitt perspektiv, så kan ein kanskje seie at tematikken ikkje hadde vorte til dersom eg ikkje hadde erfaring og kompetanse på området. Eg meiner ikkje at eg er den einaste som kunne komme på å skrive om samarbeidet mellom UKM og kulturskulen, men at arbeidserfaring var avgjerande i min eigen refleksjon og prosess. I tillegg har eg gjort forsøk på å redusere støyen i gjennomføringa av intervjua, blant anna ved å ikkje presentere meg med fagbakgrunn (kapittel 3).

Det har også vore ein fordel å ha ei så stor interesse for tematikken når eg skulle leite fram teori, artiklar og forskning. Det betyr at eg stort sett har komme fram til kva ord og formuleringar som fann rett informasjon på internett, bibliotek eller i databaser, utan større problem.

Perspektiva for val av analyse har også noko å seie for pålitelegheita til oppgåva. Mitt mål har vore å presentere datamateriale på ein breiast mogleg måte. Med dette har eg forhåpentleg fått vist fram kva respondentane har snakka om, og kva variasjonar som har vore der. Når eg valde å kode og kategorisere funna, var eg opptatt av å ikkje vere for statistisk – samstundes som at nokre generelle trekk skulle komme fram. Eg har også prøvd å gjere ein analyse for analysen sin skuld, og ikkje for å teste teori eller forskning.

Tjora (2017) meiner at ein også kan nytte kvantitative metodar sine spørsmål om pålitelegheit i kvalitative studiar; ville resultata vorte dei same dersom ein annan forskar hadde gjort den same jobben? Her skriv han at ein ikkje treng eit klart "ja"-svar, men at det likevel må greiast ut om. Det første som kjem i tankane er at eg gjerne skulle ha vore meir erfaren som forskar på førehand, dette er nok den største grunnen til at mi oppgåve og desse resultata ville kunne bli ulike frå andre forskarar. Ein anna faktor som kunne ha gjort undersøkinga ulik, er min fagbakgrunn. Den har på mange måtar vore ein fordel, men det kan også ha ført til at eg har gått glipp av moglege forskingsspørsmål eller perspektiv.

## Gyldigheit

"Gyldighet handler om en logisk sammenheng mellom prosjektets utforming og funn, og de spørsmål man søker å finne svar på." (Tjora, 2017)

Først vil eg sjå på den intern gyldigheita. Den handlar om å sjå på resultata, og om dei vert oppfatta som riktige (Jacobsen, 2015). Eit kriterium for intern gyldigheit er om respondentane gjev ei sann beskriving av verkelegheita. Gjennom denne undersøkinga har eg vald å svare på problemstillinga ved å intervjuje kulturtilsette og kulturformidlarar frå ulike delar av Norge. Det verka som ein rett innfallsvinkel for å få dei data eg ønska. Eit anna perspektiv som eg kunne ha tatt er ungdomane sitt, og dersom eg skulle ha utvida undersøkinga eller fortsatt med denne oppgåva ville eg nok også ha gjort dette. Det er likevel nyttig å ha kulturtilsette sin innfallsvinkel til samarbeidet, då deira meiningar og syn kan brukast til å belyse ei eventuelt

seinare undersøking med ungdom. Respondentane eg har valt har informasjon om sitt eige arbeid, deira situasjon og deira lokalsamfunn. Dermed har dei nærleik til UKM og kulturskulen, og har førstehandsinformasjon om lokale samarbeid.

”Som en gylden regel sier vi ofte at: Informasjon fra flere uavhengige kilder gir en gyldig beskrivelse av fenomenet. Dette trenger ikke bety at kildene er enige i beskrivelsen. Det kan være et akkurat like godt tegn på gyldighet at vi får ulike beskrivelser av et fenomen.” (Jacobsen, 2015)

Respondentane i denne undersøkinga har gjeve forskjellige beskrivingar av samarbeidet. I analysen av intervjuar har eg prøvd å vise fram det som liknar, men også prøvd å få fram ulikheitar. For det har vore ulikheitar; blant anna i organisering, syn og verdiar. Formålet er å beskrive desse samarbeida, og eg ser på det som ei styrke at det er både konvergens (einigheit) og divergens (ueinigheit) i datamaterialet.

Informasjon som kjem direkte, og gjerne spontant, frå respondenten vil ofte tileignas større gyldigheit. Desse opplysningane er ikkje direkte styrt av forskar sine spørsmål og ein kan anta at det derfor ligg nærare det respondenten oppfattar om temaet (Jacobsen, 2015). Valet om å ha mest mogleg informasjon for å få respondentane til å prate opent, var nettopp på grunn av dette. Det var ikkje alle intervjuar som vart like opne, men etter å ha ”varma opp” litt har alle respondentane komme med eigne utsegn, som til dømes å bryte inn mine byrjande spørsmål. Oppfølgingsspørsmål har også vore med på å få respondentane til å utdjupe vidare i eigne utsegn og refleksjonar om ulik tematikk.

Den eksterne gyldighita handlar i kva grad undersøkinga kan generaliserast. Her ser ein på i kva grad funna kan overførast til andre enn dei ein faktisk har undersøkt (Jacobsen, 2015).

## Generalisering

”En eller annen form for generalisering er et eksplisitt eller implisitt mål innenfor det meste av samfunnsforskningen.” (Tjora, 2017)

Det kan vere ei utfordring å skulle generalisere kvalitative data. Dette har eg kjent på i denne undersøkinga då utvalet av respondentar er få. Korleis generalisere når ein har seks intervju å halde seg til, og er det mogleg i det heile? Her har eg nytta ein av styrkane til kvalitativ tilnærming; teoretisk generalisering. Dette betyr blant anna å avdekke fenomen, etablere kausalmekanismar og avdekkje spesielle føresetningar for at noko skal ha effekt (Jacobsen, 2015).

I utvalet av respondentar har eg gjort eit forsøk på å ha ei viss spreining i arbeidsoppgåver og kva storleik det er på kommunen dei jobbar i. Det er i tillegg geografisk spreining i kor respondentane jobbar. Denne informasjonen fann eg gjennom kommunane sine nettsider før eg oppretta kontakt med respondentane. I tillegg låg det informasjon på desse nettsidene om kva arbeidstittel potensielle respondentar hadde. Eg ønska ikkje å berre ha leirar i kulturskulen i utvalet mitt, og derfor var det vesentleg å gjere ein slik undersøking på førehand. Slik håpar eg å ha fått ei stor nok bredde for å kunne generalisere.

Mitt forsøk på å generalisere er inspirert av det Jacobsen (2015) skriv om det spesielle og det generelle. Tanken har vore å balansere analysen av datamateriale mellom det generelle; kategoriar / prosessar og samanhengar, og det spesielle; spesifikke data frå intervju. I tillegg har eg latt meg inspirere av Tjora (2017) sin utvikling av konsept ved å lage ein illustrasjon basert på teori og datamateriale.

### **Kva har erfaring å sei for kvaliteten?**

Kunnskap og læring har, ut frå eit sosiokulturelt perspektiv, tre ulike soner. Den første sona, *oppnådd kompetanse*, er det ein kan gjere sjølv utan hjelp. For å kunne gå vidare med kunnskapen lyt ein tre inn i *den næraste utviklingssona*, men her lyt ein ha støtte og rettleiing

for å klare å nytte kunnskapen. Den *framtidige kompetansen*, som er den tredje sona, er det ein enda ikkje har føresetning for å få til (Skaalvik & Skaalvik, 2009).

Så kva har dette å sei for denne samanhengen? Som masterstudent har eg hatt nokre tankar undervegs på kva som er mi næraste utviklingssone. Kva kan eg få til på eiga hand, og kva ligg i den tredje sona og er utilgjengeleg? Når eg starta på denne oppgåva hadde eg noko kompetanse om forskning, både frå undervisninga ved høgskulen og frå aksjonsforskning<sup>15</sup> gjennomført på bachelornivå.

For å kunne oppnå høg kvalitet på ei undersøking vil ein kunne trenge å ha komme i den første sona, med kvalitativ metode som oppnådd kompetanse. Det betyr ikkje at ein har fullstendig kompetanse om kvalitativ metode, men at ein har nok erfaring til å klare seg på eiga hand. Dette i tillegg til å vere ein reflektiv forskar som ser si eiga rolle og vurderer dei ulike analytiske verktøya ein har tilgjengeleg.

I denne prosessen har eg på mange måtar vore innom mi næraste utviklingssone, og nokre gonger grensa til min framtidige kompetanse. Det har med ord vore ein læringsprosess. Sjølv om eg har gjennomført eksamen i metode, og har lært om kvalitativ metode, så har eg ikkje erfart kvalitativ metode i same grad. Det er noko forskjell i å lese og skrive om det, og det å gjere det i praksis. Så i tillegg til å drøfte kvalitet gjennom gyldigheit, pålitelegheit og generalisering, er det også nødvendig å sjå kvaliteten på undersøkinga i lys av at mi veksling mellom dei ulike sosiokulturelle sonene.

---

<sup>15</sup> Aksjonsforskning er eit undersøkingssopplegg der forskaren skal forbetre ein situasjon, og har ei normativ innretning. Skilje mellom forskaren og den som vert forska på blir oppheva, og forskaren er ein deltakande og aktiv part (Jacobsen, 2015).





## 6. Oppsummering

Denne oppgåva har tatt for seg samarbeidet mellom UKM og kulturskulen, og dei ringverknadane som kan oppstå. For å undersøke dette har det vorte gjennomført djupneintervju, og som metode har eg vald eit kvalitativt design. I intervjua har eg snakka med seks respondentar som alle jobbar i dette samarbeidet.

Ulike element og aktørar som kan bli påverka i eit lokalt samarbeid er; ungdom, lokalt kulturliv, rom, læring, utrykk, kulturformidlarar, roller og nærleik. Desse omgrepa har eg samla i ein illustrasjon som visualiserer dynamikken i eit slik samarbeid.

Eg har ikkje noko ønskje om å konkludere i denne oppgåva. I tråd med illustrasjonen i kapittel 5.2 ønskjer eg heller å summere med nokre punkt som kan beskrive ringverknadar som skjer i lokale samarbeid mellom den kommunale kulturskulen og UKM:

- *Læring*: Lokale samarbeid kan vere motiverande for ungdom lære meir om organisering av kulturarrangement. Det er ein stad der dei kan lære å *kunne*, heller enn å *vite*.
- *Nærleik*: Lokale samarbeid kan vere ein stad der kulturskulen oppnår kontakt med ungdom utanfor sin eigen institusjon, og der UKM kan vise fram ungdom som utøvar og formidlar utrykk dei lærer på kulturskulen.
- *Rom*: Lokale samarbeid kan vere profesjonelle rom der unge som opptrer på scena får sjå andre unge styre lyd, lyd, handtere sosiale media og anna organisering. Det kan vere ein god møteplass dersom ein unngår å bli ein "flinkiss"-klubb for berre ei spesiell gruppe ungdom.
- *Roller*: Lokale samarbeid kan vere ein balansekunst for både organisasjon og kulturformidlar. Rollene kan vere uklare, og ein jobbar ofte med både organisering, læring, formidling og integrering.

## 6.1 Forsking – vegen vidare

Dersom eg skulle haldt fram med å forske på den same tematikken, ville eg ha fokusert på å teste og utvikle illustrasjonen eg har laga. Det kunne vore nyttig å utvida den ytterligare for å teste om den kunne brukast i samanheng med den kommunale kulturskulen som ressurscenter. Ein kunne også sett på om UKM kunne ha nytta den som verktøy i sine ulike lokale og regionale samarbeid.

I tillegg ville eg, baser på resultat frå denne undersøkinga, gjennomført undersøkingar med ungdom. Dette gjeld både i deltakarar i UKM og elevar i kulturskulen. Det kunne vore interessant å gjort observasjonsstudiar eller aksjonsforskning i mitt nærrområde, for å sjå på dei regionale forskjellane i mitt eige fylke.

## 6.2 Vidare utvikling av lokale samarbeid

Basert på funna frå undersøkinga og drøftinga av lokale samarbeid mellom UKM og kulturskulen, ønskjer eg å komme med nokre punkt som kan vere viktige vidare i utviklinga av lokale samarbeid;

- Involvere lokale ungdomsklubbar og fritidsklubbar i større grad, for å få betre kunnskap i den lokale ungdomskulturen utanfor institusjonane.
- La kulturskulen sine fasilitetar og ressursar vere tilgjengeleg for all UKM-ungdom før UKM-lokalmønstring. Ikkje berre den same helga som sjølv arrangementet.
- Få inn fleire tverrfaglege perspektiv for å løfte blikket frå sine fag, og på den måten komme nærare ungdomen og deira kulturelle meiningsskaping.
- Ikkje vere redd for å prøve seg utanfor dei tradisjonelle kunstutrykka, og heller tørre å lære om nye måtar å utrykke seg på.





## Kjeldeliste

- Aagre, W. (2014). *Ungdomskunnskap - hverdagslivets kulturelle former* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Bakken, A. (2016). *Ungdata 2016 - Nasjonale resultater*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, HiOA.
- Bamford, A. (2008). *Wow-faktoren - Globalt forskningskompendium, om kunstfagenes betydning i utdanning*. Oslo: Musikk i skolen.
- Bamford, A. (2013). Arts and Cultural Education in Norway - Sammendrag på norsk av kartleggingen "Kunst- og kulturopplæring i Norge". I M. Bakken, & S. B. Hommerstrand, *Barn, kunst og kultur* (H. H. Clifford, Omset., ss. 47-60). Oslo: Universitetsforlaget.
- Barker, C. (2012). *Cultural Studies - Theory and practice* (4. utg.). London: SAGE Publications.
- Benton, M. (1996). The Image of Childhood: Representations of the Child in Painting and Literature 1700-1900. I E. Schrupf, *Kompendium: Barndom og modernitet, 2015*. Bø: Høgskolen i Sørøst-Noreg.
- Denkulturelleskolesekken.no. (2016). *Om skolesekken*. Henta frå Den kulturelle skolesekken: <http://www.denkulturelleskolesekken.no/om-skolesekken>
- Duesund, L. (2001). *Kropp, kunnskap og selvoppfatning*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Halvorsen, E. M. (2017). *Kulturarven i skolen - felleskultur og elevmangfold*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hanken, I. M., & Johansen, G. (2007). *Musikkundervisningens didaktikk* (7. utg.). Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Hauge, E. S., & Lind, E. (2016). *Ung Kultur Møtes (UKM) - Barn og unges forhold til UKM*. Kristiansand: Agderforskning.
- Haugsevje, Å. D., Hylland, O. M., & Stavrum, H. (2016, januar 1). Kultur for å delta - Når kulturpolitiske idealer skal realiseres i praktisk kulturarbeid. *Nordisk kulturpolitisk tidsskrift*, ss. 78-97.
- Hilde, S. B., & Gjærum, G. R. (2016, desember 14). *Små grep kan gi bedre kjønnsbalanse i musikklivet*. Henta frå Musikkultur.no: <http://musikkultur.no/fagartikler/sma-grep-kan-gi-bedre-kjonnsbalanse-i-musikklivet-6.54.434522.7e3daa6ff0>

- Hjermann, R. (2013). *Barn, kunst og kultur*. (M. Bakken, & S. B. Hommerstrand, Red.) Oslo: Universitetsforlaget.
- Hofsli, E. (2017, 06 13). *Kulturskoleradet.no*. Henta 07 2017 frå Det blir en egen stortingsmelding om kulturskolen: <http://kulturskoleradet.no/nyheter/2017/juni/det-blir-en-egen-stortingsmelding-om-kulturskolen>
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? - Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (3. utg.). Oslo: Cappelen Damm As.
- Kulturrådet. (2015, Januar 19). *Prosjekter gjennom 50 år – Ungdommens Kulturmønstring*. Henta frå Kulturradet.no: <http://www.kulturradet.no/jubileum-2015/vis-artikkel/-/ukm-30-ar#main-content>
- Kvarv, S. (2014). *Norsk kulturpolitikk i det 20. århundret - Mellom ideologi og pragmatisme*. Oslo: Novus forlag.
- Lexin.udir.no. (2017, august 11). *Samarbeid*. (H. Lund, Redaktør) Henta frå Lexin-ordbøker på nett: <http://lexin.udir.no/?search=samarbeid&dict=nbo-nny-maxi&ui-lang=NBO&startingfrom=&count=10&checked-languages=E&checked-languages=N&checked-languages=NNY>
- Nerland, M. (2004). Kunnskap i musikkpedagogisk praksis. I G. Johansen, S. Kalsnes, Ø. Varkøy, G. Johansen, S. Kalsnes, & Ø. Varkøy (Red.), *Musikkpedagogiske utfordringer - Artikler om musikkpedagogisk teori og praksis* (ss. 46-56). Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Nilsen, V. (2012). *Analyse i kvalitative studier - Den skrivende forskeren*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nordbø, B. (2014, august 21). *Mønstring*. Henta frå Store Norske Leksikon: <https://snl.no/mønstring>
- Norsk Kulturskoleråd. (2016). *Rammeplan for kulturskolen - Mangfold og fordjuping*. Oslo: Norsk kulturskoleråd.
- NSD, personvernombud. (2017, juli 15). *Om oss*. Henta frå Nsd.uib.no: [http://www.nsd.uib.no/personvernombud/om\\_oss.html](http://www.nsd.uib.no/personvernombud/om_oss.html)
- Opplæringslova. (1998). § 13-6. *Musikk- og kulturskoletilbod*. Henta frå Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>
- Ordbok.uib.no. (2017, mai 12). *Ringverknad*. Henta frå Bokmålsordboka - Nynorskordboka: [http://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=Ringverknad&ant\\_bokmaal=5&ant\\_nynorsk=5&begge=+&ordbok=begge](http://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=Ringverknad&ant_bokmaal=5&ant_nynorsk=5&begge=+&ordbok=begge)

- Saur, S. (2016, august 24). "Hun gir mange millioner til festivaler i nord - og pengene skal gå til noe helt spesielt". Henta frå Avisa Nordlys: <https://www.nordlys.no/tromso/kultur/museum/hun-gir-mange-millioner-til-festivaler-i-nord-og-pengene-skal-ga-til-noe-helt-spesielt/s/5-34-471763>
- Sørensen, A. S., Høystad, O. M., Bjurström, E., & Vike, H. (2008). *Nye kulturstudier*. Oslo: Spartacus Forlag AS.
- Schackt, J. (2016, april 21). *Snl.no*. Henta frå Kultur: <https://snl.no/kultur>
- Schrumpf, E. (2012). En tredje vending i barndomshistorien? Fra stuktur til kultur og materialitet. I E. Schrumpf, *Kompendium: Barndom og modernitet, 2017* (ss. 1-28). Bø: Høgskolen i Sørøst-Noreg.
- Skaalvik, E. M., & Skaalvik, S. (2009). *Skolen som læringsarena - Selvoppfatning, motivasjon og læring* (4. utgåve. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Speedware. (2017, mai 12). *Om Speedware*. Henta frå Speedware.dk: <http://no.speedware.dk/om-speedware>
- Spurkeland, J. (2006). *Relasjonskompetanse - Resultater gjennom samhandling* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Statistisk sentralbyrå. (2017, juni 28). *Meir til kultur*. Henta frå SSB.no: <http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/meir-til-kultur>
- Strandbu, Å., & Øia, T. (2007). *Ung i Norge - skole fritid og ungdomskultur*. Oslo: Cappelen Akademisk.
- Tønnesson, Ø., & Svartdal, F. (2013, juni 13). *Ungdom*. Henta frå Snl.no: <https://snl.no/ungdom>
- Tjeldvoll, A., & Skagen, K. (2015, oktober 15). *Store norske leksikon*. Henta frå Didaktikk: <https://snl.no/didaktikk>
- Tjora, A. (2014, mars 12). *Pierre Bourdieu*. Henta frå Snl.no: [https://snl.no/Pierre\\_Bourdieu](https://snl.no/Pierre_Bourdieu)
- Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Torsvik, T. (2017, 01 27). *Vil ha kulturskolene på banen mot skjev kjønnsfordeling*. Henta frå Musikkultur.no: <http://musikkultur.no/nyheter/vil-ha-kulturskolene-pa-banen-mot-skjev-kjonnsfordeling-6.54.442033.a8fbfe5571>
- UKM. (2017, februar 24). *Årsrapport 2016*. Henta frå Konsek.no: <http://www.konsek.no/wp-content/uploads/2017/01/0022-Vedlegg-UKM-Norge-Årsrapport-2016.pdf>



- UKM.no. (2017, Mai 13). *Historikk*. Henta frå UKM: <http://om.ukm.no/om/historikk-og-vedtekter/>
- UKM.no. (2017, mai 12). *Hva er UKM?* Henta frå UKM: <http://ukm.no/hva-er-ukm/>
- UKM.no. (2017, mai 22). *Om*. Henta frå UKM: <http://om.ukm.no/om/>
- Waagen, W. (2011). *Kulturskole - profesjon og bærekraft*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Waagen, W. (2013). *Barn, kunst og kultur*. (M. Bakken, & S. B. Hommersand, Red.) Oslo: Universitetsforlaget.
- Wennes, G. (2007). *Kunstledelse - om ledelse av og i kunstneriske virksomheter* (2. utg.). Oslo: Abstrakt forlag.
- Wheaton, B. (2004). Introduction – mapping the lifestyle sport-scape. I E. Schrupf, *Kompendium: Barndom og modernitet, 2017* (ss. 415-430). Bø: Høgskolen i Sør-Aust Noreg.

## Vedlegg

<b>Vedlegg 1: samandrag respondent 1.....</b>	<b>ii</b>
<b>Vedlegg 2: samandrag respondent 2.....</b>	<b>vi</b>
<b>Vedlegg 3: samandrag respondent 3.....</b>	<b>x</b>
<b>Vedlegg 4: samandrag respondent 4.....</b>	<b>xiv</b>
<b>Vedlegg 5: samandrag respondent 5.....</b>	<b>xx</b>
<b>Vedlegg 6: samandrag respondent 6.....</b>	<b>xxvii</b>
<b>Vedlegg 7: intervjuguide.....</b>	<b>xxxii</b>
<b>Vedlegg 8: tilbakemelding frå NSD.....</b>	<b>xxxii</b>
<b>Vedlegg 9: informasjon til respondentar i forkant.....</b>	<b>xxxiv</b>



## Vedlegg 1: samandrag respondent 1

Nr.	Respondent
1.	<i>"Og, eg har jo med meg ein del av lærerane på sjølve arrangementet då kan du sei, til å vere både vere både riggara og scenearbeidara. Og inn og ut av scena, og i det heile tatt."</i>
2.	<i>"Vi er jo no, kulturskulen i *kommune, i same kommunale avdeling som operahuset. Det er blitt slått i hop til ei avdeling, med avdelingsleiar på toppen der. Sånn at eg som rektor no i kulturskulen er ikkje, sitt ikkje, på mi eiga tue lenger. Eg er ein del av eit team og kan få oppgåver som ikkje nødvendigvis er berre kulturskule-ting. Og ei av dei oppgåvene er då å arrangere UKM lokalt. Så det har me gjort. Så lærarane er då sjølv sagt med og, ja, også når elevane treng akkompagnement og den type ting. Så eigentleg kan ein vel sei at UKM i *kommune er ganske nært knytt til kulturskulen sånn som det er akkurat no."</i>
3.	<i>"Eg må jo berre sei at det er UKM lokalt som vi har fast frå år til år. Men vi har hatt iallfall ein gang, eller to huskar ikkje heilt, dei siste par-tre åra har vi hatt prosjekt der ein av kulturskulelærarane som har litt kompetanse både på framføring og i det heile tatt det å stå på ei scene og vere ..."</i>
4.	<i>"Har hatt korte kurs i forkant av UKM då, for å liksom hjelpe deltagara som er påmeldt til å finne tryggheta. Og det trur eg vi også har fått prosjektmidlar til å gjere. Men no berre trur eg, dette sitt eg ikkje med framføre meg. Eg trur vi fekk det då, det er vel to eller tre år sidan. Og det er noko som vi vurderer, om vi skal kanskje ta det opp igjen neste år. Eller, vi kjem uansett til å vere litt meir proaktive i forkant av UKM neste år."</i>
5.	<i>"Det skjer veldig mykje på ei gong, sånn at ungdommane har liksom ikkje tid til å prioritere UKM i år. Vi var nede på berre seksten scene ... Nei, jaja, viss vi inkludera konferansierane som var påmeldt så var vi atten sceneinnslag."</i>
6.	<i>"Og det er iallfall ti mindre enn det vi har brukt å hatt tidlegare, trur eg. Det har variert litt sjølv sagt, men det har ligge mellom femogtjue og tredve stort sett."</i>
7.	<i>"For vi får ein del speleoppdrag. Det variera jo, men at vi har ein tjue-tredve ulike arrangement i løpet av eit år. Små og store. Så eg veit ikkje, men for ein kulturskule på vår størrelse – så trur eg det er ganske bra."</i>
8.	<i>"Det er vel reint organisatorisk trur eg. Så kan du sei samarbeid ... Det er jo kanskje no blitt slik at kulturskulen er UKM på ein måte. (ler)"</i>
9.	<i>"Ja. UKM per no er på ein måte eit fast kulturskulearrangert innslag i året, på ein måte. Men det har ikkje vore planlagt noko foreløpig om at UKM i *kommune skal utvidast til å omfatte andre arrangement eller kva skal eg sei? Andre UKM arrangement på ein måte. Eg veit at ein har opna opp for at ein gjere ting utover året og ulike prosjekt og den type ting. Men det har me ikkje gjort foreløpig iallfall."</i>
10.	<i>"Nei altså, det har vore UKM i *kommune i alle år. Og malen for arrangementet er jo på ein måte den same som den har vore. Og eg som rektor i kulturskulen, sjølv om eg ikkje alltid har hatt hovudansvaret, så har eg alltid vore med som ein del av arrangørstaben kan du sei i alle år eigentleg. Så det er eigentleg ikkje noko big deal dette der. Anna enn at de det reint administrativt, med å melde på og sende vidare og den type ting, har blitt mitt ansvar. Men det er jo ... Eg har jo vore med i sjølve arrangementet tidlegare også så. Det einaste problemet er jo kanskje akkurat som det er no, er at det er mykje anna som skjer. Og UKM er ein ting som kjem litt på toppen"</i>

	<i>av alt det, sånn at det kan vere at det blir vanskelig å utvide UKM utover det som me gjer – for å sei det sånn. For då vil det unekteleg komme til å gå på bekostning av noko anna kanskje. Så foreløpig er det ingen planar om å utvide UKM aktiviteten i *kommune.”</i>
11.	<i>”Det er så mykje anna som skjer også, så eg veit faktisk ikkje om det er grunnlag for det. Det einaste eg kan tenkje meg er at den type prosjekt som vi snakka om, at vi kan ha ein slags artistutviklingsprosjekt og veileie i sjølve det å stå på scena og formidle. Det ser vi for oss at vi kan komme til å gjere meir av.”</i>
12.	<i>”Vi har hatt med ungdomsrådet, dei har stilt som jury dei siste to åra. Elles er det eit arrangement, dei siste to åra, som har vore utført av kulturavdelinga. Altså personale i operahuset og kulturskulen som står for det i lag. Vi har nok ikkje hatt med nokon andre. Det blir arrangert av ei kommunal avdeling, kan du sei.”</i>
13.	<i>”Det er vel der me kanskje synda litt mot, me gjer det for dei på ein måte (ler). Det har me iallfall gjort i år og dei åra som eg har oversikt over. Så har me vel ikkje gått aktivt inn for at ungdommane sjølv skal måtte gjere noko med sjølve arrangementet.”</i>
14.	<i>”Eg kunne tenkje meg at kanskje ungdommane kunne ha vore engasjert i marknadsføring og slike ting, men akkurat arrangementet trur eg bør bli utført av dei som har greie på det for å sei det sånn. Det trur eg. Men når ein har den moglegheita, at ein har eit godt hus med proffe folk på lyd og lys og den type ting så er det naturleg at det er dei som tar seg av dei bitane. Om det hadde vorte meir blest om UKM om det var nokre ungdomar som stod for marknadsføring og den type ting sjølv, det kan godt hende.”</i>
15.	<i>”Det er vel ikkje til å stikke under ein stol at dei fleste deltagarane har ein eller anna tilknytning til kulturskulen. Men sånn er det vel egentlig alltid på ... Ja egentlig har det alltid vore sånn. Ungdommane no til dags er vel rimeleg gjennom-organiserte. Det er ikkje så mykje som skjer som ikkje på eit eller anna vis er organisert. Og mange er ikkje vandt til å måte organisere seg sjølv heller, er jo både godt ... (ler) Altså det er vel kanskje gale, ikkje sant? Men det er no sånn det har blitt. Dei har hundrevis av tilbod å velje i rundt om kring, og det er ikkje slik at dei må gripe fatt sjølv for at noko skal skje.”</i>
16.	<i>” Vi henvender oss jo utover i den grad det er mogleg til alle. Men faktum er jo at dei fleste ungdomane i *kommune er på ein eller anna måte med i organisert aktivitet. Dei er vandt til å søkje seg til, for eksempel *konsertscene som er eit lokale som er opent for at kven som helst kan komme der og øve der med band. Og dei nyttar seg av det, men når ein ser på kven som nyttar seg av det så er det jo dei same folka som vi har i kulturskulen. (ler)”</i>
17.	<i>”I forhold til andre til andre plassar trur eg, så har kulturskulen veldig høg status i lokalsamfunnet. Den blir sett på som ein ressurs og som ein aktør som kan hjelpe til med det meste og få gode resultat. Sånn att ungdommane har eigentleg eit ganske nært og naturleg forhold til kulturskulen og brukar gjerne kulturskulen. Sjølv om dei kanskje ikkje er med i kulturskulen er det fort gjort at dei spelar i band eller lignande med nokon som er det, og det er ikkje unaturleg at dei spør meg om hjelp til noko viss det trengs.”</i>
18.	<i>”Og ein anna ting som er litt spesielt i *kommune, er at ungdomsskulen er i same lokale som kulturskulen. Noko som gjer at kulturskulen ikkje er ei greie som ligg for seg sjølv. Alle ungdommane som går på ungdomsskulen kjenner kulturskulen og veit kven som jobbar der og er elevar der. Ikkje sant? Dei passerar heile tida forbi der. Det er ikkje</i>

	<i>nokon ungdomar som synes at det er rart, trur eg, å ha noko med kulturskulen og gjere. Dei har ikkje noko fiendtleg haldning, viss eg kan sei det på den måten. (ler)''</i>
19.	<i>'' Eg veit ikkje om du skjønner kva eg meina, men kulturskulen er ein heilt normalt integrert del av alle ungdommane sine dagar. Anten dei vil eller ei (ler).''</i>
20.	<i>''UKM i fjor, då hadde vi med eit band som enda opp i Oslo spektrum. Det skapte sjølv sagt mykje blest i lokalsamfunnet sånn sett. Ein skulle jo tru at det ville medføre at folk straua til UKM for å prøve seg sjølv (ler). Men dei gjorde ikkje det. Litt rart å sei det, men det er neste som at dei tenkjer at det er sånn det skal vere. Ungdommane veit at dei kan nå kor langt dei vil, viss det er skikkeleg kvalitet på det dei styre med. Men om UKM er den viktigaste aktøren sånn sett det veit eg ikkje. Så eg er litt usikker på om UKM sin status kan knytast opp mot kulturskulen sånn sett.''</i>
21.	<i>'' Ja altså i forhold til antall deltagara så kjem det like mykje folk på UKM som på ein vanleg kulturskulekonsert. Det er jo unekteleg slik at det er først og fremst slekt og venner som dukkar opp, det er det jo. Me hadde vel mellom 150 og 200 i salen i år, og med 18 sceneinnslag så er det ganske bra.</i>
22.	<i>''Ja altså, sånn fagleg er det jo slik at så lenge det er organisert slik som no, så er det iallfall forutsigbart på den måten at du veit at du har hus, lydfolk, lysfolk, du har folk som har jobba på ei scene før og veit kva som skal skje. Du har folk som har erfaring med å få innslag inn og ut av scena, slik at arrangementet går smooth. Fasilitetane er på plass. Du må ikkje finne ut kruttet for å få eit godt arrangement, og det kan jo vere greit.''</i>
23.	<i>''Det var jo unekteleg slik at det var stort sett to type innslag. Det var jenter som sang til playback, også var det band. Og det har vi prøvd å snu litt rundt, og i år hadde vi opptil fire eller fem innslag som kan klassifiserast som klassisk musikk. Fiolin og piano blant anna. Vi hadde også drill og dans som ikkje har vore mykje av før. Eller det har vore litt av og på. Vi har pleidd å ha nokre påmeldingar frå sirkuslinja på folkehøgskulen, men dei meldte seg av igjen rett før showet. Elles så var det vel ein nedgang på kunst, ganske dårleg påmelding på den biten i år. Det var ingen film i år. Det har vi også hatt med tidlegare. Kva årsaken til det er ... I fjor var det mange som meldte seg på kunst, i år var det få. Kva som gjer det er vanskeleg å sei.''</i>
24.	<i>''Ja vi har bevist prøvd å få dei til å vere med. For dei har hatt den oppfatninga om at det ikkje var noko vits i å melde seg på, for det var jo berre desse syngedamene som gjekk vidare likevel. (ler)''</i>
25.	<i>''Det har vore ein haldning med dei som driv med klassisk musikk at UKM var ikkje deira arena. Noko som vi synes var dumt, for ja... Så vi har bevist prøvd å rekruttere folk som driv med klassisk musikk i år. Ikkje veldig organisert på anna måta enn at eg gav beskjed til stryke-og pianolærara om at dei måtte prøve å minne elevane sine om at dei måtte melde seg på. Det er ikkje sikkert dei hadde gjort det om dei ikkje hadde fått ein liten dytt.''</i>
26.	<i>''Og det heiter seg jo at det ikkje er ein konkurranse, og det har vi prøvd å innprente i mange år. Men det er ingen som trur på det. Dei tenkjer at det er ein konkurranse, og at det er dei som går vidare som merksemd både i avisa og i det heile. (pause) Ja det har vi berre slutte å sei ''du må huske at det ikkje er ein konkurranse''. (ler) Vi prøver berre å få også dei elevane som driv med klassisk musikk til å melde seg på.''</i>
27.	<i>''Også har vi vore litt selektive med kven vi har plukka til juryen, vi har prøvd å plukke nokon som vi veit har musikkfagleg kompetanse. Slik at alle blir, forhåpentlegvis, bedømt på litt fagleg grunnlag. Og ikkje berre på kva folk sjølv synes er best.''</i>

28.	<i>"Men no var det jo som sagt nokre som meldte seg på, og det var nokre av dei som gjekk vidare også. Det var eigentleg, av dei som gjekk vidare, veldig variert. Det var band, det var dans, piano, drill, og ei synge jente. (ler)."</i>
29.	<i>"Så då er det jo mykje breiare og mykje meir opent. Dei kan liksom ikkje peike på i 2017 og sei "ja men det er jo berre sånne som går vidare". At alle kategoriar kan gå vidare, og alle dei som gjekk vidare er flinke på sine område og det kan fagleg forsvarast at alle gjekk vidare. Så det håpar eg kjem til å gjera at det, til neste år og i framtida, alle slags uttrykk ser at det er eit poeng i å melde seg på."</i>
30.	<i>" Altså dette der, viss du spør ungdommane sjølv vil dei sei at det sjølv sagt er ein konkurranse. Den prestisja som ligg i å gå vidare på UKM. Det er jo det som gjer at, mange av dei iallfall, melder seg på."</i>
31.	<i>"Eg sa jo at kulturskulen i *kommune har mellom tjue og tredve arrangement i løpet av eit år, store og små. Alt frå den store sommarkonserten til opptreden på sjukeheimen. Så iallfall dei som går i kulturskulen har veldig mange andre moglegheiter til å vise seg fram. Slik at det er ikkje avgjerande for dei å ha UKM for å vise at dei duger, eller at dei har noko å vise fram. UKM i *kommune er ikkje ein avgjerande faktor for det. Grunnen til å melde seg på UKM her er for å sjå om dei blir plukka ut til å gå vidare og kan vise seg fram ein anna stad."</i>
32.	<i>" Ja, i *kommune så trur eg at den moglegheita til å gå vidare og komme til fylkesmønstringa er ein viktigare faktor enn berre det å få ei scene å stå på. For dei aller fleste faktisk ut av dei som var påmeldt på UKM i år står mange gonger på scena i løpet av året, i andre samanhengar."</i>
33.	<i>" Det var jo nokon som var påmeldt som ikkje går i kulturskulen, eller nokon av dei stilte opp med noko anna en det dei går på i kulturskulen. Så det er ikkje heilt svart-kvitt, sjølv sagt."</i>
34.	<i>"Eg trur viss du skal klare å falle heilt ut av all organisert aktivitet (når) du er ungdom i *kommune, då må du gå inn for det. Viss du skal klare å styre heilt av å vise igjen. Viss eg kan sei det sånn. Det er mange moglegheiter for å vere på ting. Så at UKM ikkje skal ha noko konkurranse faktor, vertfall i *kommune, eg trur ikkje du kjem langt med det. (ler)"</i>

## Vedlegg 2: samandrag respondent 2

Nr.	Respondent
1.	"Når hausten byrjar så er det jo vanleg å informere, så det eg bruker å gjere er å samle alle frå ti år til tiande klasse på eit møte. At no er det på tide og tenkje på UKM igjen, og gjev litt forskjellig informasjon. Også legg vi vekk dei vanlege kulturskuleaktivitetane i januar og februar, slik at kulturskulelærarane blir brukt til dei som ønskjer å vere med på UKM. Også er det jo nokre av kulturskuleelevane som vel å ikkje vere med, så då har ikkje dei noko tilbod i januar og delar av februar. Det vil sei, dei yngste har det. For vi har ei gruppe som er frå 2. – 5. Klasse. Dei får tilbodet, men ikkje dei frå ti år og opp."
2.	" For å få brukt dei andre, vi er jo ei lita bygd, så bruker vi også ha samarbeid med barnehagen. Vi ilag med dei yngste i kulturskulen lager eit lite pauseinnslag. Slik at dei blir vand med å stå på scena. Så i år skal vi ha ei dyre-låt da, som vi har satt saman til ein liten dans. Så i år skal dei danse litt på sjølvne mønstringa."
3.	" Vi har ein som har ansvar for musikk, hjå oss er det jo band og instrumentopplæring i forbindelse med bandspeling. Også har vi opplæring i dans, song og drama. Det har me som eit fag då, og der har me to lærarar som er ansvarleg for det."
4.	"Også går eg ut til ein av klassane, vanlegvis 8.klasse, så får dei og foreldra tilbod om å arrangere kafé den dagen. For det er litt gode pengar å tene. Så då lagar dei til kaffi, kaker og vaflar. Ja, alt ettersom kva dei finn på. Også lager vi ei litt fin ramme rundt det på sjølvne UKM-dagen, slik at alle elevane søker seg frå skulen klokka 11, så då kjem dei ned på samfunnshuset også har vi felles lunsj. Slik at vi kosar oss litt i lag, att vi sett litt pris på dei. Også tar vi og øver litt viss det er behov for det. Men som regel er vi ferdig øvd på torsdag, slik at det blir kos på fredag. Så pyntar me scena ilag og pratar litt."
5.	"Men det som eg ikkje har fått til er å få fleire ungdomar involvert i prosessen med arrangementet, så det er... No har eg spurt i både 8.- 9.- og 10. klasse men det er ingen som har lyst til det. Så det er jo litt synd. Men no har vi hatt ein gjeng på ungdomsskulen som har vore laber, så eg trur nok at når vi får opp 6.-7. trinn på ungdomsskulen så blir det litt meir futt og fart. Dei er litt meir slik kulturskuleungar."
6.	" Ja no har vi juleforestilling og UKM... Også plar vi å ha ei mai-førestilling. Og kvart tredje år sett vi opp eit litt større stykke. Også arrangerer kulturskulen noko som heiter musikalsk aften i første delen av juni. Då inviterer vi alle i frå bygda som driv med song og musikk, altså både vaksne og born. Då møtast vi på samfunnshuset til musikalsk aften der vi speler for kvarandre, og då bruker vi å halde på i ca. 2 timar."
7.	"Vi får også førespurnad om å komme å synge på helsesenteret, eller synge på butikk. Vi deltar på skulegudsteneste kvar julafta, vi er med på julemesse dersom det er behov for song der. Så vi har litt små framsyningar innimellom også."
8.	"Altså, dei er jo ikkje med arrangementet anna enn at kulturskulen tilbyr instruktør for å hjelpe dei ungdommane som har lyst til å vere på scena. Så eg veit ikkje heilt korleis eg skal forklare det. (pause) Det er jo eit samarbeid med kulturskule, altså meg og UKM då. Men det blir jo gjerne slik at når ein sitt med fleire hattar på at ein prøver å samkjøre litt."
9.	"For viss ikkje vi hadde, i kulturskulen, hadde fått ungdommane med så trur eg ikkje at det hadde blitt UKM. For det er jo ofte slik at når ein heng opp ein plakate, no er det UKM, så er det dei aller ivrigaste som melde seg. Så kulturskulen pusher litt på for å få



	<i>dei til å delta på UKM. Og det er jo dette vi ser no i heile landet, vertfall her i *fylket, at det byrjar å bli mindre og mindre interesse for UKM. Då trur eg at kanskje kulturskulane må inn å ta i eit tak."</i>
10.	<i>"No er eg så heldig at eg sitt på, at eg er både både kulturskuleleder og ansvarlig for UKM. Så det er klart det blir lettare då. Men det er jo sikkert fleire som deler stillinga si i små stillingar. At kulturskuleleiar har UKM og DKS, reknar eg med."</i>
11.	<i>"Det er jo mange ungdomar, som dessverre, har blitt avhengig av spel og brukar mykje av ettermiddagen sin til spel. Slik som her i *kommune så har vi svømming, fotballtrening, skitrening, kulturskulen. På den vesle plassen her har ungdomar mykje å gjere. Også er det slik at i kulturskulen må ungdomar jobbe litt på eiga hand, dei må øve heime. Eller øve på replikkar, altså det blir for tungvint for dei å vere med i kulturskulen. Dei får det liksom ikkje gratis, dei må øve litt og yte litt sjølv for å få eit resultat. Så eg trur det at det er mange unge som ikkje gidder det. Dei orker ikkje det, det krev for mykje av dei. Det er så mykje lettare å komme på ei trening der trenaren seier kva du skal gjere, og dette med å sitte heime og chatte eller spele. Det krev ikkje så mykje av dei. At dette er ein av del av sannheita."</i>
12.	<i>"Og for dei eldre ungdommane, eg veit ikkje, så er det kanskje slik at UKM ikkje er så spennande som det ei gong var. Altså denne verdien av å møtast med andre som driv med kultur, ja, det er kanskje ikkje så spennande. Også trur eg at det er nokon fylker som slurver litt med aldersgrensa, at du skal vere 13 år for å komme vidare. For når desse 18-19 åringane skal vere ilag med 11-12 åringar så er det ikkje noko gøy. At det er for mange av dei små i forhold til dei eldre."</i>
13.	<i>"Eg trur ting har forandra seg med ungdom. Lysta til å vere med på kulturelle tilbod, at det kanskje har avtatt ein del. At ein er inne i ein periode der ikkje er så pop lenger."</i>
14.	<i>"Då er det eg som UKM-kontakt som gjer det meste, i tillegg til at det er eit samarbeid med barnehage. Også er det foreldre som skal arrangere kafe'. Det einaste eg bruker administrasjonen i kommunen til er å dele ut ei lita påskjønning og takke aktørane, dele ut roser. Det er det adminstrasjonen er involvert i. Det er vel UKM-kontakt og kulturskulen som er mest involvert."</i>
15.	<i>"Det fungerer bra, men det er jo fordi ein går å masar litt på ungdommane sjølv. Også er eg sjølv lærar så eg treff dei jo på skulen, så det blir jo litt slik; "du som er så flink til å teikne, kan ikkje du melde deg på UKM, eg har jo sett at du har laga så mykje fint". Sant? Så det blir jo litt slik at ein masar til seg ungdom for å få dei til å melde seg på. Men så tenkjer eg også at viss eg ikkje gjer det, så blir det ikkje noko UKM."</i>
16.	<i>"Eg trur at den som har jobben som UKM-kontakt må gjere det. Som eg seier til deg, ein kan ikkje berre henge opp ein plakat også arrangere sjølvne mønstringa. Ein er nøydt til å få deltagara også. Og det trur eg vår rolle, eg veit ikkje, vi som UKM-kontaktar må bli litt meir opplyst om at det ikkje er berre sjølvne arrangementet. Vi må prøve å lokke til oss deltakarar. (pause) For her i *kommune er det slik at når ungdommane er ferdig med 10.klasse så reiser dei ut av bygda. Slik at vi har berre ungdomsskulen å spele på."</i>
17.	<i>"Men det eg tenkjer... For før så arrangerte fylket arrangørkurs i *by, der ungdommane fekk reise å vere ilag ei helg og lære seg å vere arrangør. Men det er tatt vekk no, fordi det blei så dyrt. Men det var ei gulrot, vertfall for våre ungdomar, for viss "de har lyst til å jobbe med UKM så får de ei helg i *by"."</i>
18.	<i>"Ja ikkje sant, for då får dei jo møte andre ungdomar som er litt engasjert. Får litt ekstra guts til å vere med på å arrangere. For eg synes at dei kursa som dei har hatt i *by har vore veldig bra. Og dei har komme heim der i frå fulle av idear."</i>

19.	<i>"Det er jo kanskje artigare at det kjem ungdom å spør dei om å vere med, og sett litt mot i dei enn at ei gamal kjerring gjer det (ler)."</i>
20.	<i>"Også prøver eg jo kvart år å løfte fram dei som er, ja dei som ikkje er med på noko. Eg får dei til å vere konferansierar, og jobbar med dei på førehand slik at ... Tar litt tak i dei som ikkje er så utadvendt heile tida, så har eg fått dei til å vere litt på scena og hjelpe dei litt til med rekvisita, eller skjere opp frukt til deltagarane bak scena. Altså dei som er litt skuleleie. Eg prøve å arrangere dei også, og som regel får eg dei med meg."</i>
21.	<i>"Men der har du jo det der med at du må gå direkte til dei, ikkje sant. Og sei at "hør no her, det hadde vore kjempefint om du vart med". Det er situasjonen her."</i>
22.	<i>"Og no har vel UKM gått inn i ein avtale med Norsk kulturskoleråd om å ha eit samarbeid, viss ikkje eg huskar feil."</i>
23.	<i>"Ja eg trur at vi som jobbar i kulturskulen må samarbeide med UKM. For viss ikkje kulturskulen og UKM hadde samarbeida i *kommune. Så hadde det blitt veldig laber interesse for UKM."</i>
24.	<i>" Stor status. Det er så artig, for når vi har førestilling og det er UKM, så går folk nesten mann av huset for å komme å sjå."</i>
25.	<i>"(engasjert) Ja det er så artig. Vi får så mykje skryt og tilbakemelding i bygda om kulturskulen. Eg trur alle verne om det som me har."</i>
26.	<i>"Det blir heile bygda, for det er mange som seier "sjølv om vi ikkje har ungar med, kan vi komme og sjå?". "Ja sjølv sagt får de lov til det". Så det synes eg er artig, for det hadde vore trasig om berre var foreldre og nære venner som kom. Men eg trur bygda sett pris på at det skjer arrangement på samfunnshuset. Dei synes ungane er dyktige og flinke, ja dei gjev ... Ja vi plar å ha hatt i døra. Vi plar av og til å kjøpe litt pølser, frukt, saft, kjeks og slike ting til øving. Og folk gjev masse pengar som går til kulturskulen og slike trivselsting."</i>
27.	<i>"Kulturskulen så er det nesten alltid fullt i salen. Det som eg merkar er, det er jo ikkje så ofte, men det er av og til vi har hatt forfattarbesøk eller ... Ja ikkje teater men nokon som reiser rundt med monolog eller visesang, og då er det ikkje nært så mange som møter opp. Så eg trur nok at, ja altså... Eg infomerar jo på butikken og sett ut på kommunen si nettside at no er det like før UKM. Så sett eg påmeldingsfrist og dato. Så eg trur folk liker og komme å sjå på ungane, ta seg ein kopp kaffi og prate litt."</i>
28.	<i>"Kulturskulen har mykje å sei for bygda."</i>
29.	<i>"Det er eigentleg veldig lite. Det er stort sett fotografi, maleri og teikningar som teikningar som blir utstilt. Vi har få skulpturar og, ja ... (pause)"</i>
30.	<i>"Der er det jo banda som har framsyning på UKM. Ja. Også har vi jo av og til hatt dei som har gått ut av skulen. For vi har hatt eit ganske rikt musikkmiljø her når vi hadde fleire elevar. Vi har hatt veldig stor nedgang i elevtalet, og då meldte seg på den lokale mønstringa her heime, dei ungdommane som gjekk i *by. Så vi har hatt stor deltaking frå ungdom som har gått ut av skulen også, men no har vi liksom ikkje den gruppa lenger. Nei."</i>
31.	<i>" Nei, det er ikkje det. Det er ikkje nokon andre musikkuttrykk."</i>
32.	<i>"Ja det er veldig artig. Også trur eg at ein lagar ei lita ramme rundt det. At ein har kafé og at ein veit at det kjem litt artig med dei små i pausen, og ja. Eg trur det er noko bygda glede seg til og gå å sjå."</i>
33.	<i>"Ja for det er jo ganske mange sånn sett som er involvert når det gjeld sjølve arrangementet. Som du seier, vi har barnehagen med, kafe', og. Eg trur at viss du berre hadde hatt stolar der og "kom og sjå på forestilling" og så gå heim igjen. Ja ... (pause)"</i>

	<i>Publikum er flinke til å sitje igjen etter UKM er over for å gje skryt til ungane når dei kjem ut i salen. Tar seg tid til å sitte ti minutt ekstra når framsyninga er over for at ikkje ungane skal møte ein tom sal. Dei elsker jo og gå ut og få gode tilbakemeldingar. Det synes eg er så bra, for då skjønner publikum at vi reiser oss ikkje å går med ei gong siste nummer.”</i>
34.	<i>”Ja vi har jo revy i bygda også. Eg trur jo både at revygruppa og kulturskulen har vore med på å gjere det slik at vi trekker til oss publikum. Også trur eg også det at bygda forventar at vi skal ha desse framsyningane, viss vi ikkje hadde hatt det så hadde dei nok etterlyst det. ”Kva er det som skjer no i kulturskulen når de ikkje har framsyning?””</i>
35.	<i>”Også leverer vi jo også, eg må jo få skryte litt av oss sjølv. Har veldig dyktige medarbeidarar som tek arbeidet sitt seriøst og vil ha kvalitet på det som vi viser fram.”</i>
36.	<i>”Nei, dei ser på det som ein konkurranse i aller høgaste grad. Ja. Fordi at, halve gruppa må vere over 13 år viss du skal gå vidare. Så viss ein på 12 år har lyst til å lage film lyt ein ha med seg på 13 år, for då kan ein kanskje gå vidare, ikkje sant. Nei dei er veldig opphengt i dette med å gå vidare. Så det er ikkje ein arena for å møtes (ler) kulturelt. Det er verkeleg ein konkurranse. Sånn er det her.”</i>
37.	<i>”Nei altså, eg prøver jo å sei det. Men det er jo som å snakke til ein vegg. Det skal jo heite at det ikkje er det, men eg trur det er det over heile landet altså. No har dei jo bytta namn til Ung Kultur Møtes, men ... Nei, eg trur dei fleste som er med på UKM er med for å gå vidare. Så eg ser at det går ikkje an å få vekk det her konkurransepreget.”</i>
38.	<i>”Dessverre. (ler) Så trur eg det. Og det er jo sånn som vi seier til tiåringane at ”de er jo med på mønstringa for å øve dykk til de blir tretten år og kan gå vidare, for å bli betre”. Så vi (humrar) ... Hm ... Vi legg vel kanskje opp til at det blir konkurranse vi vaksne også, litt ubevisst.”</i>
39.	<i>”Ja, eg veit ikkje heilt om eg vil bruke det omgrepet fordi du sett på ein måte ungdommane opp mot kvarandre. Fortsatt kan det jo heite at det er ei mønstring der ein møtes på ein arena der fleire driv med kunst og kultur. Det trur eg er litt viktig. At ein held det der enda.”</i>
40.	<i>”Ein skal ikkje gå offentleg å sei at ”no skal vi ha konkurranse i kven som er best”, det blir ikkje heilt rett.”</i>

## Vedlegg 3: samandrag respondent 3

Nr.	Respondent
1.	<i>"Ja altså slik som det er i *Stad så er det jo fritidsklubben som har ansvaret for UKM, og der jobbar eg som klubbarbeidar. Men i tillegg så jobbar eg på kulturskulen."</i>
2.	<i>"Ja det er nettopp det. Det er det eg har følt har vore ein fordel i forhold til UKM, at eg faktisk jobbar i kulturskulen. For det er der vi har, i all hovudsak, påmeldingane våre i frå. Her i *stad vertfall."</i>
3.	<i>"Vertfall for dei elevane som eg har i kulturskulen så er UKM ein naturleg del av året. Alle elevane mine deltek på UKM."</i>
4.	<i>"Ja, det er jo det som utgjer ein del av påmeldinga her i *stad, det er rockeband rett og slett. Og det er jo utfordringa mange andre plassar og det, og få større variasjon i deltakinga på UKM."</i>
5.	<i>"Nei altså...(pustar ut) Utanom at eg jobbar i kulturskulen sjølv, så prøver eg å holde UKM oppe som eit tema gjennom heile året gjennom læremøte og slike ting. Eg føler det at her i *stad har vi ein del å gå på i forhold til det å samarbeide mellom UKM og kulturskulen. Hadde det ikkje vore for at eg var tilsett begge plassar så hadde det vore veldig dårleg."</i>
6.	<i>"(bryt inn) Den første responsen plar å vere fine, men når alt kjem til alt er det så og seie ingen påmelding frå dei andre elevane i kulturskulen - utanom mine egne."</i>
7.	<i>"Ja det er både piano og dans og andre instrumentelevar, i forhold til gitar. Men så har vi også teikning, maling og handverk – det heiter noko slikt. I forhold til tilbodet me har i kulturskulen så har vi jo moglegheit til å ha utstilling og slike bidrag også."</i>
8.	<i>"Det er det eg har følt på i mange år, og har hatt mine hjartesukk i lærarmøtene. Eg føler at UKM er ikkje noko som blir prioritert, eller at dei har noko eigarforhold dei andre lærarane i kulturskulen."</i>
9.	<i>"Kanskje vore involvert i forhold til gjennomføring og planlegging, men då kjem du jo dit at det er jo i hovudsak ungdomane på fritidsklubben som står for gjennomføringa av arrangementet. Då vil på ein måte det bli øydelagt litt, for å bruke det uttrykket."</i>
10.	<i>"Det er noko eg personleg går inn for, samtidig som det har vore eit tema når UKM i kontaktane i *fylke har vore samla då. I det samarbeidet har det vore eit tema at det har vore forskjellige utfordringar rundt om kring. For enkelte plassar er det ikkje eit eksisterande samarbeid, medan andre plassar er det kanskje kulturskulen som står for hovudansvaret for å gjennomføre arrangementet. Og då får dei jo eit eigarforhold til det. Då kan det jo vere lett at det er kulturskulen som dominerar alt, og det er ikkje slik eg har lyst å ha det i *stad så lenge fritidsklubben og ungdommane står i bresten for å gjennomføre arrangementet her."</i>
11.	<i>"Nei altså, det var jo som vi var inne på i stad – i forhold til kva kunne vore gjort for å få det betre. Og hadde eg hatt ein enkel løysning på det, så hadde eg sikkert fått det til å fungere enda betre. For eg ser jo det at viss det ikkje hadde vore for mine elevar så hadde det ikkje vore moglegheit for å gjennomføre noko særleg arrangement her i *stad. Då måtte me ha hekta oss på nokon andre kommunar slik me gjorde nokre år tilbake."</i>
12.	<i>"Ja, sjølv om det er utfordringar i forhold til å lage arrangement så er det ein lågare terskel for å bli med i forhold til ungdomsskulen, mellomtrinn. Å delta på mønstringa når den ikkje berre består av kjempeflinke ungdomar frå musikklinja på vidaregåande."</i>

13.	<i>" Men samtidig er det viktig å aktivere elevane i løpet av heile året. For når du prøver å jobbe med dei på eigenhand er det liksom ikkje heilt den store stemninga for å delta på UKM. Det er liksom ikkje ein naturleg del for mange av dei andre elevane. UKM er ein sjølvfølge for mine, å delta på, så det er jo noko med å tenkje UKM gjennom heile året for kulturskulelærarane og elevane også. Slik at det blir slik som med mine elevar, og at det blir ein naturleg del av skuleåret. Det er litt viktig å få det inn i planane."</i>
14.	<i>" I utgangspunktet skulle jo elevane ha noko klart til å bidra med, i forhold til at den kulturskulekonserten er i slutten på januar og UKM plar å vere i februar her. Eg trur ikkje det det står på. Men det har vore ein vanskeleg kode å knekke for å sei det sånn. (liten pause) Når det er snakk om andre lærarar enn seg sjølv da. Å overbevise dei om at UKM er noko bra og noko positivt for elevane å vere med på. Samtidig har eg jo inntrykket av at enkelte kanskje synes det ... Ikkje føle at dei har tid eller synes det høyre skummelt ut å gå vidare til fylkesmønstringa ikkje sant. Det er ein dørstokk for enkelte har eg inntrykk av, når eg har prøvd å motivere dei på eiga hand."</i>
15.	<i>" Ja at det kanskje kjennes litt, i hermeteikn, litt skummelt å delta på fylkesnivå med mange flinke andre ungdomar."</i>
16.	<i>" Ja altså, eg trur uansett kor mykje me prøver å dempe det konkurranse preget... Det blir uansett ein eller anna form for konkurranse så lenge folk kan gå vidare. Den kjem me ikkje utanom. Utan at eg har intrykk av at det er det som er største grunnen, men det kan vere at eg tek feil."</i>
17.	<i>" Ja, det er som sagt den der bøygen med å gå vidare for enkelte har eg inntrykk av. Nei, men eg har ikkje spurt dei veldig mykje om kvifor dei ikkje vil vere med også vidare men ... Veit ikkje om det går på at dei er med på veldig mykje andre ting og føle at dei ikkje kan vere vekke ei heil helg eller. Sikkert litt forskjellige årsakar som gjer at det ikkje er like interessant alltid å delta på UKM. Dei kjem jo tilbake, spesielt dei som går vidare, 16.15 med ei veldig positiv erfaring... Med å vere med på kulturmønstringa og den moglegheita."</i>
18.	<i>" Ja det blir kulturskuleungdom og band da, ettersom at det er eg som har rockeverkstad, som blir det dominerande."</i>
19.	<i>" Ja det er jo forskjellige ting dei driv på med på fritida. Eg veit jo blant anna at det for nokre år sidan var nokre ungdomar som laga slike ski og snowboard filmar og la det ut på Youtube, som eg tenkte var midt i blinken for UKM. Men nei. Det var litt rart at dei ikkje ville vise det fram på UKM, men Youtube er liksom greit (ler)..."</i>
20.	<i>" Ja flesteparten av barn og unge i *Stad er med i ein eller anna organisert aktivitet. Så er det jo andre, ikkje berre innan kulturskulen, men også 4h liknande som kunne vore aktuelt for UKM. Men det treff jo minst halvparten av unge i kulturskulen allereie så det er jo den mest naturlege staden å starte, vertfall her i *stad. Det vil eg sei i mange andre kommunar også."</i>
21.	<i>" Det har jo litt naturleg samanheng med at det er berre eg som har ansvar for klubben, så skal me få til noko så må ungdommane sjølv vere med å bidra. (ler litt) Men det er jo egentlig positivt. Det heiter jo ikkje ungdommens kulturmønstring no lenger, men ein må jo legge vekt på ungdom både i forhold til dei som skal opptre og dei som skal vere med å gjennomføre arrangementet også tenkjer eg."</i>
22.	<i>" Ehm. Eg trur eg hadde godt over ti stykk som meldte seg på som arrangør, så det halvparten av dei som er med på UKM opp i her er med som arrangør. Så det liksom ikkje der utfordringa ligg. Me har kanskje litt for få sceneinnslag og nesten for mange arrangørar. (ler) Me må jo ha nokon å arrangere for. (ler litt)"</i>

23.	<i>" Både reint praktisk i forhold til kiosk, registera deltagara osv. I forhold til inngang, lage ein middag. Nei dei meste i forhold til både lyd og lys også. Eg underviser jo i det på kulturskulen så dei er jo også ein naturleg del av arrangementet, lyd og lys verkstaden på kulturskulen. "</i>
24.	<i>" Ja. Det er jo ein viktig gjeng om det er UKM eller andre arrangement. Hadde det ikkje vore for dei gutta der hadde det vore vanskeleg å gjennomføre rett og slett. Det er mykje arbeid i forhold til det tekniske også."</i>
25.	<i>" Ja absolutt. Dei må vere med å ordne til, og me bruker som regel mesteparten av kvelden før – og fleire dagar i forvegen på å gjere klart da til arrangementet. Så dei får vere med på heile prosessen. Og no er jo dei som er med som arrangørar stort sett enten elevane mine på kulturskulen, som er med både og deltar og som arrangør, også har me ein fast gjeng på klubben som også er med som arrangørar. Men som også stort sett er med som deltagara. Det er faktisk på utstilling da. Det er eit veldig skilje der, dei som er med i klubbstyret er med på utstilling også er elevane mine på scena. Også er alle med som arrangør. (ler litt)"</i>
26.	<i>" Ja det har vertfall ikkje vore synkande. Det er eigentleg ein utfordring å finne nok å gjer for alle. Det er ei hyggeleg utfordring."</i>
27.	<i>" Og så har det jo vore, ikkje spesielt dei siste åra, men det har vore fleire påmeldte tidlegare. Både i forhold til at det er større potensiale frå andre kulturskuleelevar, men også veldig få ungdomar frå vidaregåande som også har deltatt tidlegare år. Det er dei to største gruppene da, der det er størst potensiale for å få økt deltaking i *Stad."</i>
28.	<i>" Men eg blir jo positivt overraska kvart år over kor mange som har lyst til å vere med å gjere ein jobb. Det er eg. Enkelte vert jo veldig stolt viss eg spør dei direkte, for det er jo slik at det er litt forskjellig. Nokon bidreg meir enn andre, og det er jo nokon som fungera til "det" og ikkje "det". Så ein må jo prøve å dytte dei i den rolla som dei fungera best i, slik at dei får ei mestringsfølelse."</i>
29.	<i>" Ja i forhold til enkelte oppgåver så er det jo det å oppfordre... Det var vel ikkje så mange eg treng å oppfordre til å melde seg på som arrangør da. Det er noko med at ein skal få eit eigarforhold til UKM, slik som sagt mine elevar har då, frå kulturskulen. Det er ein naturleg del og får eit eigarforhold til det. Det eg var inne på litt tidlegare også, i forhold til at dei andre kulturskulelærarane har ikkje noko eigarforhold til UKM og er sjeldan tilstade på arrangementet også. Det er liksom noko som skjer ved sida, som dei kanskje ikkje bryr seg så mykje om sjølv om dei er i utgangspunktet positive når eg snakkar om det i første runde."</i>
30.	<i>" Nei, verken status eller prioritet. Intrykket mitt er det vertfall, utan at eg har gått i ein ny runde eller ny diskusjon rundt det men... Som sagt har det vore positive haldningar, men ein blir jo litt skuffa når kulturskulerektoren seier at det ikkje er kulturskulen sin jobb å bidra til påmeldingar på UKM. På eit lærarmøte der me hadde litt høglydt diskusjon."</i>
31.	<i>" Det er veldig variabelt, har eg intrykk av her i regionen. Enkelte kommunar, nabokommunar, er kulturskulen, anten dei er hovudarrangør eller ikkje, er ein viktig del av arrangementet. Så er kulturskulen meir aktiv og prioritera UKM. Ser jo blant anna at nabokommunen *stad har forholdsvis låg påmelding i forhold til potensiale dei siste åra, men i år så hadde dei bra. Veit ikkje om det er på grunn av kulturskulen har vorte meir aktiv, men eg trur det ville vore vanskeleg å få opp deltakinga såpass utan at kulturskulen er ein viktig del av det."</i>

32.	<i>" Ser jo det at publikum består jo stort sett av venner og kjente og familie. Det er ikkje så mange utanfor da, for å bruke det uttrykket, som kjem på arrangementet. Kanskje enkelt personar som stort sett er på det fritidsklubben arrangera elles i løpet av året, og som er åpent for alle. (pause)"</i>
33.	<i>" Rockeband er kanskje, eller kanskje, det har vore det dominerande i mange år på UKM her vertfall. Det variera nok sikkert rundt om kring. Så der er det jo potensiale, så der kan det jo sikkert skremme andre utrykk til å delta på UKM. Til dømes viss "ja UKM i *stad det er rockeband, og då deltek du ikkje med det eller det". Det kan jo også på ein måte verke hemmande i forhold til å få andre kulturskuleelevar med andre utrykk til å melde seg på, fordi dei synes det er ein arena for dei."</i>
34.	<i>" Nei det er berre stort sett foto. Enkelte teikningar nokre år, men det er foto som er veldig domierande.."</i>
35.	<i>" Med jamne mellomrom så har det vore det. Anten om det har vore eit rockeband som har komme såpass langt, eller om det har vore enkeltelevar slik som hen. For hen har deltatt tidlegare med eigenskrive, og då gjorde hen ei hiphop låt. Driv med forskjellige utrykk. (liten pause) Men stort sett så er det jo coverlåtar som er dominerande. (liten pause) Men eg oppfordrar dei jo til å lage eige i forhold til, spesielt når ein tenkjer på UKM, for det er jo noko med å vere litt original osv. Viss dei har veldig lyst til å gå vidare. Det er ikkje dermed sagt at ein skal berre vere flinkast, men må ha noko originalt å komme med. Så det ... Det blir nemnt med jamne mellomrom når me diskutera UKM."</i>
36.	<i>" Me plar ha ein jury beståande av tre personar, og då skal i utgangspunktet den eine i juryen vere ein ungdom. Også plar me ha nokon vaksne med bakgrunn frå utstilling, foto eller liknande. Også ein i forhold til musikk då."</i>
37.	<i>" Eg veit til dømes ikkje korleis det er i *Stad kommune no men, der har det jo, vertfall som eg har kjent til det tidligare, kulturskulen vore arrangør. Og då er ein plutselig oppe i 100 deltagara i ein kommune som er berre litt større enn oss. Det er jo veldig bra. (liten pause) Men det er jo noko med at då kan jo pendelen slå andre vegen også i forhold til at andre utrykk og barn og ungdom som ikkje er på kulturskulen vil føle at det ikkje er ein naturlega arena for det dei har lyst å komme med da. Det er det å finne den gyldne middelveg."</i>
38.	<i>" Å dra ut potensiale i forhold til kulturskulen men samtidig, på ein måte, ikkje skremme andre da. Frå å delta. At det blir ein felles arena, og ikkje ein arena for anten "den" eller "den"."</i>

## Vedlegg 4: samandrag respondent 4

Nr.	Respondent
1.	<p>"Eg var med på planlegginga, så min første UKM var i 2008. Slik at då var det ikkje veldig kopling mellom kulturskulen og UKM dei første åra. Men så såg eg ganske fort at her er det ei veldig naturleg kopling. For kulturskulen ... Ei av kulturskulen sine utfordringar er å ha flest mogleg arenaer for elevane. For vi klarar ikkje det aleine med små ressursar, og ofte berre ein rektor og ikkje noko inspektør eller. Mange lærarar i små stillingar og slikt. Så det å greie å lage dei arenaene for elevane då, då såg eg det at det var ein veldig naturleg arena for kulturskuleelevar å vere på. Så vi tok det inn i årsplan."</p>
2.	<p>"Så UKM er ein naturleg del av årsplanen til elevane. Men det er litt slik at lærarane i alle fag, vi har både visuelle kunst, teater, dans, musikk og sang, pratar mykje om UKM frå hausten av. Men at det også blir opp til eleven om den ønskjer å melde seg på. For det er ikkje alle som ønskjer å melde seg på heller. Eh.. Så vi prøver å finne ein slags balanse mellom der lærarane legg veldig til rette for og samlar saman grupper i samspel. Men så legg vi også til rette for at dei skal kunne få ekstra øvingstid på kveldstid viss dei ønskjer det og opnar lokala. Så noko er både lærarstyrt, men det er mest elevstyrt eigentleg."</p>
3.	<p>"Og så er det jo slik at vi er seks kommunar saman som arrangerer UKM."</p>
4.	<p>"Tre av oss, no blir det faktisk fire, er kulturskulelærarar eller rektorar som arrangerer saman. Så vi har fått ein veldig naturleg del av UKM og kulturskulen saman. Og det er ein kjempestyrke. Det som og er litt farleg då, er at folk kan tru at UKM er ein kulturskulegreie. Så ein del er at det skal inn på årsplan i kulturskulen, men vi er også veldig nøye med å informere om UKM på skulen. Det er jo der vi møter alle elevane."</p>
5.	<p>"Dei jobbar jo med masse spennande på skulen. Spesielt innan kanskje skapande skrivning og kunst. Så det er faktisk den største utviklinga, for hjå oss er det på ein måte naturleg at "sjølv sagt er kulturskulen representert på UKM". Så det er den største jobben eigentleg no. For eg veit i alle fall at både hjå oss og i *anna kommune er UKM i årsplanen til kulturskulen. Det er jo og ein del av heile den der ... danningas aspektet. For sjølv om du ikkje som deltakar i kulturskulen er med på UKM, så oppmodar vi deg til å vere publikum.</p>
6.	<p>" For det er også ein veldig viktig del. Og at dei får sjå kva som rører seg. Men at ein må på ein måte bli opplært til å vere gode publikummarar då."</p>
7.	<p>" Ja altså, vertfall hjå oss. No er det jo på *stad det arrangerast, så det er jo veldig mykje enklare for våre elevar å vere med som publikum. For det er i nærområdet. Det er kanskje litt verre for dei som bur langt vekk. Eh.. Men det har på ein måte blitt veldig naturleg. Og det ser vi jo også når vi til dømes skal ha marked eller byfest, som er ganske stort på *stad. Så er det eg som har ansvaret for den barn og unge biten. Og då er det veldig naturleg å kople inn både kulturskuleelevar og UKM'ere frå regionen. Som har konsertar og små happenings, og ja."</p>
8.	<p>" Og det er anten litt større ting, eller så har vi små huskonsertar. Men så tar vi jo på oss ein del oppdrag. Då er det jo at dei kontaktar meg, anten at dei ønskjer ... Dei seier at dei ønskjer anten UKM'ere eller kulturskuleelevar for det er liksom det same. Då sender vi dei eldste ut på oppdrag. Og det er ikkje alltid at dei er kulturskuleelevar, men det er og UKM'ere."</p>



9.	<i>" Og det er jo veldig viktig å huske på at det er eit sett med ungdom uansett, dei er ikkje berre kulturskuleelevar eller UKM'ere, dei er ungdomar. (pause)"</i>
10.	<i>" Ja det er jo enklare når ein bur på mindre stader. For her har vi mykje meir oversikt over kven som driv på med kva. Vi har jo og musikkbingen, ikkje sant, som er open for dei som og ikkje er elevar på kulturskolen. Så vi har heile tida ein slags peiling på kva som rører seg. Vi veit kven vi kan kontakte, og kven du kan pushe litt på: "No må du huske at no nærmar UKM fristen seg" til dømes, og eg er jo den som hjelper dei å melde seg på og... Gjev informasjon."</i>
11.	<i>" Så vi har jo juniormønstring som er utruleg populært, og er veldig god rekruttering inn til seniormønstringa. Så då byrjar vi jo allereie å hjelpe dei når dei er ti år, vi hjelper dei å melde seg på. Eh. Og etterkvart så treng dei ikkje den hjelpa for då er dei sjølvgåande. Også har vi dei til dei er omtrent 20, 18 kanskje for då sluttar dei på vidaregåande og då er det mange som flyttar. Og då må vi byrje å rekruttere nye igjen."</i>
12.	<i>" Vi har ei eiga juniormønstring for dei frå ti til tolv år. Og det er utruleg populært. Og det er ei kjempefin mønstring altså. Og dei tenker jo... (pause) Når du er senior så er du kanskje litt meir ukomfortabel i din eigen kropp og du er liksom tenåring, masse hormonar og ... (ler) Og tiåringane dei er på ein måte ... Dette er deira Melodi grand prix junior, viss du skjønner. Her kan dei verkeleg få utfalde seg, og det som er så fint er at det er opent for alle."</i>
13.	<i>" Så dei som melder seg på, når eg ser at "oi, her er det nokon som ikkje er elev på kulturskolen", så tek eg kontakt med kulturskolen og spør "er det noko de treng hjelp til". Dersom dei syng spør me om dei vil ha playback, eller bruke huspianist. Vi prøver så langt det er mogleg at folk benyttar seg av huspianist. For det er ei veldig læring i staden for å berre stå å syngje etter eit youtube-klipp. At dei får levande musikere med seg."</i>
14.	<i>" Vi pleier å ha ei seniormønstring på fredag kveld, og ei juniormønstring på laurdag formiddag, og ei seniormønstring laurdag kveld."</i>
15.	<i>" Vi er ei vaksen styringsgruppe som har med oss ein gjeng med unge arrangørar, som vi jobbar veldig godt med og veldig tett på, og ein i styringsgruppa er mentor for unge arrangørar. Så vi har den heile tida den linken da, mellom styringsgruppa og unge arrangørar."</i>
16.	<i>" Det er proft, for vi har eit ordentlig kulturhus med god lyd og lys. Vi leiger inn profesjonelle folk til det. Det er scenepøver, det er veldig god informasjon i forkant. Dei blir tatt godt i mot og får informasjon om scenepøven og kva dei skal gjere, kva som er viktig og bla bla bla. Og vi hjelper dei litt undervegs, spesielt med den formidlingsbiten og ja. Vi prøver å legge til rette for så... At dei får ei så god oppleving som mogleg."</i>
17.	<i>" Dei fordele sine eigne arbeidsoppgåver, så vi har gjeve meir og meir slepp. Det er det tredje året vi har UA no, eh. Vi har gjeve meir og meir slepp, så UA har til dømes ansvar for å lage eit budsjett. Dei har ansvar for å kontakte sponsorar, prate med dei. Dei har ansvar for alt av marknadsføring, det med å, både på snapchat og insta og facebook. Og denne UKM heimesida. Også har dei då ansvaret, spesielt under den helga, i greenroom. Det å lage eit koseleg greenroom. Men også å vere med som produksjonsassistent, dei er med som artistansvarlege."</i>
18.	<i>" Planen er at vi vaksne trekke oss meir og meir ut, etterkvart, og la dette bli UA. At vi er meir som mentora etterkvart. Men vi har vore veldig forsiktige med å ikkje kaste på</i>

	<i>dei for mykje, for at dei skal kjenne at dei lykkast. Vi vil ikkje at dei skal kræsjlände. (pause) Sidan det er så stor mønstring har vi fokusert på at lyd og lys, det leiger vi inn profesjonelle folk til. Når det er 30 innslag per førestilling, også skulle sette ein ungdom til det. Det kan vere ein risikosport.”</i>
19.	<i>” Kor dei helst ønsker å vere under sjølve mønstringa. Nokon ønskjer å vere scenearbeidarar, nokon vil vere på teknikken med lyd og lys. Men mesteparten av dei ønskjer å vere i produksjonsdelen eller artist.. Altså at dei tek i mot alle folka.”</i>
20.	<i>” Det er mest kulturskuleelevar ja. (pause) Men så er det innimellom at vi greier å få tak i, spesielt dei – kanskje ikkje dei som syng eller dansar eller spelar eit instrument, men spesielt dei som skriv. Skapande skrivning, eller kunst. Dei er det på ein måte litt 50/50 av.”</i>
21.	<i>” For dei er ikkje slik at dei ønskjer å gjere det ei gong i veka og gå på kulturskulen, men det er kanskje slik at dei sitt og jobbar spesielt ... Slik som dei som jobbar med data og dataanimasjon, alle slike ting. Og dei som lager film til dømes, har ikkje noko tilbod på kulturskulen heller. Så dei melde seg på UKM, UKM har vorte eit såpass stort arrangement i *stad, at det er veldig godt kjend blant ungdom. At det er veldig slik at når folk byrjar i femte klasse så er det sånn ”yes, no kan vi endeleg melde oss på UKM, no er vi juniorar”. Det som er utfordringa vår er at når dei byrjar så tidleg i UKM systemet, det er å halde på dei.”</i>
22.	<i>” Og når det er såpass stor mønstring som det vi har, så vil det sei at det er veldig få som går vidare i forhold til tal påmeldte. Så det å ta vekk det konkurranseaspektet, og gjere det så... Så spennande å vere med på uansett. Det er noko som vi må jobbe enda meir med, slik at vi greier å halde dei litt lenger i UKM-systemet.”</i>
23.	<i>” Altså men det er jo faktisk viktig for ungdom også. Altså, ”endelig kan vi vere seniorar for då kan vi bli sendt vidare”. Det er faktisk viktig, for det er ein veldig vanskeleg balansegang. På ein måte at vi vaksne ikkje pratar om at det er ein konkurranse i det heile tatt, men det er veldig mange som er opptatt av det likevel. For dei ønskjer jo å komme vidare. Men derfor får jo, sjølv om det er 300 deltakara, så får jo alle deltakarane våre ei skriftleg tilbakemelding frå juryen. Som er veldig viktig. Det er ikkje ein slik Idol-konkurranse, du får faktisk ei tilbakemelding på kva du kan jobbe med fram til neste UKM. Veldig konstruktive tilbakemeldingar. Og det trur eg er kjempeviktig og det er det som gjer at folk også kjem tilbake år etter år, fordi dei ønskjer å vise at dei har blitt betre.”</i>
24.	<i>” Derfor er det ekstra viktig for oss å legge ... rammene til rette slik at dei blir mest mogleg profesjonelle. Ehm. Og da merker ungdommen det at dei syns det er fint å bli tatt i mot på ein ordentleg profesjonell måte. At dei blir tatt i mot der nokon fortel ”velkommen hit”, og kva som skal skje, ”her er green-room, du blir henta, no er det scenepøve, kva er det for noko?”.”</i>
25.	<i>” Altså det er jo så enkelt som at eg er den same personen. Som jobber. Og det er jo slik på mindre stader at det er ein person som har ein fot i kulturskulen, om du ikkje er rektor så er du kanskje ein lærar. Det er på ein måte, vi har veldig mange hattar (ler) på mindre stader. Og då får du til meir, trur eg. For då treng du ikkje gå igjennom så mange ledd. Då gjer du det berre. Så då er det heilt naturleg, sidan eg underviser i dans, då er det heilt naturleg for oss at alle dansarane er med frå 10 år og oppover. Det er ein heilt naturleg del av det. Eh... Også er det mykje enklare å få til, når eg er den personen som sitt med ansvar på begge sider. Og legge til rette for at den helga</i>

	<i>så skjer det ikkje noko kulturskule ting, då er det UKM ting. Ehm... Men så er det jo den forbanna handballen da... (ler godt)”</i>
26.	<i>” Ja, nei men generelt i heile *området så er det mange som driv på med idrett. UKM’ere er jo som ungdom flest, om du er på kulturskule eller ikkje. Det er jo veldig mange av dei som er med på UKM som er aktive på veldig mange andre arena. Så det vi må jobbe enda meir med er jo faktisk å få tak i dei som kanskje ikkje er med på organisert aktivitet da.”</i>
27.	<i>” Vi prata veldig mykje om det i styringsgruppa, at UKM ikkje må bli ein slik flinkiss-arena. For det er så veldig mange slike flinkiss-arenaer. Og at viss det blir for høgt nivå så mister du dei som verkeleg skulle ha vore der.”</i>
28.	<i>” Altså det er utruleg høgt nivå, det er jo det. Men det trur eg er noko med tida me lev i, for ungdommane har så innmari høge krav til seg sjølv.”</i>
29.	<i>” Når alle då kjem tilbake så går dei ein ganske lang veg mot green-room, gjennom kantina, og då blir alle som har vore på scena møtt av applaus. Frå andre deltakara. Og det er noko som heilt tilfeldig skjedde for mange, mange år sidan. Og det er liksom, dei gamle klappe for dei yngre, heavy-gruppa som spelar satan-pop klappar for folkemusikaren, og det gjer heile stemninga det også. Dei som syng rein får like mykje applaus som dei som bommar på kvar einaste tone, så det ein veldig inkluderande arena.”</i>
30.	<i>”Og det er kanskje ikkje like inkluderande på kulturskulen til dømes. For på kulturskulen skal du kanskje vise at du skal prestere noko, på UKM er det litt ... Du skal prestere, men likevel er det litt meir laidback.”</i>
31.	<i>” Det er eit veldig godt første møte, men det er også veldig bra for kulturskuleeleven som kanskje på kulturskulen må spele noko som læraren har bestemt – men på UKM kan bestemme sjølv.”</i>
32.	<i>” Altså, viss du ser på eit kulturskuleaspekt så har vi forandra mykje slik at vi er veldig mykje ute der som folk er når vi har konsertar. På kafé på laurdag formiddag når det er mykje folk, så i staden for at folk skal komme til oss, så tar vi med oss utstyr ut. Eh ... Og så er vi veldig gode med media, så dei kjem og dekker veldig mykje. Så vi er veldig heldige der. Og det same gjeld jo eigentleg UKM, vi treng ikkje invitere media lenger. Dei ringer til oss og inviterer seg inn, ”no må du fortelje om UKM”. Det har blitt ein viktig bit.”</i>
33.	<i>” For det er jo litt slik at når du først har blitt med i UKM når du er 10-12 år, så ser du dei same igjen år etter år. Også kjem det nye drypp heile tida, så det er nok viktig for enkeltpersonar. Også er det også veldig viktig for identiteten til lokalsamfunnet, og ha noko slikt som kan vere så positivt.”</i>
34.	<i>” Nei altså, det er jo det me ønskjer at ein kulturskulekonsert skal vere så populært at folk skjønner at det er ein ... høg kvalitet, at folk kjem. Men det er jo som regel foreldre, besteforeldre, søken og onkel og tante. Det er det jo. Men vi ser jo det at det å gjere seg kjent, vere på facebook og instagram og alle dei stadene, er kjempeviktig.”</i>
35.	<i>” Men på UKM er det, spesielt på juniormønstringa, der er det stappfullt. Også er det ei merkeleg greie at ja då skal alle komme og støtte opp. Men jo eldre dei blir og jo flinkare er dei, då tenkjer folk at ”jo men dei treng ikkje å bli kjørt”, for dei kjøre jo sjølv mange av dei. Då er dei heller ikkje like flinke til å komme å sjå på dei heller. Det er ei slik merkeleg greie, men ...”</i>
36.	<i>” Vi plar å reise ut der folk er, og kvar jul besøker vi barnehagar, eldresenter, aldersheim også har vi juleavslutningane våre der. Ja.” Intervjuar: Kva respons får de</i>

	då? <i>"Kjempebra respons. Det er jo ein del av det ressurscenter, altså, tankegangen. At vi skal vere meir enn berre ein skule."</i>
37.	<i>" Altså, når eg byrja med UKM så var det nesten ei slek rocke-mønstring. Med berre band. Men så har det vore nokre år der det har neste berre vore einslege jenter som skal synge Adele."</i>
38.	<i>" Men så er det jo slik at vi må passe på at vi ikkje presser fram noko. Vi må tenke at det her er det som ungdommen gjer no. Då må det vere slik. Så kan vi vere flinkare til å strekke ut ei hand til, til dømes folkemusikkmiljøet. Men dei har, ut frå erfaring, så har dei veldig mange eigne arrangement. Dei har eigne arenaer, så dei har kanskje ikkje kjent seg like mykje heime på UKM arenaen."</i>
39.	<i>" Og den klassiske musikken også, har på ein måte drukna litt. Det her går som oftast i bølger. I år hadde vi både folkemusikk, vi hadde folkedans, vi hadde klassisk. Vi hadde rockegruppe og songarar. No hadde vi eit veldig godt spekter. Men det altså eit ganske stor forskjell frå år til år, men det er slik det skal vere tenkjer eg."</i>
40.	<i>" For UKM er ungdommen sin arena, dei skal framføre det dei ønskjer. Så kanskje du går å speler klassisk fiolin på kulturskulen, men på UKM speler du med playback til ei poplått, og det er slik det skal vere."</i>
41.	<i>" Slik at ikkje UKM blir ... (pause) det bli ikkje enda ein kulturskulearena. Dei har berre ein ekstra der dei kan få lov å, kanskje, vere meir seg sjølv enn det dei får vere på kulturskulen da."</i>
42.	<i>" Så vi oppfordra folk, til dømes en 10åring som nå har vorte gamal nok til å vere med på UKM. Vi oppfordra hen til å melde seg på med det som hen har øvd på i kulturskulen, for det er hen trygg på ikkje sant. Men når hen blir litt større så har hen kanskje lyst til å gjere andre ting på UKM som hen ikkje får gjort i kulturskulen. Men hen har den kulturskuleballasten med seg då."</i>
43.	<i>" Og at ein då bruker dei siste øvingane på kulturskulen før UKM for å få hjelp av læraren. For det er jo noko meir enn berre å framføre eit stykke, det er jo noko med formidling og det er noko som læraren kan hjelpe meir med enn når ein står aleine å syng med ei youtube-fil."</i>
44.	<i>" Spesielt dei som syng da, at vi oppfordra dei til å syng med ein huspianist, også hjelper vi dei til å finne rette notar. Så får dei ein halvtime med øving med huspianisten før scenepøven. Det er vi ganske aktive på. Vi ønskjer minst mogleg slik playback / singback greier."</i>
45.	<i>" Min tanke, i eit lokalmiljø, det er at du har ein trekant. Med den kulturelle skulesekken, der får du input frå profesjonelle. Der kan du bli ein lyttar eller ein tilhørrar, få inspirasjon. Og den inspirasjonen forvaltar du i kulturskulen, (pause) og gjennom den forvaltninga som du øver på i kulturskulen – så er UKM ein fantastisk arena for å vise det fram på."</i>
46.	<i>" For på kulturskulen er det foreldre som kjem, besteforeldre og slikt. Men på UKM så møter du nokon som gjer akkurat det same får ein heilt anna kommune, som du kanskje ikkje visste om. Så du får ein slik ekstra dimensjon av det. Så den samanhengen der trur eg er kjempeviktig."</i>
47.	<i>" Det er ordentlege, profesjonelle rammer med lys og lys, produsent. Det er ein anna måte å jobbe på, sånn at eleven synes at dei er... Ja, dei er artist. Kjendis for ein dag liksom."</i>
48.	<i>" Vi som er vaksne trur at vi veit kva ungdom vil ha, også viser det seg i praksis at det kanskje ikkje er slik. Så eg skal ærleg innrømme at vi var kjempeskeptisk til å gje slepp</i>

	<p>til ungdommen når dei skulle vere med som unge arrangørar. Vi holdt igjen lenge, ehm ... Men vi ser jo det at dei har jo berre gjeve oss enda ein ny dimensjon. Vi har på ein måte rammeverket, grunnfjellet det er der – for vi har jobba med det så lenge. Men så kjem dei, og puttar på noko slike spesielle flotte ting her og der som ikkje vi tenkjer på. For dei, og spesielt då både på snapchat og instagram og måten dei stiller seg til andre deltagara på. At det skal vere ein meir ungdommeleg drive over det, det har gjeve oss ein ekstra dimensjon som vi ikkje kunne klart aleine.”</p>
49.	<p>” Altså det blir mykje meir slik, ekte da. Når ein 16åring går å pratar med ein anna 16åring: ”å du må melde deg på UKM, du er jo så flink til å danse!”. I stande for at eg kjem som vaksen: ”Ja men du er jo flink til å danse, du må melde deg på UKM”. Det er nesten slik: ”jaja, men kva veit vel du?”. Det blir meir ekte når det kjem får ein yngre ein da.”</p>
50.	<p>” Det er jo det som er utfordringa vår, at dei sluttar tidlegare på kulturskulen enn dei sluttar på UKM. Så det kan godt vere at du sluttar på kulturskulen som 14åring når du då byrjar å gå på ungdomskulen, og ikkje orkar den der undervisninga ein gong i veka lenger. Men at dei kanskje uansett melder seg på UKM.”</p>
51.	<p>” Det er ei utfordring med unge. Med å forplikte seg til noko. Men UKM er ein slik happening som skjer ein gong i året for dei, sjølv om vi jobbar med UKM heile året, så er det for ungdommane ein happening som skjer ein gong. Så då er det på ein måte enklare å forplikte seg til det.”</p>
52.	<p>Intervjuar: Har kulturskulen større påverknad på UKM en motsett? ”Heilt til vi klarar å finne ein litt anna måte å jobbe på med unge arrangørar. For viss vi hadde greidd å lage eit tilbod i kulturskulen som på ein måte er unge arrangørar, det driv vi jo på å jobbar med no. Og då kjem vi til å bruke ho som er unge arrangørar i UKM til å vere mentor på kulturskulen, som lærar. Då trur eg også at koplinga vil bli annleis. UKM er så mykje meir enn dei som står på scena og framføra noko, eller dei som visar maleriet sitt. Og der vi litt i støypeskeia enda, for vi har ikkje hold på med unge arrangørar så veldig lenge. Som veldig mange andre har gjort. Men viss vi greier å få den koplinga der, så trur eg kanskje UKM vil ha veldig stor påverknad for kulturskulen igjen. ”</p>
53.	<p>”Når vi har såpass mange mønstringar også, så byrjar vi sceneprøvar tidleg om morgonen slik at dei er jo der heile dagen. Plutseleg ser vi at det poppar opp med nye vennskap på facebook etter ei helg, og det er slik som gjer meg kjempeglad. For då tenkjer eg at, yes då har vi lykkast med noko. Og at dei skal få møte andre som driv på med det same.”</p>
54.	<p>” Eg veit ikkje altså, UKM er på ein måte ein friare arena, så du får sjå dine eigne elevar berre slå seg enda meir laus.”</p>
55.	<p>” Og at det er veldig trygt for eleven og kulturskulen, og er vand med meg på kulturskulen, møter meg igjen også på UKM. Det er ikkje så utrygge rammer, sjølv om det er ganske stort. Vi har jo vorte veldig store. Vi må jo ha tre mønstringar, eigentleg burde vi kanskje ha fire snart viss det blir fleire påmelde. Det er eit stort arrangement, men at dei har den kjende personen, og ikkje minst for foreldre med informasjon i forkant så veit dei at dei kan kontakte meg.”</p>
56.	<p>” Ja ikkje sant, så møter eg mange av dei igjen på UKM. Og det er jo, sjølv sagt kunne eg tenkje meg å ha dei i kulturskulen også. Men det viktigaste er at dei fortsette å halde på med noko som dei likar å gjere. Så for meg så er det eigentleg eitt fett. Berre dei ikkje sluttar heilt.”</p>

## Vedlegg 5: samandrag respondent 5

Nr.	respondent
1.	"Og eg jobbar jo både i *Stad kulturskole og i *Stad. Nabokommunar. Og vi samarbeida om UKM. Det er på ein måte to forskjellige kommunar som sender vidare kvar sine representantar, men det er felles mønstring da. Fordi me har eit veldig fint kulturhus på *stad, og veldig fine muligheita for å ha utstilling og slikt. Så det har eigentleg vore litt naturleg å gjere det saman."
2.	"Og da samarbeida eg veldig greitt med *Kollega som er frå *Stad, for vi har kontor saman her, og det er veldig lett å samarbeide når me var så tett da."
3.	"Da er det rett å slett arbeidsoppgåvene alt, alt i frå sørge for PR-del i starten og få ut informasjon til deltakarane. Administrere facebook-side, sørge for at alle kan melde seg på, at ting er opent og at ein får det ut der. Så blir det jo meir sånn ... sjølve førestillinga da og utstillinga. Få inn alle bidraga, sørge for at alt er på plass. Ja, det er ein million oppgåver. Men i alle fall, å lage ei dreiebok og sørge for lyd og lys-prøvar, vere backstage."
4.	"Og så har me jo ansvaret for ... ja å melde inn dei som går vidare, oppfølging av dei. Me har vore med på fylkesmønstringa no, og overnatta med ungdommane, og har vore med ... ja på alt som er. Me har jo ei unge arrangøra gruppe, eller KultArr som det heiter. Ungdomsgruppe som har vore med, ja som er scenearbeidarar og som har ansvaret litt under oss. Dei står for media, dei tek bilde, dei er på nett, dei er backstage. Og alt det skal me koordinere da, og vere ansvarlig for."
5.	" Mykje praktisk. Mykje som krev at ein er flink til å samarbeide da, eller som har god dialog i alle fall. Og det føler eg at vi har hatt veldig bra. Så det har glidd veldig bra. Me har også litt ansvar for å søkje om stimuleringsmidlar viss me skal ha og kurs og slikt. Det har me gjort, me hadde kurs i *By med lyd og lys, for dei ungdommane som er interessert i det."
6.	" Og det er veldig sånn, ting som eigentleg ikkje tenkjer at du skal ha ansvaret for som må gjerast. Og det kunne eg sikkert vore flinkare til å delegere, men (ler) ... Det er så mykje enklare å berre gjer det sjølv, og det er veldig artig da."
7.	"I år så har den vore i ein sånn stor pott som har ligge i mi stilling, som ikkje har vore ei spesifikk prosent. Men "du har så og så mange timar". Og det er ganske utfordrande, for dei timane skal også fordelast på andre prosjekt. Så viss ein ikkje har ein spesifikk prosent i stillinga si der det er "desse timane er kun til UKM", så bruker ein jo potensielt opp andre pottar og må byrje ta av arrangements-pottar eller avspasering. Skjønner du? Det er jo ein ting som kjem til å bli tatt opp neste år da, at ein anerkjenne kor stor jobb det er som leiar å ha UKM da. At me får ein eigen UKM-stilling. "
8.	" Men den 10 prosenten der UKM er inne i er også andre ansvarsområder. Alle plakatar og utstillingar på jobbplatsen min har eg ansvar for. Så det er så diffus, der er liksom ikkje ei rein UKM-stilling da. Og det har kanskje vore ei utfordring når me no etterpå sitt å ser på kor mange timar som har gått ned. Så blir det jo masse, eg må skrive masse ekstratimar og bli ein ... ja, meir utgift ein kva det hadde trengt da."
9.	" Me har ... slik som me gjer det no, eg og *Kollega, me bytter på ein måte så annakvart år så er det at hovudansvaret ligg på ein av kommunane. Men det betyr eigentleg det at, det har gjort det før vertfall, at når det er *Stad sin tur så er det *Stad-lærarane som har ansvaret for å rigge og backstage og sånn. Og så har me bytta på. Men i år så

	<i>prøvde me å gjere det saman med at alle saman skal ha faste oppgåver. Slik at hen som er mest teknisk kompetent og som er bandpedagog har eit ansvarsområde som hen gjentar kvart år da. Og det har fungert veldig greitt, så alle lærarane er involvert.”</i>
10.	<i>” Ja det er lyd og lys som er leigd inn utanfor. For kulturhuset på *Stad her har eigen lyd- og lys-person. Og dei leige me saman med salen, så dei tek seg av alle ... når me har tekniske prøvar så får jo dei dreiebok og me er der saman med dei. Men det er dei som faktisk styre det og, ja. Bruker så mange timar som dei treng på det.”</i>
11.	<i>” Bevertning og slik, niande klasse har hatt ansvar for mat og kiosk til dømes. Slikt småtteri. Men lyd og lys er dei som er leigd inn sånn profesjonelt ja.”</i>
12.	<i>”Og det har jo vore slik at dei lærarane som ikkje har vorte involvert, det var vel for i fjor ein eller to som ikkje hadde nokre oppgåver da, og då vart dei jo sånn at dei synes sjølv at dei var utanfor. Og det er jo eit veldig bra teikn, så ...”</i>
13.	<i>” Men dei fleste vil vere med, og dei ser jo at me er så små kommunar at alle har elevar, til dømes, som er med. Og det er å vere der og vise ansikt og samarbeide har gått veldig bra. Og så vil det jo sjølv sagt ... det med at dei vil gjerne ha ein eigen, kanskje ikkje ein eigen UKM-stilling, men dei vil ha UKM-timar i ein pott. For det har dei heller ikkje hatt, for dei så har det gått av ein sånn arrangements ... Ja. Så eg trur at alle saman vil veldig gjerne ha spesifisert timar, og at dei veit at dei har tid. At dei kan planlegge i forkant. For det blir litt sånn at nokon står der i 13 timar, nokon står der i 14 timar, også må ein fram med timelista etterpå.”</i>
14.	<i>” Det er jo eigentleg ikkje eit kulturskulearrangement, definert som eit kulturskulearrangement, men det blir jo det i og med at alle lærarane er kopla til kulturskulen. (ler litt) Det blir sånn der morf .. ja ei rar samansetning. Men har fungert veldig godt, og kulturskulen har alltid vore kopla opp mot UKM sidan det byrja på *Stad i alle fall. Som kulturskulen arrangere da. Naturleg nok. Alle kultur menneska er saman på skulen (ler litt).. Det er her me er”</i>
15.	<i>” Vi har jo, kanskje som er litt spesielt, vi har jo den her kultarr eller unge arrangørgruppa da. Som kanskje er meir involvert i starten ut mot ungdommane, og reiser rundt på skulane og snakkar inne i klassane. Og tek seg av den her promoteringa inn i ungdomsskulen, blant anna. Også er ungdomsråda i begge kommunane knytt opp mot oss, og at vi driv litt rekruttering igjennom ungdomskafeane.”</i>
16.	<i>” Og vi har jo ein del skrivekurs, lyd og lys kurs. For å oppmuntre folk til å søkje både som arrangør, som konferansier og ja ...”</i>
17.	<i>” Dei er med på å lage informasjonsflyers, deler ut det, går inn i skulane og snakkar om UKM. Også når det nærmar seg er dei veldig fysisk hands on da. Nokon av elevane der, dei er vel ein 10 stykk til saman trur eg, nokon av dei er jo scenearbeidara og har vaksenansvar. Dei er ungdomsskuleelevar men er saman med ein vaksenperson. Dei går med intercom og har sine dreiebøker og ... Får veldig mykje ansvar på sine områder da, som å legg inn alle bilda på internett, skrive artiklar. Har ansvaret for å få ungane i frå rom A til rom B på vente, i kø systemet, dei har veldig store jobbar da. Men dei har takla det utruleg fint, så utan dei så hadde det jo måtte komme inn eksterne. Vi er veldig avhengige av dei og den jobben dei gjer. Det er vi.”</i>
18.	<i>” For nokon år har vi vore heldige og hatt ein del folk som er i same kullet og er interessert, og så reiste dei også mister vi plutselig 5 stykk som er engasjert. Men eg trur vi ... vi fanger opp dei som ikkje er interessert i vere på scena da. Dei som har interesse av feltet, men som ikkje vil synge og spele. Så eg vil ikkje sei at det er enkelt å rekruttere, men dei vi får dei blir som regel i mange år. Og dei som først er med dei</i>

	<i>er engasjert. Det er vel heller ikkje om å gjere for oss å ha utruleg mange, for da blir det meir gjennomtrekk. Men det er viktigare for oss at dei som faktisk er med er interessert og er stabile, og det er dei jo absolutt.”</i>
19.	<i>” Då var vi på eit kultursenter i *by og fekk vere med på konsert, dei fekk styre lyd og lys sjølv. Ehm.. Vi har hatt foredrag på *stad og *stad av lokale lydfolk. Ja. Vore med på forskjellige konsertar, og dei har vore med å arrangere kulturskulekonsertar med ungar og kika litt på korleis ein sett opp dreiebok. Og ja. Så dei er med på mykje da, så dei heile tida får, ja. Ikkje berre får fortalt, men også oppleve kva som krevs.”</i>
20.	<i>” Eg er veldig stolt over korleis vi har fått det til med dei for vi har .. Dei har fått mykje, vertfall dette året da, i stimulering. Dei er kjempedyktige, og eg ser jo at dei blir inspirert. For dei møter folk i *by, band og sånt, det er jo litt stort da for ein åttandeklassing å få hjelpe med gitarar til rockeband og. Ja. (ler) Veldig morosamt.”</i>
21.	<i>” Vi har jo det på kulturskulen, så dei er jo med oss på arrangement. Men det er liksom UKM som er, for dei også, det største. Og det er jo det største arrangementet. Då samarbeida dei jo med dei som kjem frå *stad på KultArr også. Det blir jo liksom hovudarrangementet i året da, UKM. Også... Er det jo liksom julekonsertar med dei minste ungane, er med å rigge til forskjellig og tek litt bilde for oss og slik. Så dei heile tida gjer eit eller anna, så dei ikkje blir sittande å vente på neste år. På UKM.”</i>
22.	<i>” Vi bruker jo SpeedAdmin, det er slik kulturskulesystem. Det er lagt inn som eit gratis tilbod, men dei må søkje på det slik at vi får registert kven som er der. Slik at vi får kontaktinformasjon og foreldre i forhold til turar og, kan sende ut informasjon. For dei er jo med på gratis kulturskulehendingar, slik som pizzakveldar og slike ting. Dei er jo inkludert for dei er jo elevar i kulturskulen gjennom det her ... Men det er då som sagt gratis, slik at ja. Det er greit å ha litt oversikt og litt kontaktinformasjon frå dei. Så vi har gjort det slik.”</i>
23.	<i>” Det umiddelbare som eg tenkjer kan vere litt dumt er at ungane på ein måte, som ikkje er med i kulturskulen da, føle seg litt utanfor. At det kan fort bli at UKM er ei slik kulturskulegreie. Og at, ja nei, det går jo ikkje ann å melde seg på viss du ikkje er med i kulturskulen. For det er jo slik at dei fleste ungane som held på med musikk og kunst og slik på dei to plassane her, er jo med i kulturskulen. Og det er jo uungåeleg, for det er jo ein liten kommune og ein lite miljø da. Så dei få som ikkje er med på noko, men fortsatt vil melde seg på UKM, korleis får på ein måte sørga for at dei ikkje trur at vi er ein liten klubb? Der dei ikkje kan melde seg på. Så det er jo kanskje det eg tenkjer at vi må vera litt obs på da. At ein treng absolutt, for all del, ikkje ver elev på kulturskulen for å melde seg på UKM.”</i>
24.	<i>” Dei fleste elevane som er potensielle UKM’ara, er allerede inne i systemet. Vi kjenner dei, og vi kan vere meir aktive inn i vår undervisning på å på ein måte oppfordre; ”det her er eit potensielt stykke til UKM, du skal ikkje ta å melde deg på?” Eller.. Vi har kontakt med veldig mange elevar da, via og til saman, så alle dei faga vi har og dei systema vi bruker så kan vi nå ut til, ja, ikkje alle ungdommane her men dei aller fleste. I alle aldrar, ikkje minst. Og så blir vi veldig synlege da.”</i>
25.	<i>” No er jo kulturskulen både på *stad og *stad lokalisert der utstillinga og førestillinga er, så fysisk også. Altså mitt kontor er rett attmed den kultursalen som vi bruker, så det blir veldig synlig da. Og at ikkje UKM er ei slik gøymt, ein person som sitt og fifler med det på eit kontor, dei kjenner oss og vi snakkar om det heile tida og dei ser at ... Ja, det blir enklare å kommunisere da.”</i>



26.	<i>" Det er jo dei her søte jentene med kassegitar og piano som har vore litt dominerande eit lite augneblink. Det er jo absolutt sceneinnslag, musikk da, sang og gitar og det klassiske. Og helst da sangar som dei ikkje har skrive sjølv, men litt sånn cover sangar da."</i>
27.	<i>" Nokon styrer jo heilt fritt sjølv og øver på ein måte på fritida, og har eigne duoar eller trioar og slik. Men ofte er det jo slik at dei øver til UKM i undervisningstimane. Til dømes viss dei har ein vokal ... Ja, sangelev som har lyst til å synge på UKM så får ein øve på den sangen i timane, og knytt det opp mot UKM. Og på same måte, når eg har timane mine da i kunstfag, så kan eg jo sei det at "det her maleriet her synest eg absolutt at du skal melde deg på med", eller "det her var ein"... Ja. Så det er jo litt etter kva dei ønskjer sjølv."</i>
28.	<i>" Ein anna ting da, fordi at vi kjenner elevane og for at dei er i kulturskulen så kan vi setje dei saman i forhold til... I staden for å ha ein vokalist med backtrack / playpack / karaokegreier så kan vi kople "hei eg har ein pianoelev som er kjempeflink og som kan den her sangen utenatt, kan de kanskje snakke saman?" (ler litt) Så kan dei øve saman og, det har vi merka..."</i>
29.	<i>" Ja absolutt, få litt samspel aspekt inn. Og det gjorde vi jo no til fylkesmønstringa, så var det ein elev som opprinneleg hadde ein slik standard karaokesang da. Så kopla vi hen saman med ein elev på flygel. Det vart jo kjempefint, då har ein jo ein heilt anna dimensjon på det med ei gong. Så der er vi jo inne og styre litt, eller, prøver å vere litt guidar da. For å hjelpe dei så godt vi kan."</i>
30.	<i>" Før var det jo eit veldig stort bandmiljø på *stad og *stad eigentleg, men som eg sei så har det noko med kor.. At folk har flytta og ting har skjedd. Ja. Kanskje kulla vi har no på ungdomsskulen har til dømes ikkje så mange gitaristar da, og da dør det litt ut av seg sjølv. Men eg trur nok det at, når det gjeld dans ... Det har jo vorte veldig populært, meir og meir på scenen, dansegrupper. Og der er dei veldig flinke, innan dans, til å øve utanom. Møtast og bruke øvingsromma her før og etter undervisningstimane sine. Kople seg saman på tvers av kommunane og, ja. Mykje meir enn musikk faktisk."</i>
31.	<i>" Musikk er veldig slik organisert. Sjølv om dei er med på kulturskulen på dans også, så er dei veldig aktive utanom timane og, på fritida og. Ja. Eg har ikkje noko intrykk av at det er så mange som ikkje er med i kulturskulen i heile tatt, men som kjem å melder seg på... Med noko. Nokon er det jo sjølv sagt, men det er absolutt fåtalet. Det er det."</i>
32.	<i>" Hadde det ikkje vore kulturskulen i kommunane, så hadde det sjølv sagt vore dårleg med UKM. Eg trur at det er slik at dei som vil halde på med til dømes sang og gitar i desse kommunane, dei melde seg ofte på kulturskuleundervisning også vil dei også vere med på UKM."</i>
33.	<i>" Ikkje så mykje scene, men det er mange som melder seg på med kunstbidrag som sitt heime. Og det er vel kanskje litt sånn sjangertypisk og da, at ein sitt litt meir heime og er litt slik introvert og held på med sitt. Du treng ikkje, det er ikkje noko band. Det er ikkje fleire som driv og teikne same teikning, du sitt aleine med ditt. Og da har vi merka ei veldig auking i at folk lager masse heime, og sitt og teiknar, også melder dei seg på og vi har ukjente elevar.. Eller ukjente ungdomar som er mykje meir på kunst ja."</i>
34.	<i>" Det er jo ein del filmbidrag kvart år da. Det er jo ofte, då sitt dei jo mykje aleine da. Det dukkar opp filmar som vi ikkje har visst om, med elevar som ikkje går hjå oss. Men det er kanskje berre eit par filmar per år, to-tre kanskje."</i>

35.	" Men det er noko som held på å komme no, som vi har jobba veldig hardt med er, er å melde på i forhold til matkultur. Og det er jo noko som vi, til neste år no da, skal jobbe ekstra hardt med. For det er masse potensiale i at vi har matfag på vidaregåande i same bygget som vi er i. Også har vi ein del folk i arrangementsgruppa da, KultArr gruppa, som går den linja og som har laga litt mat til UKM utstillinga og gjort litt sånn greier. Så vi vil gjerne sjå litt nærmare på det, korleis vi kan auke det. Vi er jo ein kyststad med masse, det er jo fisk som er tingen, (ler) potensiale for å gjere masse meir der."
36.	" Eg trur ikkje at det er så mange ungdomar som ikkje vi på ein måte veit om da, som er veldig aktive. Skal bli veldig overraska dersom det kjem nokon som vi aldri har vist at til dømes spelar gitar. For vi er, kulturskulen står veldig sterkt i begge kommunane."
37.	" Fordi vi er ein veldig viktig del. Vi reiser jo rundt til dei små skulane, tek båt og reiser rundt og har undervisning heilt i frå barnehagenivå til ja, vi er på sjukeheimane og.. Vi er over alt. Så vi er veldig knytt opp mot alle saman, og vi .. Ja. Det er ein veldig stor fordel at UKM er knytt til kulturskulen altså. Det synes eg."
38.	" Altså eg har intrykk av at, i forhold til det du dreg fram der, klassisk og dei sjangrane der. Eg synes ikkje at nødvendigvis det er ungdommen som presse på populærmusikk eller. Vi har vore veldig heldige, og det er ein god blanding. Og eg merkar at både musikk lærarane på grunnskulen og våre lærarar da, som til dømes har piano. Det er ein veldig fin balanse naturleg med at ungane har lyst og er veldig ivrig på forskjellige sjangrar sjølv."
39.	" Vi kjenner jo på ein måte at vi har, føler på eit lite ansvar i forhold til det med mangfoldet og det å få inn alle aspekt av alle faga vi har. Men eg ser ikkje noko problem i at både ungane står fritt på UKM, og at vi held på med vårt inne i kulturskulen. Eg trur at det balansere seg ganske fint, som sagt, ved at ungane er veldig... Dei skil nesten litt på det med at på UKM; "okei UKM då kan eg øve på den sangen, det har vi valt". Det er på ein måte ikkje noko poeng for oss å trumfe gjennom noko sjanger til musikkelevane for at dei skal opptre på UKM med klassisk viss de ikkje er interessert."
40.	" Dei gongane vi har hatt lærarar som før om åra, der det har vore veldig slik lærarstyrt, at "den her sangen synes eg at du skal opptre med for den er fin" eller "den passer bra og det er ingen som har hatt den før". Det viser veldig godt på elevane at det ikkje er deira val da, at det ikkje er deira ... Så med ei gong ein byrjar å legge slike føringar for ungane så.. Sjølv sagt så kjem vi jo med at; "den sangen her", eller "den låta her passar veldig fint", men då heller er det at den passar fint til eleven. Ikkje ut frå noko type mangfoldstanke. For den, i så fall så skulle mangfoldet på UKM vore ganske .. Falsk da. Eller ikkje representativt ved at vi driv å tvinger igjennom masse klassisk musikk på UKM, også er det eigentleg ikkje noko interesse for det elles. For det representerer jo dei miljø som er, og no er det jo blitt mykje oppblomstring på kunst, og det representerer jo kva ungane held på med heime. Det er viktigare det tenkjer eg. Også får ein heller berre vere flink til å sjå om det dukkar opp nokon til dømes i matkultur eller eit eller anna. Som ein ser som lærar at her har vi ein potensiell deltakar til UKM, der det allereie er ei spesiell interesse. Så får ein heller vere flinkare til å dyrke det, eller løfte dei fram. Ja. Ikkje legg på folk noko dei ikkje føler er naturleg da"
41.	" Eg trur nok at det er litt synonymt med kulturskule, det der UKM omgrepet vertfall. (liten pause) Også, som sagt, fordi at dei lærarane som jobbar i kulturskulen, er dei personane og fagpersonane som også stiller opp ved alle konsertar, sant? Vi har jo til

	<i>dømes ein kjempedyktig bassist. Hen er jo både i kulturskulen og er med ut og hjelper til på andre arrangement. Dei er vandt til å sjå oss, og dei kople jo saman UKM og kulturskulen med god grunn da."</i>
42.	<i>" Og verdien av både kulturskule og UKM her i dei to kommunane er jo, altså vi er jo kjempeviktige. Vi ser jo det at det er ikkje noko anna miljø, eller noko andre plassar eller klubbar, eller andre lag der elevane kan til dømes teikne da. Eller synge. Eller danse. Det er her dei får det tilbodet, også får dei heller gå ut og øve heime og teikne heime. Ja. Eg trur nok det at vi skulle ha tatt vekk UKM og kulturskulen så hadde det blitt ganske stilt. Ja. Det er liksom hovudkulturkjelda da. Ikkje berre for ungene, men for vaksne også. Vi har jo mange arrangement i løpet av eit år, der vi trekker masse folk. Folk støtter opp om utstillingar, alle konsertar, hjelper til frivillig. Avisane dekkjer oss meir enn gjerne med masse artiklar, og vi har .. Ordføraren er her nesten på alle arrangement (ler). Så vi står veldig sterkt, og har vel gjort det eigentleg heile tida. Ja. Veldig nøgd med det altså. (ler)"</i>
43.	<i>" Eg har absolutt intrykk av at folk kjem fordi dei veit at vi gjer bra ting, og dei vil støtte opp. Ja. Vi har utruleg mange tilbod og mange arrangement i løpet av eit år, til å vere ein så liten kommune."</i>
44.	<i>" Men vi på kulturskulen har både danseforestillingar, julekonsertar, samspelveke. Ein har utstillingar, ja. Gudane veit, fiolinkonsertar og samarbeid med ulike profesjonelle utøvarar og workshops. Det skjer jo masse da, og det er jo sentrert på kulturskulen."</i>
45.	<i>" Lokalt ressurscenter. Det er det vi er. Vi merker jo at, ikkje berre det at vi har UKM på kulturskulen, men at vi knytast opp til integreringsarbeid, minoritetsborn. Vi er inne på asylmottaket på *stad, der har eg vore med prosjekt. Vi knytast opp til helsetun, vi knytast opp til reine opptrednar i kommunestyret, reiser rundt med lærarkonsertar og har samspelkonsertar der vi opptre for ungene. Vi har lesestunder, og ja, you name it."</i>
46.	<i>" Viss vi ikkje skulle ha gjort det så. Ja, nei. (liten pause) Eg veit liksom ikkje heilt kven det skulle ha vore då. Også fordi mange av dei eldsjelene som jobbar frivillig også jobbar i kulturskulen. Dei som står på og har barnekor, og spelar i band og er i kulturlivet generelt, jobbar jo her då. Ofte. Og er tilknytt kulturskulen på ein eller anna måte. Så vi koplase jo inn uansett. Så det er veldig logisk og heilt naturleg at det er vi som har det då."</i>
47.	<i>" Men det er jo kultursenter, der dei ikkje har undervisning, men det er gratis workshop og det er tilsett litt slike ansvarlege folk med kunstnarisk bakgrunn. Dei har jo UKM av og til. Og det går jo ann i store byar, men eg ser altså ikkje kven det skulle ha vore her. (ler litt) Vi er no her samla på ein plass."</i>
48.	<i>" For det er litt sånn, å kalle ein spade for ein spade tenkjer eg då. For det er jo ein konkurranse, og ungene veit veldig klart at det sitt nokon som skal plukke litt forskjellig da. Og vi merkar jo det at kanskje dei som, til dømes dans no da, at dei prøver litt sånn, å tenkje litt meir mangfald eller litt forskjellige danseartar. For dei veit at dommarane vil sjå, at ein skil seg ut litt da. Men det er jo ikkje noko som vi lærarane eigentleg har lagt på dei, for dei er veldig klar over det sjølv, fordi at dei ser jo og husker kven som går vidare. Og registra kva som fungerer og ikkje."</i>
49.	<i>" Dei har jo gjort ein veldig godt jobb, UKM fylkene da, på å tone ned det her jury. At det er ikkje noko slik opplyst jury som blir presentert eller at dei sitt der med masse lys på seg. Det er veldig slik skjult, vertfall var det slik no i helga på fylkesmønstringa. Det vart ikkje introdusert noko jury, eller "årets jury er", eller.. Det vart ikkje snakka om i</i>

	<i>heile tatt. Det var "velkommen til førestilling, no skal vi sjå desse bidraga her". Og det er jo med på å, at folk kanskje tenkjer at dei ikkje treng nødvendigvis å prøv så veldig hardt på å vere så steikje original. At dei gjer det dei liker og får vist seg fram. Det er jo det som eg tenkjer er det viktigaste."</i>
50.	<i>" Men det er jo ein konkurranse, når du koker ned til det så er det jo nokon som kjem vidare. Men at ein jobbar hardt for at det kan vere to fokus, ikkje berre å komme vidare, men.. Okei så kom du kanskje vidare, men husk at det også er ein arena her som er kjempefin. Til å få anerkjenning og mestring."</i>

## Vedlegg 6: samandrag respondent 6

Nr.	respondent
1.	" Men eg har vore den som har hatt hovudansvaret for UKM, som administrera det. Så jobbar eg tett med kulturskulen og kommunens lokale ungdomshus, kulturhuset for ungdom. Så vi er tre, for vi er i same eining og jobbar tett om arrangementet."
2.	" Eg har jo jobba tidlegare mykje med ungdomsarbeid, med barn og unge. Men eg gjer ikkje så mykje direkte jobbing no, så frå hausten av kjem vi til å gjere det om. For eg jobbar mest med bookingar og slikt. På kulturhuset, og kunstutstillingar. Så eg blir ofte veldig fjern, langt vekk frå ungdom. Så når vi no jobbar med UKM som ein, som meir enn berre eitt arrangement, men at det er mykje forkant og etterkant, workshop og samlingar og slikt. Så blir det litt ekstra jobb for meg sidan eg ikkje er inne i ungdomsmiljøet, det som er retta mot ungdom. Altså, eg jobbar ikkje slik til dagleg direkte med ungdom da."
3.	" Altså ung kultur møtes er ikkje berre eit arrangement, men det skjer heile året."
4.	Intervjuar: kor lenge har de jobba heilårleg? " Det har vi jobba med i nokre år, men det er vanskeleg å få det til når ein ikkje er inne i ungdomsmiljøet. Når det ikkje skjer der ungdommane er."
5.	" Dei ungdommane vi har no, dei er på kulturskulen mykje, også er dei på kulturhuset for ungdom, også er det gjennom skulane. Ja. Så no blir det jo litt hopping fram og tilbake, men som sagt er vi tre hovudaktørar som jobbar saman. Men så har vi også ein kontaktperson på kvar skule."
6.	"I år har sal og scene på ein av ungdomsskulane gått direkte inn og lagt undervisninga si til UKM. Så dei har gjort alt det tekniske."
7.	" Ja, vi er tre er liksom hovud.. Altså kulturskulen, meg på kultur og kulturhuset for ungdom. Vi er tre som liksom administrerer, også har vi andre samarbeidspartnara ute. Ja. "
8.	" Altså det var noverande struktur, og til hausten skal kulturskulen ha det inn i ... (dreg litt på det) Er det rollebeskrivelsen, eller blir det fagplan for lærarane at dei deltek på UKM. Så det skal bli pålagt lærarane å vere med på UKM, kulturskulelærarane."
9.	" Det er jo for at dei skal jobbe med ting fram mot UKM, at det skal bli ein del av kulturskuleundervisninga. Dei har jo det på andre ting, til dømes alle lærarane har konsertar inn i den kulturelle spaserstokken eller.. Dei har jo veldig mykje, det er jo mykje sånn.. Kulturskulen jobbar jo meir sånn no at dei skal jobbe i grupper og ute å ha konsertar. Altså dei har jo faste konsertar som lærarane er pålagt i løpet av året, så for at elevane skal ut, så blir dette ein av desse då."
10.	" Så UKM blir ein del av undervisninga. Korleis konkret dette vert gjort, det er jo ikkje avklart enda. Men dei skal delta på UKM. Det er den eine nye til hausten, også er det den at det kjem til å bli ein viss prosentstilling på kulturhuset for ungdom som skal ha ansvaret for UKM. Men korleis eg og kulturskulerektor jobbar mot den veit vi ikkje enda. Om eg skal heilt ut, eller om eg skal hjelpe administrativt. Det veit vi ikkje. Det må vi jo sjå korleis blir."
11.	" Så grunnen til at eg vil trekke meg vekk er kapasitet, og at eg er langt vekk frå ungdom."
12.	" Slik som vi legg det opp no så har vi open scene. Så cirka to månadar for UKM, så settast det inn resursar ein dag i veka, så band eller dei som er scena kan komme ned

	<i>å øve. For alle sjangerutrykk på scena, vi har ikkje noko i forhold til kunst da. Så der har det vore kulturskulelærarar inne, og frå ungdomshuset, desse dagane.”</i>
13.	<i>” Også må det skje på ungdomshuset, for der er det jo ungdom frå før. Slik at det blir ein del av både kulturskulen sitt tilbod og ungdomshuset sitt tilbod.”</i>
14.	<i>” For at når vi er rundt på skulane og seier at ”de må komme”. Å dei har kjempelyst til å komme men dei har det, og det, og det, og det. (Ier litt) Så UKM blir alltid noko slik opp på alt anna. Ungdom er veldig, veldig opptatt no. Dei har lyst å vera med, dei er klar for det meste, men det er enormt fritidstilbod dei har.”</i>
15.	<i>” Ja, det er organisert. Det er masse organisert, det er korps, det er.. Altså dei som allereie er interessert i å vere med på UKM som driv på med musikk, dans. Dei er jo på trening og øvingar dei andre dagane. Anten med korps eller...”</i>
16.	<i>” Her er også korps inn i kulturskulen, eller på veg inn. Og drama, teater også. Dei har eit tett samarbeid med kulturskulen, så då kan ein samordne lokale teater og korps i kulturskulen.”</i>
17.	<i>” I år hadde vi veldig få enn vi plar å ha. Vi hadde berre ti sceneinnslag, vi plar å nokså mykje meir. Det var nok fordi vi ikkje hadde kapasitet til å jobbe så mykje med det, og at folk er opptatt. Også trur eg ikkje UKM har så høg status lenger. ”</i>
18.	<i>” Eg kan ikkje dra det.. Det er ikkje min baby, eg kan ikkje få den til å vokse meir. (Ier) Eg jobbar i kultur med heilt andre ting, og du må ha den nærleiken til ungdommen. Heilt tett innpå, for å få dei med.”</i>
19.	<i>” Men kulturskulen her hjå oss er ikkje berre vanleg slik ein til ein undervisning, dei har liksom heile barne- og ungdomsteateret på kulturhuset for ungdom. Og dei har breakdance, og breakdance er på kulturhuset for ungdom.”</i>
20.	<i>” Nå fekk eg nettopp ei melding av kulturskulerektoren, for eg driv med marknadsføring også for oss. Der skal eg legge inn nye sjangrar. Hen skal byrje med laptop og musikkproduksjon. Altså musikk ved bruk av data.”</i>
21.	<i>” Hen som er leiar for kulturskulen er også leiar for kulturhuset for ungdom. Så det at hen legg det inn der. Vi er så små, vi er jo litt over titusen innbyggjarar, så vi går nesten inn i kvarandre litt.”</i>
22.	<i>” Korpset har blant anna lønna dirigent gjennom kulturskulen. Dei har tett samarbeid med barne- og ungdomsteateret, som har vore frivillig, som dei har hatt førestillingar med. No vart leiar der sjuk, så då har kommune overtatt jobben da. Så at dei.. Dei har veldig mange samarbeidsprosjekt.”</i>
23.	<i>” Men fordi om vi har jobba så tett, så har vi ikkje lukkast. (Ier litt) Eller, vi har ikkje vokst så mykje. Akuratt no i det siste, det har stoppa. Så vi vil tenkje litt.”</i>
24.	<i>” Ja, vertfall for min del så synes eg det er dumt når du får så godt kontakt med ungdom og ikkje bruke den vidare. Så eg jobbar tett med ulike aktørar, men kan ikkje ta det vidare. Det kan dei på eit fritidssenter, dei kan bruke dei som er scenearbeidarar, dei som er musikarar til eit anna arrangement. Mhm. Derfor flyttar vi det til dei som jobbar med ungdom heile året.”</i>
25.	<i>” Så dei første åra var det elevar frå sal og scene på skulen, også har det vore det vil kalla for Unge Arrangørar. Også har det tidlegare vore ungdomar frå kulturhuset for ungdom, som er i crewet. I år så var det eit crew frå, det var ein del av undervisninga til sal og scene på ein av ungdomsskulane. Som hadde alt lyd og lys, og rigg.”</i>
26.	<i>” Nokre år har vi hatt ei gruppe med ungdom som også, vi har hatt fire ungdom, som har jobba saman med utforminga av UKM. Altså alt. Men no er dei blitt så gamle, (Ier) det er det som skjer fort. Så dei har vore så interessert, så dei har vore med nesten litt</i>

	<i>for lenge. No er den eldste 20, så det er siste året hen kan vere med. Så det er vanskeleg av og til å fornye, når ikkje eg jobbar ute med ungdom. Så det er som er utfordringa heile tida, at det går så fort, dei veks så (ler)."</i>
27.	<i>" Eg kan berre sei ein ting som vi tenkjer på lokalt her, at UKM er vanvittig topptungt på ein måte. (ler litt) Mens dei som jobbar ute nær med ungdommane har ikkje alltid så mykje resursar og tid til å drive med det. Så det er vertfall utfordringa hjå oss, med vi som har jobba med det. Det er derfor vi meiner vi bør opprette noko, ein som jobbar med det konkret og kjem tett på ungdommane. Ein eller ei. Som jobbar der ungdom er, og er tett på det."</i>
28.	<i>Intervjuar: Topptungt, kva tenkjer du på då? " Nei, fylkeskommunen. Dei har jo kjempemange som jobbar med det, nesten sånn på heiltid verkar det som. Eller det er veldig mange som er inne å jobbar. Det kjem masse mail, og vi har ikkje sjans til å følge opp. Og korleis UKM vil at sant .. Vi har søkt UKM midlar og du får sånn 10-15 tusen, og brukar kjempelang tid på å søkje på 10 og 15 tusen liksom. Altså det er jo så tullete eigentleg. I år har vi søkt, men vi har ikkje fått tid til å rapportere. Altså 15 tusen, ja okei då får vi berre la det gå. For vi har jo såpass.. Eller altså, det er mange ting som er litt sånn.. Berre systema er ganske store for å setje seg inn i. Du skal ha litt stilling for å gjer det, på ein måte."</i>
29.	<i>" Fylket og nasjonalt, dei har mykje resursar, men det er ikkje sikkert alle kommunane har like mykje resursar. For å komme tett på ungdommane. Så det er det vi prøver å legge om modellen og omdefinera noko. Eg likar jo veldig at det er sånn lov.. at det er ein av dei tinga du må ha i kommunen, for det er så få ting som er på kultur. (ler litt) Vi må sjå på korleis vi brukar resursar, så kanskje det ikkje går inn blant dei som har mest å gjer. (ler)"</i>
30.	<i>" Det er ikkje berre kulturskuleungdom som er med no i år. Konferansierane våre er frå barne- og ungdomsteateret. Så vi håpar jo vi kan få med fleire type ungdom da. Det er jo litt avhengig av den personen som får den stillinga, kva tilknyttingar den får."</i>
31.	<i>"Det vi ser at skjer, er at når vi har eit godt.. Det er noko vi må jobbe med, det forholdet mellom klassisk og pop/rock, hold eg på å sei. Det kan ofte kræsje. I forhold til bråk og støy, viss du skjønner kva eg meiner? Viss du skal ha eit klassisk stykke, eller eit roleg stykke på cello, så skal du ha rock eller... Det at publikum må jo tilpasse seg dei ulike stiluttrykka ved å vere stille. Så vi ser at når vi har hatt eit nært forhold til kulturskulen og hatt mykje på klassisk, så har vi kanskje ikkje så mange av dei i den andre sjangere. Og når vi har hatt godt samarbeid med kulturhuset for barn og unge, som har utrykk som er litt meir støyande, så då mistar vi kanskje litt dei på klassisk."</i>
32.	<i>" Også er det det om vi bommar på dato, for det er jo mange sånne arrangement for klassisk musikk. Sånn som heiter Ung Klassisk og slikt. Så er det jo med kven som er engasjert i UKM. Men det har jo klart... På klassisk er det jo veldig mykje å sei kven som oppfordrar, men det er jo mange som melder seg sjølv på også."</i>
33.	<i>" For oss har det variert frå år til år. Slik som når eg jobba med den ungdomsgruppa, så var det veldig stor grad ungdomsstyrt. For det at ting er ungdomsstyrt krev resursar, det er tidkrevjande. Så da hadde vi ei gruppa som jobba nokså aleine, eg pleidde å møte dei jamleg for sjå igjennom ting som dei skulle gjere, også jobba dei aleine. Eg trur jo i stor grad at ein kan få ting til å bli ungdomsstyrt, og eg trur det trekk meir ungdom også ikkje sant? Men det er veldig resurskrevjande."</i>
34.	<i>" Sånn som vi har jobba så er det eit hovudstyre med barn og unge, som jobbar med ein vaksen, som jobbar med litt forskjellige oppgåver rundt UKM. Også har du til</i>

	<i>dømes sånn som sal og scene som gjer alt det tekniske som er, ja. Som styrer lyd aleine, læraren står ved sida av, men som styrar lyd og lys aleine. Ja. Vi har jo juryansvarleg, at dei har forskjellige oppgåver."</i>
35.	<i>" Det er vanskelege omgrep du jobbar med, eg veit ikkje om du har tenkt over det? Eg jobba tidlegare mykje med barn og ungdoms medverknad, og eg synes kanskje heller ein ofte skal bruke opplæring."</i>
36.	<i>" Dei lærar ein ting, dei lærar teknikk, også får dei lov til å kjøre.. For at kanskje når dei blir større så kan dei få drive det aleine, på ein måte. Det er jo det som har skjedd med nokre av ungdommane hjå oss. Ein av dei som har hatt no lyd og lys for ungdommane, hen var jo UKM, organiserte UKM for 6 år sidan. No jobbar han på utecenene, eg veit ikkje om du er kjend i *by, men på til dømes *utestad."</i>
37.	<i>" Det styrer vi litt internt. Det er jo litt forskjellige frå kommune til kommune, men vår, politikarane våres satsar på barne- og ungdomsarbeid. Også er det opp til leiarane våre kor mykje dei vil bruke på UKM. Det økonomiske har ikkje vore, altså sånn.. Vi kan leige inn teknikarar og lyd og lys og alt sånt. Det går meir på resursar, slik me snakkar om tidlegare."</i>
38.	<i>" Det er jo grei oppslutning på publikum for det er mange ungar på scena. Så det er liksom fylt, eit år hadde vi saman med nabokommunen, då hadde vi 500. Så vi har grei oppslutning av publikum."</i>
39.	<i>" Vi har jo lyst at UKM skal bli meir enn berre eit arrangement. Ung kultur møtes heile året. Det er jo det som vi har jobba for i nokre år, men som vi ikkje har fått til heilt. Og at vi får eit betre musikkmiljø, også i forhold til det med samspel og det å spele saman, og kunst og kultur generelt for barn og ungdom. Mhm. At vi kan bruke det inn i ungdomshuset da, til dømes. Og at vi får eit større UKM med meir breidde."</i>
40.	<i>" Men, vi er jo heile tida også opptatt av å evaluere "kva er eigentleg UKM?"."</i>
41.	<i>" Vi får jo mykje tilbakemelding om at dei ikkje vil vere med fordi det er ein, det oppleves som ein konkurranse."</i>
42.	<i>" Det er mange som ikkje ønsker... Det er mange som ikkje ønskjer å delta. Men viss vi har ei mindre setting dei kan øve på i forkant, så kanskje det kan endre seg."</i>
43.	<i>" Men vi hadde kjempelite kunst i år. Vi hadde kanskje 10 verk, vi har jo vore oppe i 50 eller 20. Ja. Vi har jo hatt mykje skuleklassar, men det har jo ikkje UKM ønska."</i>
44.	<i>" Vi har eigentleg hatt dei fleste utrykk, har ikkje så veldig på drama. Vi har god kontakt med dramagruppa, men dei synes den ikkje det passar så veldig til, det der med tida."</i>
45.	<i>" Men vi har ikkje hatt nokre youtube'ara eller noko slikt enda. (ler)"</i>
46.	<i>" Men det som er kriterier for UKM er nærleik til ungdom og tid til å jobbe med dei. Det er ikkje alltid snakk om så mykje reine pengar utanfrå, men personale og resursar til å jobbe med det."</i>



## Vedlegg 7: intervjuguide

### Intervjuguide

#### Før opptak starta:

- Bakgrunn for intervjuet – informasjon om
- Informasjon om opptak

#### Generelt/bakgrunn:

- Kva erfaring har du med UKM og kulturskolen?
- Korleis er UKM organisert i respondenten sin kommune? (arrangement årleg, kun mønstring osv.)
- Kva storleik er det på kulturskolen i respondenten sin kommune? Eventuelt kor aktiv er kulturskolen med tanke på arrangement/konsertar o.l. i løpet av året?

#### Fokus:

- Samarbeid mellom UKM og kulturskolen (Kva inneber ein samarbeid mellom UKM og kulturskolen for respondenten? Kvifor det oppretta eit samarbeid? (Økonomi, kunstpedagogiske, politiske grunnar) Korleis synes respondenten at samarbeidet fungerer? Er det fleire organisasjonar/aktørar involvert i samarbeidet mellom UKM og kulturskolen?)
- Ungdom (Korleis kan samarbeidet påverke ungdommane som deltek? Ungdomsmedverknad i samarbeidet – ja / nei? Synes respondenten at samarbeidet fangar opp det som rører seg i den lokale ungdomskulturen?)
- Lokalsamfunn (Oppfattar respondenten at samarbeidet har påverknad på lokalsamfunnet, på kva måte? Kva tenkjer respondenten om publikumsoppslutning på mønstringa vs. kulturskolen sine andre årlege arrangement? Kva publikum besøker arrangementa?)
- Kunstuttrykk (Tener kunsten til ungdomen på samarbeid? Kor stor variasjon i kunstuttrykk synes respondenten at det er? mønstring / undervisning)

#### Avslutning:

- Oppsummering av funna
- Noko respondenten vil legge til?

## Vedlegg 8: tilbakemelding frå NSD



Sture Erling Kvarv  
Fakultet for humaniora, - idrett og utdanningsvitenskap Høgskolen i Sørøst-Norge

3045 DRAMMEN

Vår dato: 05.10.2016

Vår ref: 49786 / 3 / ASF

Deres dato:

Deres ref:

#### TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 05.09.2016. Meldingen gjelder prosjektet:

49786	<i>Kvalitativ undersøkning om lokale samarbeid mellom UKM (Ung Kultur Møtes) og kulturskolen.</i>
<i>Behandlingsansvarlig</i>	<i>Høgskolen i Sørøst-Norge, ved institusjonens øverste leder</i>
<i>Daglig ansvarlig</i>	<i>Sture Erling Kvarv</i>
<i>Student</i>	<i>Silje Søgnesand</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstillende kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 03.07.2017, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Kjersti Haugstvedt

Amalie Statland Fantoft

Kontaktperson: Amalie Statland Fantoft tlf: 55 58 36 41

*Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.*

## Personvernombudet for forskning



### Prosjektvurdering - Kommentar

---

Prosjektnr: 49786

#### INFORMASJON OG SAMTYKKE

I følge meldeskjemaet skal deltakerne i studien informeres skriftlig og muntlig om prosjektet og samtykke til deltakelse. Informasjonsskrivet er godt utformet.

#### OPPLYSNINGER OM UNGDOMMER

Dere har krysset av for at det skal behandles enkelte opplysninger om tredjeperson og at dette er ungdommer. Dere skriver imidlertid også at dere kun skal innhente informasjon på gruppenivå og ikke om enkeltpersoner. Dersom opplysningene skal regnes som faktiske opplysninger om tredjeperson, skal de registreres på individnivå. Opplysninger på gruppenivå anses ikke som opplysninger om tredjeperson. Derfor har vi endret dette punktet i meldeskjemaet. Vi ber om at dere likevel minner informantene om at de ikke skal omtale enkeltpersoner.

#### INFORMASJONSSIKKERHET

Personvernombudet legger til grunn at dere behandler alle data og personopplysninger i tråd med Høgskolen i Sørøst-Norge sine retningslinjer for innsamling og videre behandling av forskningsdata og personopplysninger.

#### PUBLISERING

Dere har opplyst at informantene vil kunne gjenkjennes i publikasjonen, og vi legger til grunn at dette er samtykket eksplisitt til. Vi anbefaler at dere lar informantene lese igjennom egne opplysninger og godkjenne disse før publisering.

#### PROSJEKTSLUTT OG ANONYMISERING

I meldeskjemaet har dere informert om at forventet prosjektslutt er 03.07.2017. Ifølge prosjektmeldingen skal dere da anonymisere innsamlede opplysninger. Anonymisering innebærer at dere bearbeider datamaterialet slik at ingen enkeltpersoner kan gjenkjennes. Det gjør dere ved å slette direkte personopplysninger, slette eller omskrive indirekte personopplysninger og slette digitale lydopptak.

## Vedlegg 9: informasjon til respondentar i forkant

# Førespurnad om deltaking i forskingsprosjekt

### Bakgrunn og formål

Prosjektet er eit mastergradsstudie ved Høgskolen i Sørøst-Noreg. Ungdom som ønskjer å utrykke seg gjennom kunst og kultur har forskjellige tilbod i sine lokalmiljø. To aktørar som ein møter uansett tilbod ein har lokalt, er kulturskolen og UKM (Ung Kultur Møtes, tidlegare Ungdommens kulturmonstring). Både UKM og kulturskolen ønskjer å samarbeide, og dette kjem fram gjennom deira eigne planar nasjonalt (kulturskolen sin rammeplan og UKM sin strategiplan / uttalelsar). Ut frå dette er formålet mitt å sjå på samarbeidet mellom UKM og Kulturskolen.

Problemstilling: Kva ringverknadar gjev lokale samarbeid mellom kulturskolen og UKM?

Du blir spurt om å delta i denne studien fordi du har kunnskap om og/eller erfaring om ditt lokalmiljø sitt samarbeid mellom UKM og kulturskolen. Deltakarane er plukka ut etter studenten si undersøking gjennom nettverk, og hjå UKM nasjonalt og Kulturskolerådet.

### Kva vil det sei å delta i studia?

Deltaking vil innehalde intervju. Data vil bli registrert gjennom notat og digitale lydopptak. Eventuell kontaktinformasjon vil vere samla inn frå informantar sentralt i UKM / kulturskolen, eller gjennom nettstader med informasjon om tilsette (som t.d. kommunale nettstader). Spørsmåla vil handle om korleis deltakaren oppfatar samarbeid mellom kulturskolen og UKM i sitt lokalmiljø. Nokre spørsmål kan vere: Kva er motivasjonen til kulturskolen/UKM for samarbeid? Fins det kunstpedagogiske forskjellar som gjer samarbeidet utfordrande? Rekruttera UKM fleire søkjarar til kulturskolen og omvendt ved samarbeid?

### Kva skjer med informasjonen om deg?

Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Student og veileder vil ha tilgang til opplysningane. Opplysningane vil bli lagra på studenten sin personlege datamaskin. Personopplysningar vil lagrast separat frå øvrige data.

Deltakaren kan indirekte bli gjenkjent i publikasjon. Verken namn eller bustad / arbeidsstad vil bli publisert, men andre generelle opplysningar kan gjere ein indirekte gjenkjennbar.

Prosjektet skal etter planen avsluttas juni / juli 2017. Då vil digitale lydopptak bli sletta, samt personopplysningar.

### Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekkje ditt samtykke utan å gje nokon grunn. Dersom du trekker deg, vil alle opplysningar om deg bli anonymisert.

Dersom du ønsker å delta eller har spørsmål til studien, ta kontakt med Silje Søgnesand på telefon 984 26 037, eller veileder Sture Kvarv på telefon 907 54 183.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.